

UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG BIOVITENSKAP





## FORORD

Denne masteroppgåva tilsvarar 30 studiepoeng, og er avslutninga mi på landskapsarkitekturstudiet ved Institutt for Landskapsplanlegging, Universitetet for Miljø- og Biovitenskap på Ås. Det har vore ein omfattande og intens arbeidsprosess, med både glede og frustrasjon, og her er endeleg det synlege resultatet.

Eg valde tema for oppgåva etter ein presentasjon av landskapsressursanalyse i kurset strategisk landskapsplanlegging, ved ILP hausten 2009. Dette er ein relativ ny metode som framleis er under utprøving og justering, og han representerar ei ny tid for analyser i landskapsbasert planlegging. Medverking frå lokale brukarar er ein sentral del av analysen.

På grunn av stor interesse for analysering og systematisk arbeid har eg valt å sjå nærare på landskapsressursanalysen. Siktemålet med oppgåva har vore å svare på korleis framveksten av medverking, og medverkingsbaserte analysemetodar, har vore innan landskapsbasert planlegging. Samstundes har det vore viktig å sjå kor landskapsressursanalysen er å finne i ljøs av tradisjonell planleggingsteori.

Eg vil rette ein stor takk til hovudrettleiar Morten Clemetsen, for god konstruktiv kritikk gjennom heile prosessen. Takkar Clemetsen, Solveig Svardal og Erling Krogh for å ha introdusert landskapsressursanalyse som spanande analysemetode. Takk til alle aktørar eg har vore i kontakt med gjennom prosessen med landskapsressursanalysen – "Telemarkskanalen som regionalpark". Takk til medstudentar for trivelege samtaler og gode faglege diskusjonar; særleg Kirsti, Hanne og Julie for godt samarbeid med studentprosjektet; "Landskapsressursanalyse av landskapet frå Dalen til Ulefoss", hausten 2009. Takk til Ingrid for fem flotte år på Ås og for gode innspel i prosessen med masteroppgåva. Takk til mamma og pappa for framifrå støtte gjennom alle år. Stor takk til Merethe for god hjelp med gjennomlesing av oppgåva, eit godt år på hybel, og for at eg har sloppe å levde på bare fiskekaker og ihelkoka suppe dei siste månadane. Ikkje minst ein stor takk til Kristian for påfyll av motivasjon, godt humør og fine landskapsopplevingar.

Birgith Jørgensdottir Reinskås, Ås, mai 2010

## SAMANDRAG

Utgangspunktet for denne masteroppgåva er å finne svar på kvifor og korleis ein legg opp til medverking i norsk landskapsplanlegging. Gjennom teori og eksempelstudie freistar eg å finne svar på problemstillinga. Oppgåva startar (kapittel 2) med skildring av kva medverking er; ulike grader av medverking, kven som kan medverke og forskjellen på aktiv og passiv deltaking. Vidare i oppgåva blir framveksten av medverking framstilt, med fokus på overgangen frå instrumentell til kommunikativ planlegging. Oppgåva presenterar overgangen til kommunikativ planlegging som ein reaksjon på og ei misnøye med, den ekspertbaserte planleggingsretninga instrumentell planlegging. Dette har vore tema for ein internasjonal diskusjon sidan slutten av 1950- talet og fram til i dag. Norsk planlegging er påverka av den internasjonale debatten og framveksten av medverking, og det har gjort seg synleg i lovverk og planleggingsmetodar.

I kapittel 3 freistar eg å framstille korleis medverking er synleg gjennom føringar i forvaltning av landskap, med fokus på plan- og bygningslova (PBL) frå 1985 og 2008, og to internasjonale konvensjonar; Rio-konvensjonen og den europeiske landskapskonvensjonen. Oppgåva ser også på korleis kravet om medverking i PBL blir truga av privatinitiert planlegging, som også er heimla i same lovverk. Når det gjeld konvensjonar som har hatt tyding for auka merksemd på medverking som tema, er det særleg den europeiske landskapskonvensjonen eg fokuserar på. Denne konvensjonen har hatt ei særskilt tyding for eksempelstudiet mitt.

Oppgåva legg vekt på framveksten av medverkingsbaserte analysemetodar (kapittel 4), gjennom eit konkret eksempel; landskapsressursanalyse. Dette eksempelstudiet synleggjer oppgåva korleis ein i praksis legg opp til medverking i landskapsplanlegging. Landskapsressursanalysen er utgangspunktet for kapittel 5, og grunnlaget for SWOT -analysen og vurderinga i kapittel 6. SWOT- analysen fokuserar på styrkar, veikskapar, moglegheiter og truslar med landskapsressursanalysen som prosess og produkt, særleg på bakgrunn av empiri frå landskapsressursanalysen – "Telemarkskanalen som regionalpark".

Mot slutten av oppgåva drøftar eg landskapsressursanalysemetoden i ljøs av teori og empiri, og nokre av tema som blir tatt opp er: 1) Høveleg plassering av metoden i modellen over planleggingstradisjonar, utarbeidd av Friedmann(1987), og på medverkingsstigen til Arnstein (1969). 2) Om landskapsressursanalysen tilfredstiller krav om aktiv medverking i den europeiske landskapskonvensjonen, og korleis utelating av aktiv medverking i ny plan- og bygningslov kan vere ein trussel for medverking. 3) Tydinga av å ha ei klar definering av kva slags medverking det er ein legg opp til; symbolsk eller reell. 4) Korleis bør metoden vere, korleis kan han gjerast betre og kva er framtidsutsiktene for metoden? Avslutningsvis blir det

konkludert med at metoden bør nyttast av fagkyndige som både har fagkunnskapen og er gode prosesskoordinatorar. Metoden er eit naudsynt bidrag til landskapsplanlegginga, og er særeigen med sitt stadkjenslearbeid, eit opplegg der folk flest blir involvert, i tråd med landskapskonvensjonens siktemål og landskapsdefinisjon.

Nykelord: Medverking, landskapsressursanalyse, planleggingsteori, landskapsplanlegging, den europeiske landskapskonvensjonen, plan- og bygningslova, Telemarkskanalen som regionalpark

## ABSTRACT

The main issues in this thesis are to find reasons why public participation became a part in landscape planning, and in which way we can see public participation in the Norwegian landscape planning today. The problem as presented will be discussed employing basic theory and a case study. This thesis describes participation as a term in planning subjects, with different degrees of participation, and it describes who could participate and the differences between active and passive participation. Subsequently, the development of participation with the focus on the change from instrumentell to communicative planning is presented.

Communicative planning is presented as a reaction and a displeasure to instrumental planning merely based on experts. This has been the subject of international debate since the end of 1950s until today. Norwegian planning is being influenced by the international debate and the development of participation, which clearly comes into view in the Norwegian legal systems and in planning methods.

This thesis also describes how participation comes into view in regulation for landscape. I focus on the Planning and Building Act from 1985 and 2008 and two international conventions; the Rio-convention and the European Landscape Convention. This thesis looks at the claim of public participation in the Planning and Building Act, and how the claim could be threatened by private initiated planning, also with legal authority in the same legal system. The European Convention is particularly covered in the thesis due to it's significance in the case study.

The development of analysis methods based on participation is emphasized in the thesis, and a particular example on landscape resource analysis is provided. The case study illustrates how public participation is set up in practical landscape planning. The landscape resource analysis method forms the basis of chapter five, and the SWOT- analysis and subsequent evaluation of chapter six. The SWOT analysis focuses on strengths, weaknesses, opportunities and threats with the landscape resource analysis as a process and a product. Empiricism from a process in Telemark with a preparation of a landscape analysis named as; "Telemarkskananlen som regionalpark".

At the end of the thesis a discussion on the landscape resource analysis method based on theory and empiricism is provided. The topics include: 1) Suitable position of the method in a model with planning traditions, prepared by Freedman (1987), and at the ladder of citizen participation, prepared by Arnstein (1969). 2) Whether the landscape resource analysis meet the demands of active participation in the landscape convention, and how the omission of the active term in the Planning and Building Act could present a threat for the public participation.

3.) The importance of having a clear definition of what kind of participation the process set up for is also discussed, and also how the method should be, what has to be modify and how is the future prospect? At the end I draw a conclusion about the need for specific skills to use the method; expert knowledge and process coordination skills. This method is an essential contribution to landscape planning, and the characteristic work with “sense of place” that involved the ordinary man and woman, such as the aim in the European Landscape Convention and its definition of landscape.

Keywords: Public participation, the landscape resource analysis, planning theory, landscape planning, the European Landscape Convention, the Planning and Building Act, Telemarkskanalen as a Regional Park.

## INNHALD

Forord .....	3
Samandrag .....	4
Abstract .....	6
Figurar .....	10
Tabellar .....	11
Vedlegg .....	11
1 Innleiing .....	12
1.1 Bakgrunn og problemstilling .....	12
1.2 Siktemål .....	13
1.3 Metode .....	13
1.4 Omgrepsavklåring og forkortingar .....	16
1.5 Lesarretteiing .....	17
2 Planleggingsteori om framvekst av medverking i planlegging .....	18
2.1 Kva er medverking? .....	18
2.1.1 Arnstein sin medverkingsstige .....	19
2.1.2 Kartlegging av aktuelle medverkingsaktørar .....	24
2.2 Framvekst av medverking i planlegging – ein reaksjon på ekspertbasert styring .....	25
2.2.1 Planleggingstradisjonar i utvikling; frå instrumentell til kommunikativ planlegging ..	26
2.2.2 Samfunnsstyring med instrumentell planlegging som dominerande retning .....	31
2.2.3 Samfunnsendring med kommunikativ planlegging som dominant retning .....	33
2.2.4 Kombinasjon av instrumentell og kommunikativ planlegging .....	36
3 Medverking som føring i forvaltning av landskap .....	37
3.1 Medverking veks fram som krav i lovverket .....	37
3.2 Medverking truga av privat initiert planlegging .....	42
3.3 Medverking i internasjonale konvensjonar, godkjent av norske styresmaktar. ....	45
3.3.1 Lokal – Agenda 21 .....	46
3.3.2 Den europeiske landskapskonvensjonen .....	46
3.4 Medverking som eit verkemiddel i planlegging .....	50
3.5 Metodar for medverking i planlegging .....	54
4 Framvekst av medverkingsbaserte analysemetodar .....	58
4.1 Menneska i dynamisk samspel med naturen .....	58
4.2 Industrialiseringa trugar landskapet og er grobotn for tankar om vern .....	59
4.3 Landskap: Frå eit vernefokus til ein arena for integrert forvaltning, planlegging og utvikling .....	60



4.4 Landskap som ressurs for reiseliv, stad- og næringsutvikling .....	61
4.5 Endringer i måten å definere landskap på som fylgje av ELC .....	63
4.6 Utvikling til medverkingsbaserte analysemetodar i stad- og landskapsplanlegging .....	64
5 Eksempelstudie av medverkingsbasert analysemetode; landskapsressursanalyse .....	68
5.1 Kva er landskapsressursanalyse? .....	68
5.2 Føreliggande landskapsressursanalyser (april 2010) .....	69
5.3 Innhald og gjennomføring av ei landskapsressursanalyse.....	71
5.3.1 Landskapsanalyse, ein del av landskapsressursanalysen .....	73
5.3.2 Stadkjenslegransking, ein del av landskapsressursanalysen.....	76
6 Analyse og vurdering av ein medverkingsbasert analysemetode; landskapsressursanalyse.....	78
6.1 Analyse og vurdering ved hjelp av SWOT- analyse? .....	78
6.2 Analyse og vurdering av landskapsressursanalysen som prosess .....	79
6.2.1 Styrkar med landskapsressursanalysen som prosess .....	81
6.2.2 Veikskarar med landskapsressursanalysen som prosess.....	83
6.2.3 Moglegheiter med landskapsressursanalysen som prosess .....	85
6.2.4 Truslar med landskapsressursanalysen som prosess.....	87
6.3 Analyse og vurdering av landskapsressursanalysen som produkt.....	89
6.3.1 Styrkar med landskapsressursanalysen produkt .....	90
6.3.2 Veikskarar med landskapsressursanalysen som produkt.....	91
6.3.3 Moglegheiter med landskapsressursanalysen som produkt.....	92
6.3.4 Truslar med landskapsressursanalysen som produkt.....	93
7 Drøfting: eksempelstudiet i ljøs av teori og empiri.....	95
7.1 Kor står dei nye medverkingsbaserte analysemetodane i forhold til teorien .....	95
7.2 Landskapsressursanalyse, god metode for implementering av den europeiske landskapskonvensjonen sitt siktemål om aktiv medverking?.....	102
7.2.1 Landskapsressursanalysen legg opp til aktiv medverking, i tråd med ELC.....	102
7.2.2 Landskapsressursanalysen tar omsyn til ELC sin definisjon av landskap.....	105
7.3 God metode for å implementere kravet om medverking i planlegging?.....	106
7.3.1 Ordlyden aktiv, ikkje lenger framheva i samband med medverking i ny pbl.....	107
7.3.2 Privat initiert planlegging ein trussel for medverking? .....	107
7.4 Korleis bør landskapsressursanalysen vere ?.....	108
7.5 Kva kan gjerast om på for å betre landskapsressursanalyse metoden ? .....	111
7.6 Framtidsutsiktene til landskapsressursanalysen som medverkingsbasert metode? .....	113
7.7 Vidare arbeid med medverkingsbaserte analysemetodar .....	114
8 Konklusjon .....	116

Referansar.....	118
-----------------	-----

## FIGURAR

<b>Figur 1</b> Opplegg for prosessen og produktet med masteroppgåva; teori og eksempelstudie. ....	14
<b>Figur 2</b> Samanhengen i masteroppgåva mellom dei ulike kapitla; teori, eksempelstudie, drøfting og konklusjon. ....	17
<b>Figur 3</b> Medverkingsstigen er henta frå Arnstein (1969)og forklarar ulik grad av medverking, frå ikkje deltaking via symbolsk til reell deltaking. Norsk omsetjing frå Medalen (2000:136). ....	20
<b>Figur 4</b> Forenkla utgåve av medverkingsstigen til Arnstein nytta i norsk planlegging henta frå Sager (1991:147).....	21
<b>Figur 5</b> Skilnad mellom ein- og tovegskommunikasjon illustrert av Adam & Veggeland (1998). ....	22
<b>Figur 6</b> Mogelege grader av medverking i landskapsanalysar, henta frå Clemetsen et al. (2010:13) .....	23
<b>Figur 7</b> Systematisering av planleggingstradisjonar etter Friedmann (1987:76). Norsk omsetjing frå Adam og Veggeland (1998:19) .....	26
<b>Figur 8</b> Tradisjonar og teoriar i samfunnsplanlegging, basert på Adam (2005:73) .....	27
<b>Figur 9</b> Planleggingstradisjonar og teoriar knytt til maktstrukturar og kompleksitet. Omarbeidd med utgangspunkt i firedelinga til Friedmann (1987:76), samt andre kjelder som har tatt for seg Friedmann si firedeling; (Adam & Veggeland 1998:38-61; Adam 2005:73-85; Farner 2003:34; Holsen 1996:13-15). I forhold til plassering av landskapsressursanalyse (jf. kapittel 5) i denne modellen, drøftar eg ulike plasseringar i kapittel 7.1.....	29
<b>Figur 10</b> Utvikling innan planleggingsteori frå 1950 til i dag, frå rasjonalistisk til kommunikativ planlegging, basert på ein figur Adam & Veggeland (1998:33) .....	30
<b>Figur 11</b> Medverking kan vere truga av private forslagstillarar, vist som stipla linje. Kontakten mellom likeverdige partar er vist som horisontal linje. Figuren er henta frå Holsen (2007:119) .....	43
<b>Figur 12</b> Hovudfunksjonane til medverking , direkte frå Sager(1991:155).....	52
<b>Figur 13</b> Telemarkforskning i Bø si framstilling av samanhengen mellom private - og fellesgodar ..	63
<b>Figur 14</b> Utvikling av tradisjonelle analysemetodar innan stad- og landskapsbasert planlegging..	66
<b>Figur 15</b> Landskapsanalyseprosessen sin framgang; frå landskapsanalyse via stadkjensle, saman utgjer dei landskapsressursanalyse (Svardal 2010). .....	72
<b>Figur 16</b> Delområda frå landskapsressursanalysen - Telemarkskanalen som regionalpark, henta frå Clemetsen og Knagenhjelm (2010:16) .....	74
<b>Figur 17</b> Døme på framstilling av delområde i landskapsressursanalyse med kartfesting, bilete og skriftleg omtale. Henta frå landskapsressursanalyse - Telemarkskanalen som regionalpark (Clemetsen & Knagenhjelm 2010)......	75
<b>Figur 18</b> SWOT - analyse med sine element; styrkar, veikskapar, moglegheiter og truslar basert på figur frå Farner (2003:130).....	78
<b>Figur 19</b> Tidleg oppfatning av landskapsressursanalysen i ljøs av planleggingsteori. ....	96
<b>Figur 20</b> Grader av medverking, frå inga innblanding frå ålmenta, til at ålmenta har full kontroll. Det optimale kan vere samarbeid mellom fagkyndige og ålmenta. Framstillinga er basert på Selman (2004:6). .....	98
<b>Figur 21</b> Plassering av landskapsressursanalysemetoden, på bakgrunn av Arnesen (2000) si kopling av modellen til Friedmann og stigen til Arnstein.....	100
<b>Figur 22</b> Alternativ plassering av landskapsressursanalysemetoden, sidan metoden inneheld element frå alle tradisjonane. ....	101

## TABELLAR

<b>Tabell 1 Medverking etter PBL av 1985 og 2008 .....</b>	<b>40</b>
<b>Tabell 2 Prinsipielle forskjellar mellom medverking og forhandling, i fylgje Holsen (2000:5) .....</b>	<b>43</b>
<b>Tabell 3 Prinsipielle forskjellar mellom ideal i PBL av 1985 og planpraksis; privat initiert planprosess, henta frå Holsen (2007:122) .....</b>	<b>45</b>
<b>Tabell 4 Medverking etter den europeiske landskapskonvensjonen . Norsk omsetjing av Gaukstad og Sønstebø (2003) og uthevingane er av Jones (2007:616). .....</b>	<b>48</b>
<b>Tabell 5 Fordelar og ulemper med medverking. ....</b>	<b>52</b>
<b>Tabell 6 Metodar for medverking i planlegging basert på Brockett &amp; Vide (1991:13-17). ....</b>	<b>55</b>
<b>Tabell 7 Landskapsressursanalysen sine styrkar, veikskapar, moglegheiter og truslar med analysen som prosess. ....</b>	<b>80</b>
<b>Tabell 8 Landskapsressursanalysen sine styrkar, veikskapar, moglegheiter og truslar med analysen som produkt. ....</b>	<b>89</b>
<b>Tabell 9 Kopling av sentrale planleggingstradisjonar og medverkingsnivå, omarbeidd figur frå Arnesen(2000:23).....</b>	<b>97</b>
<b>Tabell 10 Landskapsressursanalysen sett i samanheng aktiv og passiv deltaking, omarbeidd figur frå Clemetsen et al. (2010:13), (jf. Figur 6).....</b>	<b>103</b>

## VEDLEGG

1. Sjekkliste for registrering og beskrivelse av landskapets innhold og opplevelsesgrunnlag (landskapskarakter).
2. Intervjuguide – ”hva stedet betyr for folk”
3. Framgangsmåte for tenkt landskapsressursanalyseprosess
4. Refleksjonsnotat etter samling i Morgedal
5. Program for regionalparksamling i Morgedal 18.-19.mars 2010
6. Deltakarliste frå regionalparksamling i Morgedal 18.-19. mars 2010.

# 1 INNLEIING

## 1.1 BAKGRUNN OG PROBLEMSTILLING

---

I fylgje Selman (2006:110) har det vokse fram ei oppfatning om at folk flest skal få deltake i prosessar som har å gjere med arealplanlegging. Kjenneteikn på denne oppfatninga er at det ikkje lengre berre er fagkyndige planleggarar som er involvert i viktige planprosessar. Medverking har gradvis fått meir merksemd i landskapsplanegging, særleg etter at norske styresmakter signerte den europeiske landskapskonvensjonen i 2001. Som fylgje av konvensjonen har medverking også blitt meir synleg i den nye plan- og bygningslova av 2008; lov om planlegging og byggesaksbehandling. Framveksten av medverking har mellom anna ført til utvikling av ein ny metodikk for analysemetodar innan stad- og landskapsplanlegging. I denne oppgåva vil eg gjennom litteraturstudie, og eit eksempelstudie basert på empiri i frå landskapsressursanalysen - "Telemarkskanalen som regionalpark", freiste å svare på fylgjande spørsmål:

## Kvifor og korleis blir det lagt til rette for medverking i norsk landskapsplanlegging?

Ved hjelp av fylgjande delspørsmål vonar eg å kome fram til svar på spørsmålet ovanfor;

1. Kva er kjenneteikna på medverking i planleggingsprosessar, og kvifor har ein fått ein framvekst av medverking i planlegging?
2. Kva er aktiv medverking og korleis er dette integrert i metodar for landskapsanalyse, til bruk i landskapsplanlegging?
3. Kva slags moglegheiter og avgrensingar er det knytt til medverking i planprosessar?
4. Kor står landskapsressursanalyse, som eit eksempel på medverkingsbaserte analysemetodar, i forhold til planleggingsteorien?
5. Korleis tilfredstiller landskapsressursanalysen siktemåla om medverking og mobilisering frå den europeiske landskapskonvensjonen?
6. Kva kan ein endre på for å gjere landskapsressursanalysemetoden betre?

## 1.2 SIKTEMÅL

---

Eg vonar denne oppgåva kan vere eit bidrag i drøftinga om korleis ein bør legge til rette for medverking i norsk landskapsplanlegging. Eg vil framheve to siktemål som er utgangspunktet for oppgåva mi;


- Auke medvit om kvifor ein har fått framvekst av medverking i landskapsplanlegging og synleggjere korleis fagkyndige legg til rette for medverkingsbasert landskapsplanlegging.
- Bidrage med konkrete innspel til korleis ein bør legge til rette for medverking i landskapsressursanalysemetoden, sidan metoden er under utprøving. Samstundes ta opp generelle prinsipielle drøftingar som omfattar medverkingsbaserte metodar.

Eg ser for meg at målgruppa for denne oppgåva kan vere folk med interesse for stad- og landskapsplanlegging, landskapsanalysar og stadutvikling. Det kan vere bygdeutviklarar, kommunerepresentantar, landskapsplanleggarar, forvaltarar og studentar, så vel som yrkesaktive. Eg vonar at fagkyndige som har tankar om å utvikle ein medverkingsbasert analysemetode, og utviklarane av landskapsressursanalysen (jf. kapittel 5), kan ha nytte av oppgåva og finne den aktuell og inspirerande for deira arbeid.

## 1.3 METODE

---

I denne oppgåva har eg valt å kombinere teori- og eksempelstudie for å svare på problemstillinga; kvifor og korleis blir det lagt til rette for medverking i norsk landskapsplanlegging? I Figur 1 har eg freista å synleggjere skjematisk korleis opplegget og prosessen med oppgåva har vore. Oppgåva baserar seg på eit teoristudie og eit eksempelstudie, som fortløpande etter figuren blir forklara nærare.



**Figur 1** Opplegg for prosessen og produktet med masteroppgåva; teori og eksempelstudie.

**Teoristudie:** Hovudsakleg har teoristudiet vore basert på faglitteratur innan landskapsarkitektur, areal- og samfunnsplanlegging. Eg har gjennom heile prosessen tatt utgangspunkt i relevante referansar som eg har fått kjennskap til gjennom landskapsarkitekturstudiet. Vegen vidare frå desse har vore å sjå på deira referansar, for så å oppsøkje desse så langt det har vore mogeleg. Med utgangspunkt i andre sine referanselister har eg fått kjennskap til relevant faglitteratur. Denne måten å drive litteraturstudium er ein form for snøballutvalsmetoden som Halvorsen(2008:301)skildrar i forhold til val av informantar, der nokon få informantar blir utgangspunktet for å rekruttere andre. Eg har også nytta meg av det elektroniske fulltekst biblioteket til Universitetet for Miljø- og Biovitenskap, samt generelle søk på google.no. Søkjeorda eg har nytta generelt i litteraturstudiet er fleire, men dei mest sentrale er fylgjande; medverking, medverking i planlegging, planleggingsteori, landskapsplanlegging, den europeiske landskapskonvensjonen, plan- og bygningslov, analysemetodar, landskapsressursanalyse, landskap, landskapsbilete, landskapskarakter, landskap som ressurs og Telemarkskanalen som regionalpark.

**Eksempelstudiet:** Siktemålet med eksempelstudiet er ikkje å generalisere (Halvorsen 2008:105), men å studere landskapsressursanalysen, ein medverkjingsbasert analysemetode, for å få innsikt i korleis medverking i praksis viser seg i norsk landskapsplanlegging.

Eksempelstudiet har basert seg på ein ny metodikk for landskapsanalyse; landskapsressursanalyse. Dette er ein nyleg utarbeidd medverkjingsbasert analysemetode. Det føreligg ingen rettleiingsdokument for landskapsressursanalysen, sidan metoden framleis er under utprøving. Eg har difor basert eksempelstudiet på ulike notat, forarbeid, digitale presentasjonar (tilgjengeleg på nett) frå arbeidet med Telemarkskanalen som regionalpark, og frå kursserien "Natur- og kulturbasert nyskaping". Alt er utarbeida av metodeutviklarane i perioden 2008-2010. I tillegg til det skriftlege materialet er mykje av eksempelstudiet mitt basert på erfaringar frå eit konkret analyseprosjekt i Telemark; "Telemarkskanalen som regionalpark". Eg har her fokusert på både prosessen og produktet, sistnemte vart ferdigstilt april 2010.

Det er fleire grunnar til at nettopp analyseprosessen og produktet i Telemark vart valt som eksempel. For det fyrste føreligg det førebels berre to analyser med tittelen landskapsressursanalyse, den eine er "Telemarkskanalen som regionalpark", og for det andre vil miljøverndepartementet teste ut intensjonane i den europeiske landskapskonvensjonen. Telemarkskanalen som regionalpark er eit pilotprosjekt, både når det gjeld landskapsressursanalyse og etablering av ein regionalpark. For det tredje har eg fått høve til å delta i prosessen med landskapsressursanalyse i Telemark, gjennom eit studentarbeid hausten 2009, og som "observatør" på ei regionalparksamling i Morgedal, mars 2010. Etter samlinga i mars, skreiv eg ned nokre refleksjonar eg gjorde i samband med landskapsressursanalyse prosessen. Dette notatet samt deltakarliste og program for samlinga ligg som vedlegg bak i oppgåva (vedlegg 4, 5 og 6).

Studentarbeidet hausten 2009, var eit gruppeprosjekt og resulterte i dokumentet; *Landskapsressursanalyse av landskapet frå Dalen til Ulefoss: Telemarkskanalen, nedstøva nasjonalt klenodium eller framtidig regional ressurs?* (Aaraas et al. 2009). Dette gruppeprosjektet var også utgangspunktet for to individuelle oppgåver eg skreiv; "Er landskapsressursanalyse eit godt verkty for implementering av den europeiske landskapskonvensjonen og kravet om medverking i planlegging?" (Reinskås 2009a) og "Korleis auke medvit og engasjement om temaet landskap, blant folk flest?" (Reinskås 2009b) Alle tre studentprosjekta var ein del av det same kurset; strategisk landskapsplanlegging ved institutt for landskapsplanlegging. Denne masteroppgåva bygger på erfaringar frå alle desse prosjekta.

**Analyse:** Eg har utført ei SWOT- analyse av landskapsressursanalysemetoden basert på skriftleg materiale, erfaringar frå studentarbeidet og refleksjonar frå samlinga i Morgedal. Formålet med SWOT- analysen er å peike på styrkar, veikskapar, moglegheiter og truslar med landskapsressursanalysen som prosess og produkt, (jf. kapittel 6 for nærare skildring av metoden).

**Drøfting:** Utgangspunktet for drøftinga er funn i teorien og eksempelstudiet. Eg ser landskapsressursanalysen i ljøs av planleggingsteori og empiri.

#### 1.4 OMGREPSAVKLÅRING OG FORKORTINGAR

---

Dei fleste omgrepa eller forkortingane eg nyttar i oppgåva definerar eg i teksten, eller ved hjelp av fotnotar. Det er likevel nokre sentrale omgrep eg vil framheve, slik at du som lesar kan ha ei tilsvarande forståing for omgrepet som det eg har.

**Medverking** – tilsvarar i denne oppgåva det same som deltaking og innflytelse. Nærare forklaring av omgrepet sjå kapittel 2.1.

**Landskapsplanlegging** – eg legg den europeiske landskapskonvensjonen sin definisjon til grunn for denne oppgåva; *"Landskapsplanlegging betyr sterke framtidsrettede tiltak som tar sikte på å forbedre, istandsette og skape landskap"*

**Folk flest** tilsvarar i denne oppgåva ålmenta; innbyggjarar som ikkje naudsynt har ein særskilt tittel, men som representerar seg sjølv.

**Brukarar av landskap** – er folk som oppheld seg i landskapet som turistar eller innbyggjarar, gjennom arbeid, skule eller rekreasjon.

**Metode-** Systematisk framgangsmåte for gjennomføring av noko planlagt.

**Reiskap** – Noko fysisk og konkret som kan bli bruka som eit hjelpemiddel.

**Empiri** – Informasjon skaffa ved hjelp av innsamling av materiell eller observasjonar

**MD-** Miljøverndepartementet

**ELC** - Den europeiske landskapskonvensjonen

**PBL** - Plan- og bygningslov av 1985


**Ny PBL** - Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 2008

**St. meld** - Stortingsmelding



## 1.5 LESARRETTLEIING

Oppgåva er delt inn i 8 hovudkapittel med tilhøyrande underkapittel, i tillegg kjem referansar og vedlegg. I Figur 2 har eg framstilt korleis samanhengen mellom teorien og eksempelstudiet er i denne masteroppgåva: I kapittel 2, 3 og 4 legg eg fram funn frå litteraturstudiet som er utgangspunktet for eksempelstudiet. Det er kapittel 4; "framvekst av medverkjingsbaserte analysemetodar", som synleggjer koplinga mellom teori og eksempel best, men eg vil understreke at det også finnast tilvisningar til eksempelstudiet og empirien i dei andre kapitla. Som figuren synleggjer er det kapittel 5 og 6 som bygger spesielt på eksempelstudiet, og omhandlar den medverkjingsbaserte analysemetoden; landskapsressursanalyse. I drøftingskapitlet, (kapittel 7), ser eg landskapsressursanalysen (frå eksempelstudiet), i ljøs av teori og empiri. Avslutningsvis konkluderar eg i kapittel 8 og svarar på problemstillinga; korleis og kvifor legg ein til rette for medverking i norsk landskapsplanlegging?



Figur 2 Samanhengen i masteroppgåva mellom dei ulike kapitla; teori, eksempelstudie, drøfting og konklusjon.

## 2 PLANLEGGINGSTEORI OM FRAMVEKST AV MEDVERKING I PLANLEGGING.

---

*I denne delen vil eg gjere greie for framveksten av medverking i planlegging, og korleis dette har påverka og blitt synleg i både lovverk, analysemetodar og samtida. Ved å synleggjere framveksten av medverking i planlegging kan det gje forståing av kvifor ein får ei oppblomstring av medverkingsbaserte analysemetodar, slik som landskapsressursanalyse er eit døme på. Eit innblikk i medverking som verkemiddel, samt opplegg og framgangsmåtar for gjennomføringa, vil vere eit godt grunnlag for å vurdere medverkingsbaserte analyseverkty.*

### 2.1 KVA ER MEDVERKING?

---

Kva er egentleg medverking? I fylgje Holsen (2000:3) blir omgrepet sjeldan definert eintydig, noko som fører til uklårt innhald og forståing. Trass i dette trekkjer han fram ei vanleg forståing av medverking som aktivitet; *"ein aktivitet der befolkninga har en rett til å delta i planprosessen, utover den medvirkningen som man kan si ligger i det representative demokratiet"*. Holsen understrekar vidare at slutningane framleis blir tatt av dei folkevalde. Fiskaa (2005:160) definerar omgrepet å medverke som ein aktivitet der deltakarane tar del i, samarbeidar og bidreg. Han understrekar at aktiviteten og omgrepet på ingen måte er eit særnorsk fenomen, men er å finne i engelsk språkdrakt i ord som; contribute, co-operate, take part, participation. Public participation tilsvarar det me på norsk omtalar som offentlig deltaking, og nytta som eit anna ord for medverking. Søkjer ein på verbet å *medvirke* på ordnett. no får ein fram synonym som alle har å gjere med samhandling og deltaking; *assistere, bidrage, deltake, gjere sitt, ha ein finger med (i spelet), hjelpe, influere, spele inn, spele ei rolle* (Bae 2006; Kunnskapsforlaget 2010). Ein kan også få ei forståing for innhaldet i omgrepet ved å dele opp ordet i *med* og *verking*. Medverking legg opp til at ein skal kunne påverke utvikling, endringar og at noko skal skje, i samhandling med andre (Bae 2006). Ut i frå eit planleggingsperspektiv kan det i fylgje Sager (1991) ha å gjere med sjølve utarbeidinga av ein plan; planprosessen. Holsen (2000:4) meiner det kan vere hensiktsmessig å gje ei nærare skildring av medverking. Han trekkjer fram fem moment som kan forklare aktiviteten nærare:

**1. Kva går medverking ut på?** Medverking kan skje som ein del av planprosessen eller som ei planslutning, ved å ha innflytelse på utforming av målsetningar for planlegginga eller innhaldet i planen.

**2. Korleis kan medverking gå føre seg?** Ein kan skilje mellom ein- og tovegs kommunikasjon. Einvegskommunikasjonen er basert på informasjon frå styresmaktene til befolkninga (eller omvendt). Tovegs- kommunikasjon kan vere at innbyggjarar reagerar på eit utforma planforslag

(passiv deltaking). Det kan også vere ei deltaking der medverkarane tar meir aktiv del i planprosessen.

**3. Når kan ein medverke?** Tidleg i prosessen; ved oppstart av planarbeid eller i utforming av planforslag. Eller gjennom offentleg ettersyn og høyring når det allereie føreligg eit planforslag. Det er også medverking dersom ein nyttar retten til å klage på planvedtak.

**4. På kva for plannivå kan ein medverke?** Ein kan medverke anten på eit strategisk, langsiktig eller overordna nivå, men ein kan og vere deltakande i lokale prosessar som ein sjølv er del av.

**5. Kven kan medverke?** Det kan variere kven som får deltake. I nokre situasjonar er folk deltakande som enkeltindivid, interessegrupper eller organisasjonar. Andre gonger kan medverkinga skje frå involverte partar i samband med eit planforslag. Geografisk avgrensing kan vere eit døme på kva som kan vere med å avgjere om ein er ein aktuell medverkingsaktør. Ein annan måte er at som medlem eller del av ei gruppe kan ein ha rett til å medverke i planar og utforming av områder, fordi det påverkar ein i kvardagen. Eit konkret døme på dette er dei funksjonshemma sin rett til å kome innspel i samband med universell utforming av uteareal.


Moment nummer to i lista til Holsen (2000) ovanfor illustrerar ulik grad av deltaking, likeins som synonym frå ordnett.no syner ei gradering som dette. Også innan planleggingsteorien er gradering av deltaking og medverking tatt omsyn til. I kapittel 7 framhevar eg at verken landskapskonvensjonen, ny PBL eller den medverkingsbaserte analysemetoden tar omsyn til grader av medverking, sjølv om planleggingsteorien har ei gradering av medverking.

Når det gjeld gradering av medverking og offentleg deltaking, vil eg i kapittel 2.1.1 presentere Sherry Arnstein og arbeidet hennar i artikkelen, "*A Ladder of Citizen Participation*".

### 2.1.1 ARNSTEIN SIN MEDVERKINGSSTIGE

---

Allereie i 1969 (*A ladder of Citizen Participation*) gjorde Sherry Arnstein ei framstilling av ulike grader for deltaking i samfunnsplanlegging; frå ingen medverking, via symbolsk og påtatt, til det høgste nivået med reell medverking. For å forklare nivåskilnaden la Arnstein fram ein åttetrinnstige (jf. Figur 3). Stigen illustrerar at medverking har ulikt innhald, samt at deltakarane kan tillegast ulik grad av påverking. Dei lågaste trinna på stigen syner ingen medverking, medan dei øvste trinna er både tovegs kommunikasjon og reell medverking. Sagt på ein annan måte; til lengre opp på stigen ein kjem, til større grad av deltaking, innflytelse og makt vil ein få i offentlege prosessar.




Figur 3 Medverkingsstigen er henta frå Arnstein (1969) og forklarar ulik grad av medverking, frå ikkje deltaking via symbolsk til reell deltaking. Norsk omsetjing frå Medalen (2000:136).

Dei nedste trinna (manipulasjon og terapi) er konstruert for å erstatte ideen om ekte deltaking / medverking. Siktemålet er ikkje at befolkninga skal få ta del i planlegginga, men "deltakinga" er tilstades slik at dei som sit med makta skal få lære (manipulere) og kurere (terapi) deltakarane. Vidare har ein to trinn der deltakarane får høyre (informasjon) og blir høyrd (samråd), det må framhevast at på desse trinna er ein ikkje sikra at innspela blir tatt omsyn til av makthavarane. Saman med det femte trinnet (representasjon), er desse trinna symbolske former for medverking. Etter kvart som ein stig oppover får ein større grad av innflytelse, gjennom reelle former for medverking. Samarbeid (trinn seks) gjev deltakarane moglegheit for å forhandle og inngå eit kompromiss med dei som sit med makta. På det nest øvste trinnet, (delegering) får deltakarane tildelt makt på avgrensa områder. Øvst finn ein borgarkontroll hjå innbyggjarane (i fylgje Arnstein er innbyggjarane omtala som; have-nots). Innbyggjarane har råderett og kan ta slutningane, eller så har dei leiaransvar (Arnstein 1969).


For norsk planlegging har medverkingsstigen til Arnstein sett sine spor. Stigen blir ofte nytta for å vise dei ulike nivåa av innverking deltakarane kan ha i ein norsk planprosess. Stigen finnast som forenkla utgåver som vist på Figur 4 (Fiskaa 2005; Sager 1991). Sager (1991:147-148) skildrar dei ulike trinna i Figur 4 på fylgjande måte; trinn ein er deltaking på eit passivt nivå, der

innbyggjarar har ein ivaretatt sikkerheit gjennom heimlar i plan- og bygningslova (både 1965, 1985 og 2008) , med krav om varsling og høyring. På trinn to presenterar Sager (1991) informasjon som ein låg grad av innflytelse. Han meiner denne informasjonen kan gå både som ein- og tovegs kommunikasjon, slik som også Holsen (2000:4) meinte. Informasjon kan ein få gjennom informasjonsskriv, brosjyrar, avis, radio, folkemøte, intervju og ulike former for kartlegging. Ikkje før på trinn tre, diskusjon, finn ein sikker tovegskommunikasjon. Diskusjonen kan finne stad gjennom møter med involverte partar og konsulentar, opne folkemøte eller i form av avisinnlegg. Trinn tre gjev medinnflytelse til dømes gjennom arbeidsgrupper der involverte interesser tek del i arbeidet. Det høgste trinnet, slutningsrett, gjev deltakarane rett til å trekke slutningar.



**Figur 4 Forenkla utgåve av medverkningsstigen til Arnstein nytta i norsk planlegging henta frå Sager (1991:147).**

Både Arnstein og Sager har eit informasjonstrinn, som eit av trinna som illustrerer grader av medverking. Informasjon i planleggingsprosessar kan i fylgje Arnstein(1969:219) og Sager (1991:148) vere i form av både ein- og tovegskommunikasjon, slik som også Holsen (2000:4) nemner. Illustrasjonen nedanfor (jf. Figur 5) synleggjer korleis Adam & Veggeland(1998) meiner at planleggaren som ekspert (E) har kontakt og dialog med styresmaktene (M), medan informasjonen og dialogen mellom E og M til/ frå innbyggjarane (I) kan variere.



**Figur 5** Skilnad mellom ein- og tovegskommunikasjon illustrert av Adam & Veggeland (1998).

Clemetsen et al. (2010) refererar til ein NIBR<sup>1</sup> –rapport som omhandlar medverking i naturforvaltning, av Arnesen (2000). Refereringa som Clemetsen et al. syner til omfattar gradering av medverking frå passiv til eigenmobilisering, for å vise korleis medverking kan vere i landskapsanalysar. Figur 6 synleggjer medverking som aktivitet i landskapsanalyse, og er henta direkte frå Clemetsen et al.(2010:13). Denne framstillinga har klåre likskapar med deltakingstypane som Selman (2006) presenterar på bakgrunn av funn i litteraturen. Både Selman og Arnesen har referert til Pimbert og Pretty, men denne referansen er ikkje lengre tilgjengeleg slik som Selman har referert han. Opplistinga som både Selman og Arnesen gjer, er i tråd med kvarandre og dei omfattar både medverking frå passiv deltaking til interaktiv deltaking. Selman (2006) har eit tilleggsnivå; self- mobilisation, som på norsk kan oversettast til eigenmobilisering. I figuren til Clemetsen et al. (2010) er Selman sitt ekstra nivå med, og kan ha vore utgangspunkt for figuren (jf. Figur 6), sjølv om dette ikkje er nemnt.

<sup>1</sup> Norsk institutt for by- og regionforskning

Passiv deltakelse:	Motta informasjon om det som skal skje, eller alt har skje.
Informantrolle:	Folk deltar gjennom å svare på spørsmål/spørreskjema utarbeidet av eksterne konsulenter.
Konsultasjon:	Folk oppsøkk direkte for å kunne gi informasjon og fremme synspunkt i en sak.
Informasjonsinnsamling:	Folk deltar gjennom å skaffe til veie informasjon, bakgrunnsmateriale og annen kunnskap som er relevant for landskapsanalysen.
Funksjonell deltakelse:	Deltakelse gjennom å danne lokale arbeidsgrupper som kan bidra med kunnskap og råd inn i analysearbeid og planprosess.
Interaktiv deltakelse:	Folk deltar aktivt i hele analyseprosessen i samarbeid med oppdragsgiver og konsulent.
Egenmobilisering	Befolkningen tar seg initiativ til å definere mål og tilveie ressurser til å få gjennomført landskapsanalyser for et område, som grunnlag for videre planlegging.

**Figur 6** Mogelege grader av medverking i landskapsanalysar, henta frå Clemetsen et al. (2010:13)

Figur 6 har også likskapar med medverkingsstigen til Arnstein, (jf. Figur 3). Det er all grunn til å tru at Arnesen (2000) har tatt utgangspunkt i Sherry Arnstein for å skildre medverking i naturvernprosessar, men grunna mangelfull referering frå Arnesen, kan eg ikkje med sikkerheit hevde dette. Eg vel likevel å leggje til grunn for resten av oppgåva mi at Arnesen har tatt utgangspunkt i Sherry Arnstein og medverkingsstigen frå 1969. Det interessante er at Arnesen (2000:23) har sett fire planleggingstradisjonar presentert av Friedmann (1987), (nærare skildra i kapittel 2.2.1), opp mot medverkingsstigen til Arnstein (1969). I diskusjonskapitlet vil eg drøfte kor ein kan plassere landskapsressursanalysen som ein medverkingsbasert metode i forhold til medverkingsstigen til Arnstein, koplinga til Arnesen og framstillinga til Clemetsen et al. (2010)(jf. Figur 6).

### 2.1.2 KARTLEGGING AV AKTUELLE MEDVERKINGSAKTØRAR

---

I fylgje Selman (2006) bør ein kartlegge medverkingsaktørane og relatere dei til konkrete handlingar som legg opp til medverking. Når aktuelle medverkingsaktørar er identifisert og kartlagt, bør ein, i fylgje Selman, avgjere kva slags funksjon og medvergingsgrad dei ulike aktørane og handlingane skal tillegast. Skal deltakarane vere informantar, samarbeidspartnarar, rådførande, direkte involvert i avgjersler eller liknande. Ei kartlegging av medverkingsaktørar utdjupar Holsen (2000:4) sitt femte punkt; "kven kan medverke?" (jf. kapittel 1.2). Med utgangspunkt i korleis landskapsressursanalysen (jf. eksempelstudiet kapittel 5) avgjer kven som skal deltake, vil eg i drøftingskapitlet (jf. Kapittel 7.1) sjå metoden opp i mot Selman (2006) sine fem fasar.

Selman sine fem fasar for kartlegging og analysering av medverkingsaktørar:

**1. Spesifisering av spørsmål ein vil ha svar på.** Dei som på ein eller annan måte har konkret relasjon til spørsmålet er aktuelle som deltakarar i medverkingsprosessen.

**2. Opplisting.** I tillegg til dei med konkret relasjon bør ein også finne fram til andre mogelege deltakarar. Lista over mogelege deltakarar bør vere så fullstendig som det let seg gjere. Selman(2006) meiner ein bør ta utgangspunkt i å finne deltakarar frå både det offentlege og deltakarar som kan representere privatpersonar. Ein bør så identifisere kven av desse som er, eller som kan bli, tydeleg påverka av temaet. Lista bør også identifisere kva for deltakarar som har informasjon, kunnskap og ekspertise kring spørsmålet ein vil ha svar på.

**3. Kartlegging av deltakarar.** Når ein er ferdig med å liste opp deltakarar, som skildra i fase to, skal ein analysere denne lista ut i frå gjette kriterium og eigenskapar. Målet er å finne fram til kven som er aktuelle deltakarar. Eigenskapar som interesse, evne og relevans skal vere med på å avgjere kven som skal deltake. Denne fasen skal også synleggjere eventuelle hol i opplistinga (fase to), og kor det er trong for ekstra ressursar for å få medverkinga gjennomført på ein effektiv måte.

**4. Etterprøve utvalet og vurdere deltakarane** i forhold til tilgjengelegheit og forpliktingar. I denne fasen skal ein evaluere og sjå etter om det er yttlegare informantar og kjelder som burde bli tatt med. Det er her viktig å vere sikker på at ingen nykelinformantar er gløymde, samt vurderer dei ulike deltakarane si evne, i forhold til å vere tilgjengelege og forpliktande som deltakarar i ein medverkingsprosess.

**5. Planlegge strategiar for å mobilisere og effektivisere medverkinga.** Strategiane må vere tilpassa dei ulike aktørgruppene som skal vere medverkande i prosessen. Selman (2006) sitt



døme på ei slik tilpassing gjeld strategiar om fordeling av makt. Deltakarar som vanlegvis har lite makt eller innflytelse, men som i høgste grad har interesse i saken, bør bli via ekstra merksemd.

## 2.2 FRAMVEKST AV MEDVERKING I PLANLEGGING – EIN REAKSJON PÅ EKSPERTBASERT STYRING

---

Ein høyrer stadig snakk om medverking som verkemiddel i planlegging, men korleis har eigentleg framveksten av medverking i planlegging vore? I fylgje Fiskaa (2005), er offentleg deltaking ein reaksjon på den ekspertstyrte planlegginga fram til om lag 1970-talet, som tok lite omsyn til lokalbefolkninga. I tida etter andre verdskrig aksepterte ålmenta styring "ovanifrå og ned" og leiing frå sentralt hald (Jensen 1986:116). Så skjedde det gradvis ei forandring i samfunnet; velferdsamfunnet sitt fokus på personleg fridom kom i konflikt med den sterkt ekspertstyrte planlegginga. Folk byrja å mislike "ovanifrå og nedstyring" og yngste å vere med på å påverke situasjonen sin (Jensen 1986).

Etter å ha studert planleggingslitteratur har eg funne eit skilje som synleggjer ytterpunktta i planlegging; instrumentell rasjonell planlegging og kommunikativ planlegging (Friedmann 1987; Harvold 2001; Holsen 1996). Jensen(1986) skildrar i sin artikkel "Bifokal forhandlingsplanlegging" ein overgang i planlegging frå fordeling av ressursar og godar, gjort av ekspertar, til skaping av moglegheiter i samhandling med andre. I fylgje Harvold (2001) er instrumentell og kommunikativ planlegging to ytterpunkt i den internasjonale debatten om planlegging som har eksistert frå om lag 1950-talet og fram til i dag. Desse to hovudretningane innan planlegging bryt med kvarandre, særleg på punkt som gjeld deltaking og korleis ting skal blir styrt. I denne oppgåva er sistnemnte; kommunikativ planlegging mest interessant. For å forstå denne retninga ynskjer eg å sjå nærare på både to.

Den kommunikative planlegginga som blomstra opp på 1990- talet var orientert mot offentleg deltaking og initiativ som voks fram frå grasrota. Motsatsen er instrumentell rasjonell planlegging der vitskapsanalyse blir sterkt vektlagt framfor deltaking. Styringa her er sentralisert og makta ligg i hendene på fagfolk. Denne diskusjonen har altså vore sterk i internasjonal planlegging, men han har også påverka korleis norske planleggarar utfører sitt arbeid (Falleth 2007; Harvold 2001). I fylgje Falleth (2007) er planlegginga som skjer i Noreg eit resultat av det som skjer internasjonalt. Ho ser på norsk planlegging som eit spegelbilde av diskusjonen internasjonalt. I denne oppgåva er det ikkje rom for å gje ei djuptgåande utgreiing av debatten, til det er han for kompleks. Eg vil konsentrere meg om hovudtrekk ved både den kommunikative planlegginga og den instrumentelle planlegginga.

## 2.2.1 PLANLEGGINGSTRADISJONAR I UTVIKLING; FRÅ INSTRUMENTELL TIL KOMMUNIKATIV PLANLEGGING

Gjennom litteraturstudiet har eg sett fleire ta utgangspunkt i John Friedmann si klassifisering av planleggingstradisjonar i boka "Planning in the Public Domain" (1987), når dei skal forklare tradisjonar innan planlegging (t.d. Adam & Veggeland 1998; Adam 2005; Farner 2003; Holsen 2007). I fylgje Holsen (1996) er Friedmann si klassifiseringa godt egna når ein skal ta for seg medverkingsomgrepet. Modellen til Friedmann vil difor vere utgangspunktet når eg no skal ta for meg framveksten av medverking i planlegging.

Friedmann (1987) presenterar fire planleggingstradisjonar ut frå samfunnsmessige situasjonar og evna dei har til å binde kunnskap til handling; policy analysis, social learning, social reform og social mobilization (jf. Figur 7). Denne firedelinga er eit bilete på korleis Friedmann ser for seg at planlegging på ulike måtar kan binde kunnskap til handling, gjennom ulike tradisjonar (Holsen 1996; 2000).

Kunnskap for handling	KONSERVATIV planlegging	RADIKAL planlegging
In societal guidance SAMFUNNSSTYRING	Policy analysis POLITIKK ANALYSE	Social reform SOSIAL REFORM
In social transformation SAMFUNNSENDING	Social learning SOSIAL LÆRING	Social mobilization SOSIAL MOBILISERING

**Figur 7 Systematisering av planleggingstradisjonar etter Friedmann (1987:76). Norsk omsetjing frå Adam og Veggeland (1998:19)**

Firdelinga kan samanfattast til to ulike innfallsvinklar for å få kunnskap om handling; instrumentell (policy analysis, social reform) og kommunikativ (social learning, social mobilization). Denne todelinga viser ytterpunktene i den internasjonale planleggingsdiskusjonen, med røtter langt attende i tid (Harvold 2001); frå konservativ og instrumentell planlegging til radikal og kommunikativ planlegging (jf. Figur 8). Både retningane skapar grunnlag for ei handling, men framgangsmåten er ulik. Instrumentell planlegging blir forbunde med eit styrt samfunn der få deltakarar sit med kunnskapen, som er grunnlaget for handling. I kommunikativ planlegging er samfunnet prega av ei endring som fylgje av reaksjonar på det styrte. Eit overordna siktemål er i fylgje Fiskaa (2005) eit demokratisk samfunn med demokratiske prosessar, der kunnskapen finst hjå mange deltakarar. Instrumentell og kommunikativ planlegging er både planleggingstradisjonar som omfattar normative teoriar (jf. kapittel 2.2.2 og

2.2.3). Dei normative teoriene (synoptisk, inkrementell, forhandlings-, advokat-, transaktiv og radikal planlegging) står i samheng med tradisjonane (analyse, reform, læring og mobilisering) og verdiideologiane (konservativ og radikal) (jf. Figur 8). Eg ser det som naudsynt å sjå nærare på instrumentell og kommunikativ planlegging, for å forstå korleis framveksten av medverking har kome som eit element inn i norsk landskapsplanlegging. Fyrst vil eg ta for meg tabellen til Friedmann som synleggjer samanhengen mellom dei fire tradisjonane, makt, kompleksitet og teoriar. Vidare vil eg gje ei nærare skildring av dei enkelte tradisjonane med tilhøyrande normative teoriar i kapittel 2.2.2 og 2.2.3.

	<b>Konservativ politisk verdiideologi</b>	<b>Radikal politisk verdiideologi</b>
<b>Kunnskap knytt til handling i samfunnsstyring; INSTRUMENTELL</b>	Tradisjon: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Analysetradisjon</li> </ul> Normativ teori: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Synoptisk, analytisk og rasjonell planlegging</li> </ul>	Tradisjon: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Reformtradisjon</li> </ul> Normativ teori: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Inkrementell småstegsplanlegging</li> </ul>
<b>Kunnskap knytt til handling i samfunnsendring; KOMMUNIKATIV</b>	Tradisjon: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læringstradisjon</li> </ul> Normativ teori: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forhandlingsplanlegging</li> <li>- Advokatplanlegging</li> </ul>	Tradisjon: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Mobiliseringstradisjon</li> </ul> Normativ teori: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Transaktiv planlegging</li> <li>- Radikal planlegging</li> </ul>

Figur 8 Tradisjonar og teoriar i samfunnsplanlegging, basert på Adam (2005:73)

I samfunnsplanlegging har Friedmann (1987) skilt mellom samfunnsstyring og samfunnsendring (jf. Figur 7), når det gjeld å definere korleis ein bind kunnskap til handling. I eit styrt samfunn er objektiv vitskap siktemålet for planlegginga, samt eit ynskje om å ha oversikt over samheng mellom tiltak og konsekvens (Adam 2005). Adam og Veggeland (1998) har sett at ein med same inndeling som Friedmann har, også kan seie noko om maktstrukturen i forhold til konsentrasjon eller fordeling av makt (jf. Figur 9). Dei har også sett korleis Friedmann sine fire planleggingstradisjonar (policy analysis, social reform, social learning og social mobilization) kan bli knytt til planleggingssituasjonar ved å sjå maktstruktur og kompleksitet i samheng; analyse-, reform-, lærings- og mobiliseringssituasjon(jf. Figur 9). Utviklarane av inndelingane

meiner det er fornuftig å sjå på kva for situasjonar det er mogeleg å anvende desse teoriene. Sidan samfunnsplanlegginga omfattar mange situasjonar, har kvar av teoriene sine kvalitetar som eignar seg til spesielle situasjonar. Ein veikskap med denne inndelinga er at situasjonane dei skildrar ikkje er vanlege situasjonar, men meir reindyrka former. I fylgje Adam og Veggeland (1998) vil situasjonane ein blir ein del av opplevast som mellomformer av dei som er framstilt. I drøftinga ser eg i på kva slags situasjon og tradisjon landskapsressursanalyse metoden kan høve inn i.

Friedmann (1987), som Fiskaa (2005), forklarar at oppblomstringa av kommunikativ planlegging (med tankar om læring som prosess og mobilisering), kom som ein reaksjon på det styrte samfunnet som omfatta "ovanifrå og nedstyring". Dei to horisontale aksane i Figur 7 og Figur 9 (samfunnsstyring og samfunnsendring) synleggjer korleis maktstrukturen i samfunnet endra seg frå å vere konsentrert hjå eliten til å bli fordelt blant fleire aktørar. Det eg finn mest interessant i samband med denne oppgåva er plassering av medverking og mobilisering, som kjem tilsyne i aksan med samfunnsendringar (jf. Figur 9).


Friedmann har skilt mellom konservativ og radikal planleggingsideologi . Dei konservative teoriene (synoptisk, forhandlings- og advokatplanlegging) legg til grunn at planlegging som aktivitet skal ta vare på verdiane og normene ein finn i samfunnet. Dei ynskjer ikkje endringar, i motsetning til dei radikale teoriene (inkrementell og transaktiv) som vil forandre verdiane og normene i samfunnet (Adam & Veggeland 1998).

I Figur 9 tar eg utgangspunkt i fleire kjelder (Adam & Veggeland 1998; Adam 2005; Farner 2003; Holsen 1996) for å samanstille tradisjonane, kunnskap om handling og teoriar. Figuren synleggjer også korleis endringar i makt styrer framveksten av nye retningar innan planlegging. For å gjere figuren tydelegare vil eg gje ei forklare på korleis modellen kan lesast: Skjelettet i modellen er basert på modellen til Friedmann (jf. Figur 7), som Holsen (1996:14) har uttrykt at kan sjåast på som to aksar. Den eine aksan inneheld todelinga konservativ – radikal og den andre omfattar todelinga i samfunnsstyring – samfunnsendring. I todelinga av verdiideologiane; konservativ og radikal, og den sistnemte aksan understrekar Holsen at det er eit skilje i deltaking; den fyrste med få deltakarar og siste med mange deltakarar. Vidare i oppgåva gjeng eg nærare inn på dei ulike tradisjonane med tilhøyrande maktstruktur og kompleksitet, samt at eg gjer ei kort skildring av kjente normative planleggingsteoriar, som står i forhold til dei ulike tradisjonane og akseretningane (samfunnsstyring/ samfunnsendring). Dette gjer eg for å kunne svare på kor i teorien den medverkingsbaserte landskapsressursanalysemetoden har hatt sitt utspring frå og kor han kan plasserast.

<b>TRADISJONAR I PLANLEGGING</b>  Komplexitet Maktstruktur	<b>KONSERVATIV PLANLEGGING</b>  Liten kompleksitet og er difor ofte avgrensa til å gjelde prosjekt eller enkelt saker med klare mål.	<b>RADIKAL PLANLEGGING</b>  Stor kompleksitet og mange samanhengande saksfelt, der måla ofte kan vere uklare og/ eller konfliktfylte, typisk kontinuerleg planlegging
	<b>SAMFUNNSSTYRING</b> <i>(societal guidance)</i>  Kunnskap for handling gjennom bruk av <b>Instrumentell planlegging</b> der kunnskap om årsak-virkning fører til handling  - Maktkonsentrasjon; få deltakarar har innverknad  - Styring ovanifrå og ned	<b>ANALYSETRADISJON</b> <i>(policy analysis)</i>  Slutningsorientert Uavgrensa INSTRUMENTELL  - Teoriar: <b>Synoptisk, analytisk og rasjonell planlegging-</b>  - Jakt etter beste-løsning; - målformulering - alternativsøkingar - konsekvensanalyse - evaluering av konsekvensar - vedtak
KOMBINASJON SITAR, MIXED SCANNING		
<b>SAMFUNNSENDRING</b> <i>(societal transformation)</i>  Kunnskap for handling gjennom bruk av <b>Kommunikativ planlegging</b> der læring og mobilisering fører til handling  - Maktfordeling; mange aktorar påverkar utfallet  - Forandring nedanifrå og opp	<b>LÆRINGSTRADISJON</b> <i>(social learning)</i>  Avgrensa KOMMUNIKATIV Prosjekt- og læringsorientert  - Teoriar: <b>Advokatplanlegging og forhandlingsplanlegging</b>  - Forståing, endringsprosess, medverking, forhandling og konfliktløsning  - Læring gjennom praksis, forsøk og evaluering  - Teori og praksis veg tungt	<b>MOBILISERINGSTRADISJON</b> <i>(social mobilization)</i>  Uavgrensa KOMMUNIKATIV Prosess- og læringsorientert  - Teoriar: <b>Transaktiv planlegging og radikal planlegging</b>  - Direkte kollektive aksjonar nedanifrå  - Sjølvhjelpstrategi  - Aktiv mobilisering  - Heilskapeleg og gjennomgripande

Figur 9 Planleggingstradisjonar og teoriar knytt til maktstrukturar og kompleksitet. Omarbeidd med utgangspunkt i firedelinga til Friedmann (1987:76), samt andre kjelder som har tatt for seg Friedmann si firedeling; (Adam & Veggeland 1998:38-61; Adam 2005:73-85; Farner 2003:34; Holsen 1996:13-15). I forhold til plassering av landskapsressursanalyse (jf. kapittel 5) i denne modellen, drøftar eg ulike plasseringar i kapittel 7.1.

Som firedelinga til Friedmann og Figur 9 viser, har det skjedd ei utvikling frå instrumentell til kommunikativ planlegging. Adam & Veggeland (1998:33) har ein figur der tidfestinga av dei ulike tradisjonane er framheva. Eg har vald å føye til eit element på modellen som viser kva som er konservativ planlegging, og kva som er radikal planlegging (jf. Figur 10, raud strek). Dette er henta frå Friedmann sin modell (jf. Figur 7). Ser ein spesielt på planleggingstradisjonane i Noreg syner Fiskaa (2005) til ei tradisjonsutvikling, der rekkefylgja på planleggingstradisjonane samsvarar med Figur 10. Skilnaden er at overgangen frå instrumentell til kommunikativ planlegging for Noreg sin del i fylgje Fiskaa (2005) og Harvold (2001), ligg omlag ti år etter kva som er tilfelle i denne figuren. Uansett tid så er årsaka til kommunikativ planlegging den same. Fiskaa (2005) skildrar opphavet til 1990- åra, som ein reaksjon på føregåande år. For det fyrste var det ei misnøye med forholda kring 1960- talet, som var ein periode der reelldeltaking ikkje var tilstades i norsk planlegging. For det andre var det misnøye med at samspelet i planlegging berre var mellom planleggarar og politikarar på 1970- talet. Kort oppsummert har altså rasjonalistisk og styrt planlegging blitt supplert med kommunikativ planlegging, der årsaka til utviklinga var misnøye med maktkonsentrasjon og sentralstyring. Ut i frå dette blomstra det opp tankar om demokrati og deltaking frå folk flest.



**Figur 10** Utvikling innan planleggingsteori frå 1950 til i dag, frå rasjonalistisk til kommunikativ planlegging, basert på ein figur Adam & Veggeland (1998:33)

## 2.2.2 SAMFUNNSSTYRING MED INSTRUMENTELL PLANLEGGING SOM DOMINERANDE RETNING.

---

Instrumentell planlegging er basert på tekniske og objektive framgangsmåtar. Planleggaren er ein nøytral teknokrat som er ekspert på å analysere seg fram til årsaker for problem, stille opp alternative løysingar og vurdere tenkelege konsekvensar. På bakgrunn av ei kompleks mengd informasjon vil planleggaren kunne velje rasjonelt. Denne måten å drive planlegging på kan seiast å vere grunnlaget for den dominerande retninga innan samfunnsplanlegging (Harvold 2001; Jensen 1986). Kunnskapen ein finn i instrumentell planlegging er kjenneteikna av fire punkter; han er spesialisert, stabil, standardisert og ikkje minst mogeleg å etterprøve (Farner 2003). Adam og Adam (2000) skil mellom produkt og prosessorientert instrumentell planlegging. Produktorientert instrumentell planlegging omfattar fullstendig kunnskap, som i praksis ikkje er realistisk, medan den prosessorienterte instrumentelle planlegginga er å kjenne igjen frå praktisk planlegging (Adam & Adam 2000). Den instrumentelle framgangsmåten for å innhente kunnskap finn ein i analysetradisjon og i reformtradisjon. I reformtradisjonen er den instrumentelle karakteren litt avgrensa. Vidare vil eg skildre desse to tradisjonane, samt dei tilhøyrande normative teoriane; synoptisk og inkrementell planlegging.

**Instrumentell planlegging og analysetradisjon.** I analysetradisjonen er det nøytrale planleggarar med objektiv og vitenskapleg kunnskap, som er å føretrekke, i motsetning til politiske handlingar som i mange tilfelle kan vere prega av å vere irrasjonelle og påverka av kjensler. Trua ligg på at objektiv kunnskap skal kunne føre eksperten fram til den beste løysinga. Planleggaren er derfor fokusert på å finne fram til den beste slutning framfor å vere orientert mot prosess eller læring (Adam 2005). Den normative planleggingsteorien som skildrar analysetradisjonar og som kan høve inn i ein analysesituasjon, er den synoptisk rasjonelle planlegginga.

**Normativ teori: Synoptisk planlegging** kjem av ordet synopsis som tyder samanfattande, noko som skildrar prosessen i synoptisk planlegging godt. Tradisjonen blei utvikla i USA på 1950-talet (Næss 2007) og er ei retning som også blir omtala som altomfattande heilskapleg planlegging (Langdalen 1994). Jensen (1986:112) skildrar den heilskaplege planlegginga slik; ”*ein tilsynelatande altomfattande koordinert planlegging med faste, sammenlenkede trinn*”. Næss (2007) trekkjer fram at *alle* mogelege midlar for å nå eit mål skal gjerast synlege, på same måte skal *alle* mogelege konsekvensar av ei handling synleggjerast i synoptisk planlegging. Med oversyn over *alle* handlingsalternativ og konsekvensar er ein rusta for å velje det beste alternativet, og for å nå målet ein har sett seg. Innan planleggingsteori er Edward Banfield kjent for å ha omtala synoptisk planlegging i artikkelen ”Ends and means in planning” frå 1959. Banfield (1959) sett her rasjonell planlegging som eit førebilete på korleis ein planleggingsprosessen skal gjennomførast. Sager (1991:3) har gjort ei norsk omsetting av dei

ulike fasane i framgangsmåten til synoptisk planlegging, og desse samsvarar med fasane Banfield skildrar, med unntak av fase 5 og 6 som er eit supplement frå Sager. Synoptisk planlegging sin framgangsmåte er som følger:

Fase 1. Problemidentifikasjon

Fase 2. Målformulering og rangering

Fase 3. Alternativsøking

Fase 4. Konsekvensanalyse

Fase 5. Samanlikning og val av planalternativ

Fase 6. Handlingsprogram og gjennomføring

Denne framstillinga av synoptisk planlegging gjeng igjen som liknande variantar i litteraturen. Adam (2005:74) understrekar at i alternativsøking og analyse av konsekvensane, gjeld det å klarlegge *alle* moglege handlingsalternativ og verknadar. Dette er heilt klart særlege med teorien og har også vore mykje av grobott for kritikken han har fått. Kritikken gjeng på at det i praksis er urealistisk å få eit fullstendig oversyn over situasjonane. Elles så har det vore stilt kritikk til at det er teknokratane og ikkje politikarane som bestemmer midlane for å nå målet. Analysemetodane som må til for å klare og oppnå full oversikt over alle handlingsalternativ og konsekvensar, er så krevjande at berre planleggarane (forvaltarane av analysemetodane) kan bruke dei. Den krevjande framgangsmåten hindrar medverking frå politikarar og andre og gjer planleggarar til ekspertar. Mykje av kritikk mot tradisjonen gjeng nettopp på at planlegginga er for ekspertdominert (Næss 2007). Synoptisk planlegging er den tradisjonen som har vore utgangspunktet for fleire tradisjonar, der kritikken av den altomfattande rasjonalistiske planlegginga har vore sentral i utforminga av nye retningar (Hudson 1979; Langdalen 1994; Næss 2007).

**Instrumentell planlegging og reformtradisjon.** Reformtradisjonen er kategorien som gjeng steget vidare frå ekspertplanlegginga, til å bli eit samspel mellom planleggarar og politikarar. Planlegging etter reformtradisjon involverar ikkje ålmenta, og planlegging blir sett på som eit statleg verkemiddel. Planleggarane er dei som systematiserer og hentar inn kunnskap og informasjon som grunnlag for dei politiske slutningane (Adam 2005). I motsetning til synoptisk analysetradisjon er ikkje denne planlegginga altomfattande, men meir ein steg- for – steg- metode der ein har moglegheit til å rette kursen, om ein ser ut til å gå i feil retning (Adam & Veggeland 1998; Adam 2005; Langdalen 1994).



**Normativ teori: Inkrementell planlegging:** Ein kjent forsvarar av denne tradisjonen er Charles Lindblom (Hudson 1979). I artikkelen "The Science of Muddeling Through" frå 1959 samanliknar Lindblom den altomfattande rasjonelle planlegginga med trinnvis forbetningsplanlegging. Han er svært kritisk til den ambisiøse synoptiske framgangsmåten, som må hente inn enorme mengder med informasjon for å synleggjere alle alternativ og konsekvensar for kvar gong. I tillegg tar ikkje tradisjonen omsyn til at tid og pengar er knappe ressursar og er difor urealistisk (Hudson 1979; Lindblom 1959). Å finne "beste- alternativet" er ikkje mogeleg å gjennomføre for komplekse problemstillingar, heller ikkje i enkle saker, i fylgje Lindblom (1959). Mykje meir overkomeleg er det å ta i bruk dei midlane ein har for handa, bygge opp informasjon gjennom erfaring (Langdalen 1994) og drive ei planlegging som tar små skritt mot forandring (Lindblom 1959). Lindblom kallar teorien for "disjointed incrementalism", som på norsk blir "usamanhengande steg- for – steg planlegging". Fordelen med denne teorien er at ein raskt, og forholdsvis enkelt, kan justere retninga mot noko meir hensiktsmessig, sidan prosessane gjeng steg- for – steg (Adam & Veggeland 1998; Adam 2005; Langdalen 1994; Næss 2007).

Når det gjeld å involvere andre til å deltake i planlegginga, blir reformteorien kritisert for å sjå vekk i frå grupper som ikkje er høgrøsta og sterke (Næss 2007). Sidan planlegginga skjer gjennom småskritt, og at det er lite avvik frå utgangspunktet, er det aktørane med makt som vil kunne vere med på å påverke slutninga (Langdalen 1994). Elles påpeikar kritikken at langsiktige konsekvensar ofte ikkje blir tatt med. Det kan både vere fordi ein ikkje legg vekt på konsekvensanalyse, samt at ein misser oversynet med stegvis planlegging. Ein klarar ikkje å sjå summen av konsekvensar som dei stegvise tiltaka til saman vil utgjere. I fylgje Næss (2007) er dette kritikkverdige.

### 2.2.3 SAMFUNNSENDRING MED KOMMUNIKATIV PLANLEGGING SOM DOMINANT RETNING

---

Kommunikativ planlegging er prosessorientert, og er motsatsen til produktorientert instrumentell planlegging. I prosessen står kommunikasjon sentralt, og ei viktig inspirasjonskjelde til kommunikativ planlegging er, i tillegg til Friedmann, den tyske filosofen Jürgen Habermas og tankane om herredømmefri dialog. Det er kvaliteten på argumenta som er avgjerande, ikkje kva slags posisjon og makt avsendaren av argumentet har (Holsen 1996; Næss 2007). Habermas er også kjent for å ha kritisert den instrumentelle rasjonalistiske planlegginga, som Adam og Veggeland (1998) meiner er ein direkte parallell til Friedmann sin firedeling av planleggingstradisjonar. Både Habermas og Friedmann har idear og tankar om det som i vår tid blir omtala som medverking. I fylgje Adam og Adam (2000) er kommunikativ planlegging kjenneteikna av ulike former kommunikasjon og deltaking. Fleire aktørar er med, ikkje berre

planleggaren og politikaren slik som i instrumentell planlegging. Kommunikativ planlegging er sett saman av fire normative teoriar, som i fylgje Adam og Adam (2000) kan kategoriserast i to grupper; produktorientert kommunikativ planlegging og prosessorientert kommunikativ planlegging. I den fyrstnemnte gruppa finn ein advokatplanlegging og forhandlingsplanlegging, medan transaktiv planlegging i fylgje Adam og Adam (2000), tilhøyrrer sistnemnte. Til forskjell frå Adam og Adam (2000) ser Holsen (2000) på kommunikativ planlegging som eit eige planleggingsteoretisk bidrag, og ikkje som eit "paraplyomgrep" for andre teoriar som fokuserar på medverking i planlegging. Eg vel å fylgje Adam og Adam (2000) sin tankegang.

**Kommunikativ planlegging og læringstradisjon** Læringstradisjonen fokuserar på læring gjennom deltaking. Adam (2005) kallar denne tradisjonen for medverkingsplanlegging, fordi ei slik form for planlegging bygger på element frå læringstradisjonen til Friedmann. I motsetning til dei tidlegare nemnde tradisjonane (analyse- og reformtradisjon) fokuserer læringstradisjonen på deltaking og kommunikasjon, samt at ålmenta skal vere med i prosessane. I denne tradisjonen skil ein mellom ulike grader av medverking (jf. Arnstein sin medverkingsstige). Advokatplanlegging let folk kome med merknadar, medan forhandlingsplanlegging legg opp til at ein skal forhandle. Med andre ord er makta fordelt og handlinga baserar seg på dialog (Adam 2005).

**Normativ teori: Advokat-/ talsmannsplanlegging.** Advokatplanlegging (på norsk omtala som talsmannplanlegging) har sitt opphav i Paul Davidoff sin artikkel "Advocacy and Pluralism in Planning" frå 1965 (Næss 2007). Dei svake interessene fekk sine talsmenn gjennom planleggarar som forsvare interesser dei kunne seie seg einige i (Langdalen 1994; Næss 2007). Intensjonen til Davidoff var særleg å forsvare dei svake gruppene i samfunnet. Bakgrunnen for retninga var ei tid der sosiale motsetningar var sterkt synlege i planlegginga. I tillegg til å ynskje talsmenn for dei svake gruppene, ville Davidoff ha mangfald i planlegginga. Resultatet av planlegginga ville bli betre dersom ein hadde fleire alternativ oppe til diskusjon før avgjersla vart slutta. Diverre har denne retninga slått i motsett veg av kva siktemålet til Davidoff opphavleg var. Det er dei rike og mektige som har råd til å engasjere "advokatplanleggarar" som kan utarbeide planforslag som argumenterer for deira løysingar (Næss 2007).

**Normativ teori: Forhandlingsplanlegging:** Denne teorien legg opp til deltaking både i planlegginga og gjennomføringa (Adam 2005). I fylgje Adam og Veggeland (1998) kan ein skildre forhandling som "*frivillige prosessar der berørte partar i fellesskap prøvar å finne fram til avtaler som alle parter er enige om og vil respektere i ettertid*". Situasjonane der forhandling høver best, er i tilfelle der målet og saken er klar, og der det er naturleg å plassere teorien under den konservative verdiideologien som læringstradisjonen er ein del av. I fylgje Adam (2005) er

det også ein føresetnad for forhandlingsplanlegging at alle involverte partar deltek, og prosessen skal fokusere på læring. I ein slik læringsprosess som forhandlingsplanlegging representerar, bidreg planleggaren med fagkunnskapar innan analyse, vurdering, teori og systematisk arbeid, medan involverte deltakarar og politikarar kjem med lokal kunnskap, verdiar, prioriteringar og normer. Saman skal dei gjennom forhandlingar kome fram til ei semje om verdiar og løysingar, samstundes som dei lærer å forstå kvarandre.

**Kommunikativ planlegging og mobilisering.** Mobiliseringstradisjonen tar utgangspunkt i initiativ som kjem nedanfrå, i motsetning til den "ovanifrå og nedstyrings perspektivet" i dei tre andre tradisjonane. Ser ein på Figur 9 kan ein få inntrykk av at læringstradisjonen også tar utgangspunkt i styring "nedanfrå – og opp", men dette er ikkje tilfelle i fylgje Adam(2005:82). Det er også viktig å legge merke til at læringsplanlegging er avgrensa kommunikativ, og at det er mobiliseringstradisjonen som kan seiast å vere ein fullkomen representant for kommunikativ planlegging (Holsen 1996). Kjenneteikn på denne tradisjonen er at fordeling av makt skifter. Det er viktig å understreke at det er maktfordeling som er siktemålet, ikkje maktkonsentrasjon. Det blir lagt opp til deltaking der aktørane er med på å avgjere innhaldet i planlegginga (Holsen 1996). I fylgje Adam(2005) er det menneska sine egne kvalitetar er i fokus, samt at vilje og behov for sjølvrealisering er grunnleggande element i mobiliseringstradisjonen. Denne tradisjonen har fleire teoriar knytt opp til seg, men eg vil ta utgangspunkt i transaktiv planlegging slik som Adam og Adam(2000) og Adam(2005) gjer.

**Normativ teori: Transaktiv planlegging.** Denne planleggingstradisjonen fokuserar på aktiv og direkte kommunikasjon mellom involverte partar (Hudson 1979; Langdalen 1994). Hudson (1979) skildrar transaktiv planlegging som ei retning der dialogen og læringa som oppstår er langt viktigare enn feltregistreringar og dataanalysing. Langdalen (1994) framhevar også at planlegging skal vere ein læreprosess for alle som er involvert i prosessen. Planlegginga blir sett på som eit ledd i utviklingsarbeid, der folk skal få vere med å få påverke deira eigen situasjon. Holsen(1996) trekkjer fram noko interessant som eg ikkje har funne hjå andre: Friedmann sin teori som i dag er kjent som transaktive planlegginga, var Friedmann usikker på kor han skulle plassere i inndelinga si. Sidan planlegginga fokuserar på korleis framgangsmåte vil tene planlegginga best og auke læringsverdien, gjer det naturleg å plassere den i læringstradisjonen slik som Holsen (1996) peikar på. Holsen forklarar at det verkar som Friedmann ville ha teorien under mobiliseringstradisjonen, og på grunn av ei vidareutvikling av sjølve teorien vart han tilslutt plassert her.

## 2.2.4 KOMBINASJON AV INSTRUMENTELL OG KOMMUNIKATIV PLANLEGGING

---

Harvold (2001) trur at grunnlaget for den norske offentlege planlegginga har opphav i synoptisk planleggingstradisjon. Trass i dette understrekar han også at praktisk planlegging ikkje berre handlar om ei retning, men heller ein kombinasjon av synoptiske, mobiliserande og kommunikative framgangsmåtar. Planteoretikaren Barclay M. Hudson skreiv i artikkelen "Comparison of Current Planning Theories" frå 1979 at ved å kombinere ulike planleggingsteoriar kan ein få eit betre resultat enn om ein berre nyttar ein teori. I fylgje Hudson (1979) dannar forbokstavane frå sentrale normative teoriar i planlegging ordet SITAR; Synoptisk, Inkrementell, Transaktiv, Advokat og Radikal planlegging. Med unntak av radikal planlegging<sup>2</sup> er alle desse skildra i kapittel 2.2.2 og 2.2.3. Hudson (1979) nyttar i samband med dette det indisk strenginstrument (SITAR) som metafor på å forklare fordelene av å kombinere retningar. Fleire tradisjonar innan planlegging kan gje fleire moglegheiter, enn om ein fokuserar på berre ein tradisjon meiner han. På same måte som strenginstrumentet gjev harmoniar når ein nyttar meir enn berre ein streng, blir planleggingsresultatet betre dersom ein kombinerar fleire teoriar.

Kombinasjonen til Hudson omfattar mange teoriar, men allereie i 1967 presenterte Amitai Etzioni ein annan kombinasjonsmodell i artikkelen "Mixed – scanning: A "third" approach to decision –making". Dette er ein kombinasjon av rasjonell og synoptisk planlegging, der Etzioni nyttar element frå både tradisjonane slik at dei kan utfylle kvarandre. Kritikken som rasjonell planlegging har fått gjeng på at den er urealistisk med tanke på den altomfattande tilnærminga. Dette foreslår Etzioni at stegvise planlegging (kjent frå inkrementalistisk planlegging) kan betre, sidan detaljomfanget blir avgrensa. På tilsvarende måte skal dei rasjonalistiske kvalitetane hjelpe til slik at slutningane blir meir langsiktig enn kva som er tilfelle i inkrementell planlegging.

---

<sup>2</sup> Radikal planlegging er som transaktiv planlegging oppteken av sjølvrealisering og samarbeid. Særskilt med denne tradisjonen er at den skil mellom spontane handlingar og langsiktig arbeid for å gjere ei endring i samfunnet

### 3 MEDVERKING SOM FØRING I FORVALTNING AV LANDSKAP

---

*Eg vil synleggjere korleis planleggingsteoriane som omfattar medverking har gjort seg synlege og gjeldande i praksis, og eg vel å sjå på føringar for korleis ein skal forvalte landskapet. Eg fokuserar på korleis medverkingsomgrepet har vokse fram som krav i plan- og bygningslova, samstundes som medverking blir truga på grunn av andre heimlar i same lovverk. Eg ser på internasjonale konvensjonar; Rio- konvensjon og den europeiske landskapskonvensjonen, der sistnemte er framheva på grunn av tydinga han har hatt for metoden i eksempelstudiet mitt (jf. kapittel 5). I slutten av dette kapitlet ser eg på fordelar og ulemper med medverking som hjelpemiddel i planlegginga, samt døme på metodar som kan nyttast for å tilfredstille føringane.*

#### 3.1 MEDVERKING VEKS FRAM SOM KRAV I LOVVERKET

---

Norsk planlegging har henta inspirasjon frå internasjonal planlegging (jf. kapittel 2.2). Ideane om medverking og deltaking i planprosessar vart tatt opp i plan- og bygningslova av 1985. Holsen (1996; 2000) meiner at norsk planlegging i tida før 1985 tilhøyrer Friedmann sin "policy analysis", (jf. Figur 9). Dette meiner han fordi krava om medverking frå ålmenta, i samband med planlegging, berre gjaldt val og høyringsuttalingar. Plansystemet såg det ikkje som naudsynt å blande inn andre enn ekspertane fordi det var kontroll som var hovudfokuset (Holsen 2000). Etter kvart såg ein at planlegging etter policy analysis tradisjonen hadde manglar, og i fylgje Holsen (2000) gjekk ein i retning av sosial reform som planleggingstradisjon. Før 1985, då bygningslova av 1965 var gjeldande, var planleggingssystemet basert på få deltakande. Fokuset og framgangsmåten var orientert mot at ekspertar skulle gjennomføre planlegginga aleine. Då Miljøverndepartementet vart etablert i 1972 (som den statelege styresmakta med ansvaret for fysisk planlegging) kom etterkvart demokratisk planlegging meir inn i biletet (Fiskaa 2005). Då deltaking vart eit tema i norsk planlegging var det fyrst og fremst i form av informasjon og drøfting. Fiskaa (2005) nemner at det særleg var vegstyresmaktene som tok i bruk offentleg deltaking som verkemiddel i sin planlegging, for å unngå dei enorme konfliktane som var vanleg for vegplanleggarane. Holsen (2000) peikar på at medverking fekk større fokus då effektiviteten var tydelig større som fylgje av deltakande prosessar. Ein freista å tilføre planlegging eit verkemiddel som kunne føre til betre resultat. Medverking var ein kompensasjon for at den tradisjonelle planleggingstradisjonen (policy analysis) ikkje gav suksess.

Miljøverndepartementet stod også i bresjen for at medverking skulle bli akseptert hjå både statlege og lokale styresmaktar. Gjennom ulike prosjekt testa dei ut medverkingsbaserte opplegg der det etter kvart vart vanleg med arbeidsgrupper (Fiskaa 2005). Det formelle kravet om

drøfting, offentliggjøring av planar og informasjon kom som sagt ikkje før 1985 med då tidas nye plan- og bygningslov. Med heimel i lov vart det frå 1985 sett krav til korleis planprosessane skulle gå føre seg. Kravet gjekk ut på å varsle oppstart av planarbeid, legge forslaget ut på høyring, samt tilskrive involverte partar direkte. I tillegg hadde involverte partar moglegheit til å klage på vedtaket. I lov om planlegging og byggesaksbehandling frå 2008, som trådte i kraft frå 1. juli 2009, har medverking fått ein større plass. Samanliknar ein med lova frå 1985 har ordlyden "aktiv medverking" forsvunne frå lovtæksten. Uansett er det eit faktum at gjeldande plan- og bygningslov legg opp til ei eller anna form for medverking i fysisk planlegging.

Ein kan tydeleg sjå at norsk lovgjeving har gått frå å vere instrumentell til å bli meir kommunikativ, slik som Fiskaa (2005) forklarar overgangen på 1990- talet frå ekspertdominert instrumentell planlegging til meir kommunikativ planlegging. Årsakene til at medverking er synleg i lovverket er av omsyn til effektivitet og demokrati, og kjem fram av forarbeidet til lovverka (Holsen 2000). I ein rapport for NIBR gjeng Holsen (1996) gjennom forarbeida for planlova etter 1965, med siktemål om å synleggjere grunnlaget for at medverking har fått heimla plass i lovverket. Holsen trekkjer fram NOU 1977:1; "Ny planleggingslov" som det fyrste offentlege dokumentet som lanserar ein tankegang basert på medverking i norsk planlegging. Det er fyrst og fremst argumenta om effektivitet som introduserar planlegging med medverkingsperspektiv. Samstundes trekkjer Holsen (2000) fram at NOU 1977: 1 ser enkelt-individet sitt ynskje om å vere med på å påverke deira framtid. Ynskje som dette krev informasjon og større involvering av interesserte partar i planlegginga. Frå tida med NOU 1977, då brei medverking vart lansert i Noreg, kan argumenta for medverking i planlegging kategoriserast og oppsummerast på fylgjande måte (Holsen 1996:12);

1) Demokrati: Offentleg debatt skal sikre at ålmenta får ta del i planutforming, samt sikre naudsynt nærleik mellom ålmenta og planstyresmaktene. Medverking skal ta omsyn til spesielle grupper og ta vare på interessene deira.

2) Effektivitet: Medverking skal gjere plangjennomføringa meir effektiv, samt utnyttinga av ressursar.

NOU 1977: 1 la opp til ei aktiv opplysningsverksemd frå offentlege styresmaktar og tilgang for aktiv deltaking i planutforming av nærmiljø (Holsen 1996). Det var ikkje tale om berre einvegskommunikasjon, men meir ei form for samråding. Holsen (1996) trekkjer fram at den aktive medverkinga som NOU 1977:1 legg opp til er meint som eit supplement til den folkevalde styringa av planprosessar, ikkje som ei erstatning. At medverking er eit supplement til og ikkje ei erstatning for at slutningar tradisjonelt vert fastsett av offentlege styresmakter, meiner også Jones (2007).

I Tabell 1 har eg freista å synleggjere korleis framveksten av medverking har vore frå 1985 til 2008. Eg vel å ikkje ta med lovverket før 1985, då medverkingstankegangen for fyrste gong vart presentert i eit norsk offentleg dokument i 1977; NOU 1977: 1. Samt at lov av 1965 berre gav avgrensa moglegheit for offentleg deltaking (Holsen 1996). Det interessante som ein kan lese ut ifrå Tabell 1 er at desse lovtekstane viser framveksten av medverking. Det er tydleg at medverking har fått ein meir sentral plass i lova av 2008 enn i lov av 1985. Trass i denne framhevinga er det verd å merke seg at "aktiv medverking", som heimla i §§ 16-1 og 17-1, har utvikla seg til berre å bli heimla som "medverking" i lovteksten av 2008. I kapittel 7 vil eg drøfte kva slags tyding utelating av ordlyden aktiv kan ha å seie for medverking i praksis.

Tabell 1 Medverking etter PBL av 1985 og 2008

<p><b>Plan- og bygningslov 1985</b></p> <p>Medverking er nemnt</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ <b>§ 16- 1, 1. ledd. Samråd, offentlighet og informasjon</b>  <i>Planleggingsmyndighetene i stat, fylkeskommune og kommune skal fra et tidlig tidspunkt i planleggingsarbeidet drive en <u>aktiv opplysningsvirksomhet overfor offentligheten om planleggingsvirksomheten etter loven. Berørte enkeltpersoner og grupper skal gis anledning til å delta aktivt i planprosessen.</u></i> </li>   <li>◦ <b>§20-5. Behandling av kommuneplanen</b>  <i>I god tid før utkast til kommuneplan behandles i kommunestyret <u>skal kommunen sørge for å gjøre de mest aktuelle spørsmål i kommuneplanarbeidet kjent på en måte den finner hensiktsmessig, slik at de kan bli gjenstand for offentlig debatt.</u></i>  <i><u>Utkast til kommuneplan sendes fylkeskommunen, berørte statlige organer og organisasjoner m.v. som har særlige interesser i planarbeidet til uttalelse og legges ut til offentlig ettersyn som fastsatt i § 27-1. det kan settes en frist for å avgi uttalelse, som ikke må være kortere enn 30 dager. Saken legges deretter fram for kommunestyret til avgjørelse. Reglene om medvirkning og offentlig ettersyn i første og annet ledd gjelder ikke ved rullering av kommunes samlede handlingsprogram.</u></i> </li>   <li>◦ <b>§ 27-1, nr.1, 3. ledd Utarbeiding av reguleringsplan</b>  <i>Ved regulering og omregulering av områder med eksisterende bebyggelse skal kommunen legge forholdene til rette for <u>aktiv medvirkning</u> fra de som bor i området eller driver næringsvirksomhet der.</i> </li>   <li>◦ <b>§33-2 Generelle bestemmelser</b>  <i>For planer og tiltak som omfattes av bestemmelsene skal det tidligst mulig under forberedelsen av planen eller tiltaket utarbeides forslag til program for plan- eller utredningsarbeidet. Forslaget skal gjøre rede for formålet med planen eller søknaden, behovet for utredninger og <u>opplegg for medvirkning.</u> Forslag til program sendes på <u>høring og legges ut til offentlig ettersyn.</u></i> </li>   <li>◦ <b>§ 64a, 2.ledd Forutsetninger for bruk av utbyggingsavtaler</b>  <i>Kommunen skal <u>legge til rette for medvirkning</u> av berørte grupper og interesser.</i> </li> </ul>
--	---



<p><b>Plan- og bygningslov 2008</b></p> <p>Medverking er framheva</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ <b>I formålsparagrafen (Plan og bygningsloven 2008 § 1-1)</b> til lova er medverking framheva; "Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for berørte interesser og myndigheter..."</li> <li>◦ <b>§ 4-1. Planprogram</b> <i>Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, <u>opplegg for medvirkning</u>, spesielt i forhold til grupper som antas å bli <u>særlig</u> berørt, hvilke alternativ som blir vurdert og behov for utredninger (Plan og bygningsloven 2008).</i></li> <li>◦ <b>Kap.5 Medverking i planlegging</b> §5-1. Medverking <i>Enhver som fremmer planforslag, <u>skal legge til rette for medvirkning</u>. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private. Kommunen har et særlig ansvar for å <u>sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge</u>. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.</i></li> <li>◦ <b>§5-2. 2.ledd Høring og offentlig ettersyn</b> <i>Når loven her bestemmer at et forslag skal legges ut til offentlig ettersyn, skal minst ett eksemplar av forslaget være <u>lett tilgjengelig for alle, slik at enhver kan sette seg inn i det</u>.</i></li> <li>◦ <b>§10-1, 2.ledd, 2. setning. Kommunal planstrategi</b> <i>Kommunen bør også legge opp til <u>bred medvirkning og allmenn debatt</u> som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.</i></li> <li>◦ <b>§11-2, 2.ledd, 2.setning. Kommuneplanens samfunnsdel</b> <i>Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved <u>medvirkning fra andre offentlige organer og private</u></i></li> <li>◦ <b>§14-2, 1.ledd, 2 setning. Utarbeiding og behandling av utredningsprogram og konsekvensutredninger</b> <i>Forslaget skal gjøre rede for tiltaket, behovet for utredninger og <u>opplegg for medvirkning</u>. Melding med forslag til program skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn før programmet fastsettes. §14-2, 2.ledd Søknad eller planforslag med konsekvensutredninger skal utarbeides på grunnlag av fastsatt utredningsprogram og sendes på <u>høring</u> og legges ut til <u>offentlig ettersyn</u>.</i></li> <li>◦ <b>§17-2, 2.ledd- Forutsetning for bruk av utbyggingsavtaler</b> <i>Kommunen skal legge til rette for <u>medvirkning av berørte grupper og interesser</u>.</i></li> </ul>
---	--

### 3.2 MEDVERKING TRUGA AV PRIVAT INITIERT PLANLEGGING


---

Medverking i samband med formelle planprosessar omfattar rett til å få informasjon, og rett til å uttale seg. Involverte partar har også, som nemnt tidlegare, rett til å påklage vedtak. Trass i at medverking er lovfesta i PBL, meiner fagkyndige at andre føringar i same lov er ein trussel for offentleg deltaking. Trusselen gjeng ut på at privat initiert planlegging, med heimel i både PBL av 1985<sup>3</sup> og 2008, kan svekke demokratiske prosessar.

På 1990-talet dukka det opp ei mogleg utfordring som truga gjennomføringa av offentleg deltaking i planlegging; privat initiert planlegging (Fiskaa 2005). Med ei lovendring 11.juni 1993 nr. 85, kom det inn eit tillegg i plan og bygningslova av 1985; § 30 private forslag om regulering. Private kunne med heimel i lov initiere utarbeiding av reguleringsplanar, så lenge utarbeidinga var gjort av fagkyndige. Forslagstillaren var etter § 30 berre pålagt å kunngjere oppstart av og så *langt som mogleg* (eiga utheving) underrette grunneigarar og innehavarar av rettigheitar. Heimelen var difor ein trussel for den demokratisk prosessen og offentleg deltaking, meinte Fiskaa (2005). Holsen (2007) trekkjer fram at praksisen med privat initiert planlegging, også framhevar dei avgrensa krava som Fiskaa peikar på; kunngjering og underretting. I tillegg meiner Holsen (2007) at private forslagstillarar har andre hensikter enn kommunen når det gjeld å nytte seg av medverking. Han meiner også at mange forslagstillarar av økonomiske årsaker ikkje ynskjer å involvere ålmenta tidleg i prosessen, då medverking kan truge ei sannsynleg utfall (Holsen 2000). Eit verkemiddel som medverking er kostbart og tidkrevjande, private tar difor sjeldan i bruk medverking utover føreliggande krav. Unntaket er i situasjonar der dei ser det kan styrke sjansane for å få gjennomført planen (Holsen 2007). Figur 11, på neste side syner korleis Holsen ser for seg at medverkning frå befolkninga er litt meir tilfeldig når private forslagstillarar har ansvar for prosessen, enn når kommunen har ansvaret.

---

<sup>3</sup> Privat initiert planlegging kom inn med ei lovendring i lov av 1985.



**Figur 11 Medverking kan vere truga av private forslagstillarar, vist som stipla linje. Kontakten mellom likeverdige partar er vist som horisontal linje. Figuren er henta frå Holsen (2007:119)**

I fylgje Nyseth (2001) har privat initiert planlegging også vore grobotn for ei type planlegging; forhandlingsplanlegging. Private utbyggarar og kommunale styresmakter forhandlar fram avtaler. Sidan forhandlingane og vilkåra for avtalene blir lagt i situasjonar som offentlegheita ikkje har innsyn i, er dette også ein trussel for medverking. Jamfører ein denne tankegangen med kva som var omtala i kapittel 2.1.2.3 under kommunikativ planlegging, læringstradisjon og forhandlingsplanlegging, samt Figur 9 (jf. kapittel 2.2.1) kan trusselen stemme overeins med skildringa. Forhandlingsplanlegging høyrer til under ein tradisjon som er skildra som avgrensa kommunikativ, og Adam (2005) trekkjer fram at det er alle *involverte* partar som skal delta (mi utheving). Det er altså ikkje lagt opp til ei brei deltaking frå ålmenta.

Holsen (2000) er bestemt på at medverking og forhandlingsplanlegging er to forskjellige ting. Han meiner det er prinsipielle forskjellar i formålet til aktivitetane (jf. Tabell 2). Forhandling gjeld deltaking som erkjenner dei ulike aktørane sine maktposisjonar. Sidan det er å føretrække få personar i ein forhandlingssituasjon, kan ikkje aktiviteten foreinast med medverking meiner Holsen (2000). Dette er fordi medverking vektlegg ei planlegging der alle partane er jamstilte, og ein freistar å legge opp til brei deltaking frå ålmenta. Tabell 2 framhevar forskjellane mellom medverking og forhandling, og er utarbeidd av Holsen (2000).

**Tabell 2 Prinsipielle forskjellar mellom medverking og forhandling, i fylgje Holsen (2000:5)**

	<b>Medvirkning</b>	<b>Forhandling</b>
<b>Rasjonalitet</b>	Herredømeфри dialog	Maktutøving
<b>Hensikt</b>	Det beste alternativ	Det mogelege alternativet
<b>Deltakarar</b>	Alle interesser	Naudsynte partar i avtale.

Falleth et al. (2010) trekkjer også fram private planforslag som ein trussel mot medverking. Dei meiner at meir bruk av forhandlingsplanlegging fører til noko dei kallar for eit *demokratisk vakuum*. Det er situasjonar der forhandlingane mellom forslagstillaren og planstyresmakta har vore svært omfattande og intense. Dei framforhandla resultata vil i eit demokratisk vakuum vere avgjerande for om planforslaget blir gjennomført eller ikkje. Med andre ord er det vanskeleg å endre løysningane når prosessen blir opna opp for ålmenta. Sidan det no i hovudsak er styresmakter og marknadsaktørar som er involverte har denne måten å drive planlegging på endra den tidlege fasa i planprosessen, i fylgje Falleth et al. (2010). Det er forslagsstillaren som skal gjennomføre medverking etter formelle krav heimla i plan- og bygningslova. Det som Falleth et al. (2010) nyleg konkluderar med er at denne medverkinga skjer i eit avgrensa omfang. I mange tilfelle blir medverking berre nytta dersom forslagsstillaren ser at det kan vere føremålsteneleg for å få velvilje til å gjennomføre planforslaget frå dei folkevalde, slik som Holsen (2007) også framheva. Som fylgje av eit demokratiske vakuemet der ressurskrevjande forhandlingar er tilfelle, har det vist seg at det blir vanskelegare for politikarane å avslå planforslag eller å endre innhaldet etter forslag frå ålmenta.

Tendensen der private forslagsstillarar, som oftast også er marknadsaktørar (Falleth et al. 2010), dominerar den norske planlegginga blir omtala som governance, ei endring i måten å styre samfunnet på og eit supplement til den tradisjonelle offentlege planleggingsautoriteten (Ødegården 2004). Rolf Jensen, konsulent og professor ved NTNU<sup>4</sup>, er ein fagperson innan fysisk planlegging som har uttala seg om governance. Jensen blei i 2004 sitert i Arkitektnytt nr. 15 frå eit foredrag han heldt på årskonferansen til IFHP<sup>5</sup>; *”Planleggere i Norge pendler i dag mellom «the rational tradition of public governing» og «governance», og at Noreg har ”solide tradisjoner for governing”*. Jensen meinte at governance vil vere eit varig supplement til norsk planlegging, der forhandlingar og inngåing av avtaler er nye verkty for planleggaren. I fylgje Ødegård (2004) understrekar Jensen viktigheita av å ta vare på demokratisk kontroll og gjennomsiklige planleggingsprosessar. På bakgrunn av uttalingane frå Jensen vil eg trekkje ein parallell mellom utviklinga frå government til governance på den eine sida, til instrumentell planlegging til kommunikativ planlegging på den andre sida. Governance, slik som kommunikativ planlegging, vektlegg ”nedanfrå og opp” initiativ, samstundes som ein gjeng vekk frå den ekspertdominerte planlegginga, som er kjenneteikn på instrumentell planlegging.

Holsen (2007) har i sin artikkel *”Fysisk planlegging mellom offentlig styring og privat initiativ”* også sett fram ein tabell som syner prinsipielle forskjellar mellom ideala i plan- og bygningslova av 1985, og planpraksisen som er privat initierte planprosessar. Sjølv om PBL frå 1985 ikkje er

<sup>4</sup> Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

<sup>5</sup> IFHP står for International Federation for Housing and Planning og hadde frå 5.-8. september 2004 årskonferanse i Oslo med tema: ”Governance for Urban Change”.

gjeldande lengre, syns eg skildringa høver ut i frå idealet om medverking også etter nye PBL av 2008. Tabell 3, som er direkte henta frå Holsen (2007), klårgjer at private planforslag er ein trussel for medverking, trass i at båe krava er heimla i PBL. Er medverking i fare for å bli eit symbolskord som forslagsstillarane nyttar berre for å få politisk aksept? Og er ideen om reell offentleg medverking i fare for å ramle ned på medverkingsstigen til Arnstein (jf. Figur 3) til det symbolske nivået? Holsen (2000) meiner at når ein handsamar private forslag på førehandskonferansar, etter §93 a, bør slike arenaer berre ha ein informativ karakter. Moglegheiter til å trekke slutningar bør ikkje førekome på slike arenaer, dersom ein skal ta vare på medverkinga. Han understrekar moglegheiter for å fjerne paragrafen slik at offentleg deltaking og medverking i planlegging blir sikra. I diskusjonsdelen vil eg drøfte om den nye planlova frå 2008 forhindrar at privat initiert planlegging blir ein trussel for medverking i framtida.

**Tabell 3 Prinsipielle forskjellar mellom ideal i PBL av 1985 og planpraksis; privat initiert planprosess, henta frå Holsen (2007:122)**

	<b>PLAN - OG BYGNINGSLOVA (1985)</b>	<b>PRIVAT PLANFORSLAG</b>
<b>Perspektiv</b>	samordning og medverking	forhandling
<b>Rasjonalitet</b>	herredømmefri dialog	maktutøvelse
<b>Horisont</b>	helhetlig	prosjekt
<b>Arenaer</b>	formelle	uformelle
<b>Deltakarar</b>	alle interesser	nødvendige parter for en avtale
<b>Hensikt</b>	det beste alternativ for fellesskapet	det mulige alternativ for deltagerne

### 3.3 MEDVERKING I INTERNASJONALE KONVENSJONAR, GODKJENT AV NORSKE STYRESMAKTAR.

---

I samband med litteraturstudiet har eg fått inntrykk av at det er særleg to konvensjonar som har hatt tyding for framveksten av medverking i fysisk planlegging; Rio-konvensjonen (Aune et al. 2001; Farner 2003; Holsen 2000), og den europeiske landskapskonvensjonen (Clemetsen 2009b; Clemetsen et al. 2010; Gaukstad & Sønstebo 2003; Riksantikvaren & Direktoratet for Naturforvaltning 2005; Svardal et al. 2008b). Rio- konvensjonen resulterte i eit arbeid omtala som Lokal Agenda 21. Båe konvensjonane blir også nemnt i St. meld nr. 21 (2004-2005) som omhandlar regjeringa sin miljøvernpolitikk og miljøtilstanden til Noreg som eit rike.

### 3.3.1 LOKAL – AGENDA 21

---

I Noreg var det mange kommunar som i 1998 slutta seg til ei erklæring med oppfordring om å mobilisere innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv til å vere aktive medverkarar i prosessar for eit berekraftig samfunn (Holsen 2000; ProSus 2005; Røe 2000). Erklæringa er kjent som *Fredrikstaderklæringa*, og har å gjere med eit nasjonalt arbeid for berekraftig utvikling; Lokal Agenda for 21. århundre (frå no av omtala som LA-21). LA -21 sin tankegang om deltaking frå det sivile samfunnet, også kjent som medverking, er eit skritt i retning mot ei berekraftig utvikling (Holsen 2000). I fylgje Butters (2002), prosjektleiar for NABU<sup>6</sup>, må dei som skal *bere* utviklinga vidare kunne legitimere og forstå dei utviklingsgrepa som er tatt. På denne måten blir resultatane frå planleggingsprosessane best mogeleg på kort og lang sikt. LA-21 har sine røtter frå ein handlingsplan som blei framforhandla på Rio- konvensjon, også kjent som FN's Miljøkonferanse, 1992 i Rio. Berekraftig utvikling vart sett på dagsorden og resulterte i ein handlingsplan; Agenda 21 (Aune et al. 2001) med tilslutning frå 178 land (ProSus 2005). Handlingsplanen siktar mot ei berekraftig utvikling verda over, men for å få til måla er det naudsynt å handle lokalt. Omgrepet LA-21 vart innført på FN konferansen. Kommunar og lokalsamfunn blei trekt fram av FN til å vere hovudaktørane i arbeidet for å nå dei berekraftige siktemåla. Dei lokale tiltaka blir omtalat som Lokal Agenda for det 21. århundre (ProSus 2005).

### 3.3.2 DEN EUROPEISKE LANDSKAPSKONVENSJONEN

---

Europarådet vedtok i 2000 den europeiske landskapskonvensjonen med siktemål om å ta vare på landskapet gjennom tre aktivitetar; vern, forvaltning og planlegging. Clemetsen et al. (2010) trekkjer fram at ELC vektlegg trongen om å ta vare på det mangfaldige landskapet i Europa, som er ein ressurs for verdiskaping. Konvensjonen er unik. Det er den fyrste felles avtala mellom europeiske land som har å gjere med ivaretaking av det europeiske landskapet på tvers av landegrensene. Eit særtrekk med konvensjonen er fokuset på at *alt* er landskap; frå kvardagslandskap til det meir sjeldne og storslagne, urbant og menneskeskapt så vel som ruralt og urørt (Gaukstad & Sønstebø 2003). Noreg var det fyrste landet som vedtok og signerte konvensjonen, 23.oktober 2001 og konvensjonen trådde i kraft frå 1.mars 2004. I samband med denne konvensjonen har norske styresmakter forplikta seg til å gjennomføre ein del tiltak. Miljøverndepartementet er den ansvarleg styresmakta i Noreg (Miljøverndepartementet 2009). Det som gjer konvensjonen aktuell i denne oppgåva er den menneskelege dimensjonen som blir vektlagt. Sentrale siktemål i konvensjonen er at menneskerettigheit, demokrati og sosialt

---

<sup>6</sup> NABU- Norske Arkitekter for Berekraftig Utvikling

tilhøyre skal bli tatt vare på (Miljøverndepartementet 2009). Med bakgrunn i konvensjonen framhevar MD (2009) å fokusere spesielt på;

- Livskvalitet og helse
- **Det lokale sjølvstyret og moglegheitene for aktiv medverking.** (eiga utheving)
- Berekraftige lokalsamfunn
- Attraktive stadar, som stimulerar folks skaparevne og tiltakslust.

I fylgje konvensjonen tyder landskap "eit område slik som folk oppfattar det, viss særpreg er eit resultat av påverkinga frå og samspelet mellom naturlege og /eller menneskelege faktorar" (Gaukstad & Sønstebo 2003:26). MD forenkler dette med å seie at "landskap er slik me menneske opplev det på bakgrunn av våre erfaringar og kunnskapar." Opplevinga skjer gjennom bruk av alle sansane våre; syn, lukt, hørsel, smak og hudkontakt som igjen vil påverke oss som individ og vår identitet (Miljøverndepartementet 2009). Medverking er med andre ord sentralt i konvensjonen, og eg freistar å synleggjere dette i Tabell 4, neste side. Konvensjonen sine plikter og krav gjeld for alle partane som har underteikna. Det er dei norske styresmaktene som er plikta å tilfredstille og fylgje opp desse, og konvensjonen vil ikkje vere direkte gjeldande for enkeltindivid slik som juridiske plankrav i PBL. Konvensjonen og artiklane som blir framstilt i Tabell 4 skal vise retning for forvaltning av landskap som eit fellesgode, og i Noreg er det Miljøverndepartementet som er ansvarleg styresmakt for oppfylgning. Konvensjonen er klår på at landskap som ein fellesgode er noko som alle brukarane skal vere med på å ta vare på og utvikle vidare. MD som ansvarleg styresmakt er det organet som skal legge til rette for frivillig og aktiv brukarmedverking. Ei direkte oppfylgning av fleire krav i konvensjonen er å ta i bruk metodar som tar omsyn til nettopp desse problemstillingane. Landskapsressursanalyse er eit døme på ein slik metode, og blir presentert nærare i kapittel 5.

MD har sett i gang fleire tiltak for at Noreg skal tilfredstille og implementere konvensjonen sine siktemål. Nyleg har dei utarbeidd ei brosjyre og laga ein DVD om *kvardagslandskapet*. Dei har også vore oppdragsgjevar for Riksantikvaren (RA) og Direktoratet for Naturforvaltning (DN) i samband med utarbeiding av strategiar for arbeid med landskap (Riksantikvaren & Direktoratet for Naturforvaltning 2005). Dei har også vore oppdragsgjevar for utarbeiding av ei rettleiing i framgangsmåtar for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdiar (Clemetsen et al. 2010). Både strategiane og framgangsmåtane tar utgangspunkt i krav og definisjonar frå ELC.

Tabell 4 Medverking etter den europeiske landskapskonvensjonen . Norsk omsetjing av Gaukstad og Sønstebø (2003) og uthevingane er av Jones (2007:616).

Artikkel i ELC	Artikkel nr	Tekst frå ELC som omhandlar medverking.
Artikkel 1 Definisjon	1 a	Landskap – <u>betyr et område slik folk oppfatter det</u> , hvis særpreg er et resultat av påvirkningen fra og samspillet mellom naturlige og / eller menneskelige faktorer.
	1 c	Mål for landskapskvalitet – betyr, for et bestemt landskap, de kompetente offentlige myndigheters utforming av <u>publikums ønsker</u> når det gjelder særtrekkene i landskapet i deres omgivelser.
Artikkel 5 Generelle tiltak	5 c	Hver part forplikter seg til å etablere prosedyrer som gir mulighet for <u>medvirkning fra publikum</u> , lokale og regionale myndigheter og andre med interesse for utforming og gjennomføring av landskapspolitikk omhandlet under artikkel 5b
Artikkel 6 Særskilde tiltak C – Kartlegging, analyse og vurdering av landskap  D- Mål for landskapskvalitet	6 C 1	Hver part forplikter seg til, med <u>aktiv medvirkning frå interesserte parter</u> , som fastsatt i artikkel 5c, og med henblikk på å betre kunnskapene om sine landskap a i. å kartlegge sine egne landskap over hele sitt territorium, ii. å analysere landskapenes karakter og hvilke krefter og trusler som fører til at de endrer seg, iii. å merke seg endringene, samt  b. å foreta en vurdering av landskap som er blitt kartlagt på denne måten, der det tas hensyn til <u>den særlige verdi interesserte parter og den berørte befolkningen tillegger dem</u> .
	6D	Hver part forplikter seg til å definere mål for landskapskvalitet for de landskapene som er blitt kartlagt og vurdert, <u>etter høring</u> i samsvar med artikkel 5c



Spesielt når det gjeld implementering av konvensjonen sine siktemål om medverking og bevisstgjerjing, tok MD initiativ ovanfor fylkeskommunen og Fylkesmannen i Telemark våren 2006. MD ba Telemark teste ut korleis siktemåla i landskapskonvensjonen kunne gjennomførast på eit lokalt og regionalt nivå. MD ville særleg freiste å prøve ut korleis landskapskonvensjonen kunne vere eit utgangspunkt for regionalutvikling i Telemark, i form av ein regionalpark, avgrensa til Telemarkskanalen og kanalkommunane (Svardal et al. 2008b). I samband med denne utfordringa har det blitt utarbeidd eit forprosjekt som har vurdert korleis konvensjonen kan nyttast i samband med eit regionalparkkonsept. Rapporten er utarbeidd av Solveig Svardal (Telemarksforsking) og styringsgruppa for Telemarkskanalen som regionalpark (Svardal et al. 2008b). Rapporten tilrådte at ein skulle setje i gang med eit hovudprosjekt inndelt i tre fasar etter forprosjektet. I kvar fase skal må ein bli einige om vidare framdrift. Innhaldet i dei tre fasane var tenkt fylgjande;

**Fase 1:** Kurs i natur- og kulturbasert nyskaping. Aktørane skal få innsikt i fagleg kunnskap og hente inn erfaringar frå liknande konsept i utlandet. Samstundes skal landskapskvalitetar kartleggast og dokumenterast ved hjelp av landskapsressursanalyse, som også vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid i fase 2.

**Fase 2:** Iverksetting av lokale og regionale utviklingstiltak og prosjekt. Fokus på felles merkevarebygging, og utarbeiding av strategi for korleis ein skal marknadsføre Telemarkskanalen som merkevare. Med eit heilskapleg samarbeid mellom aktørane er det håp om å synleggjere verdiar som kan vere med på å utvikle Telemarkskanalen og omkringliggende landskap på ein heilskapleg måte.

**Fase 3:** Etablering av regionalpark som ein formell organisatorisk eining.

Telemark tok oppfordringa frå MD, og den fyrste fasa vart avslutta i april 2010. Vedtak om vidare framgang blir avgjort av oppdragsgjevarane og kommunestyra i dei seks kanalkommunane. Som eit resultat av at Noreg har ratifisert landskapskonvensjonen med ein ny måte å definere landskap på, har fagfolk sett trongen for å utvikle ei ny landskapsanalyse, med ein analysemetode som tar opp i seg den menneskelege dimensjonen i ELC, nemleg mennesket sitt forhold til landskapet (Sviland 2010a). I samband med initiativet MD tok for å implementere konvensjonen, utvikla det seg ei ny metode for analysing av landskap; landskapsressursanalyse som mellom anna blir testa ut i samband Telemarkskanalen som regionalparkprosjekt. (jf. kapittel 5 for nærare skildring av landskapsressursanalysen).

### 3.4 MEDVERKING SOM EIT VERKEMIDDEL I PLANLEGGING

---

Framveksten av medverking og deltaking frå ålmenta i fysisk planlegging er eit faktum. Medverking har, som vist i kap. 2.1.3, hatt ein formell plass i det norske lovverket sidan 1985, og i gjeldande lov om planlegging og byggesaksbehandling av 2008. I tillegg til desse formelle krava har Noreg signert internasjonale konvensjonar som legg opp til medverking; Rio- konvensjonen med Lokal Agenda 21 og den europeiske landskapskonvensjonen, (jf. kapittel 2.1.6). Siktemåla med å nytte medverking som verkemiddel i planlegging vil eg freiste å synleggjere i dette kapitlet, for å få eit innblikk i, og eit viktig grunnlag for, å kunne analysere ein konkret medverkingsbasert metode i kapittel 6. Det vil også vere eit grunnlag for å kunne seie noko om korleis vegen vidare bør bli for framtidige analysemetodar.

Siktemålet med å nytte medverking som eit verkemiddel i planlegging er, i fylgje Fiskaa (2005), å oppnå legitimitet til planen. Dette vil gjere det enklare å få gjennomført tiltak og planar utan for store innvendingar meiner Fiskaa. Han framhevar at gode medverkingsprosessar med fokus på deltaking og samarbeid kan forandre negative og upopulære prosessar til ei meir positiv retning, nettopp fordi ein ofte vil oppleve å få legitimitet for forslaga av dei som har vore delaktige. Kleven et al. (1998) syner til at planlegging har ein demokratisk og mobiliserande funksjon. Planlegging bør også vere ein arena for lokaldemokratiet, der ein kan drøfte fram mogelege løysingar og siktemål med planlegging. Ein har gjennom ein arena som dette moglegheit for å ta nytte av lokalkunnskap og andre ressursar som ålmenta sit inne med, som vil gjere planlegginga betre.

Utfordringar med medverking som verkemiddel i planlegging er fleire. Erfaringar viser at det kan vere utfordrande å mobilisere ålmenta i samband med langsiktig planlegging, på grunn av at resultatane vil bli synlege langt fram i tid (Kleven et al. 1998:61). Eit anna viktig moment som Nyseth (2001)trekkjer fram er at ordet medverking kan bli tillagt ulikt innhald; det kan vere at medverkingsaktørane får informasjon om eit tiltak eller det kan vere at dei får deltake på ein reell måte? Utfordringar kan også i fylgje Selman (2006) vere å få lokale deltakarar til å sjå for seg korleis landskapet kan kome til å sjå ut i framtida som eit resultat av dei føreslegne tiltaka. Selman trekker fram at ei mogeleg løysing på denne utfordringa kan vere å ta i bruk fotorealistiske visualiseringar av framtidige landskap. Desse visualiseringane kan vere nyttige verkemiddel for medverking i landskapsplanlegging.

I Tabell 5 har eg freista å stille opp fordelar og ulemper med medverking basert på funn i litteraturen. Det er viktig å legge merkje til at tabellen ikkje er meint å vere fullstendig, men skal gje eit innblikk i kva medverking kan medføre. Fyrst vil eg ta med eit utsegn som forklarar godt

kvifor ein innan stad- og landskapsbasert planlegging bør ta i bruk medverking, og legge opp til demokratiske prosessar. Kine Halvorsen Thorén, professor i landskapsarkitektur ved UMB uttala fylgjande om medverking til Klassekampen 25.november 2009:

*"Mangel på demokrati og medvirkning kan i neste omgang føre til at steder mister sin identitet og forankring i lokale forhold. Alt blir likt med en slags globalisert stil som forbilde."*

Sitat: Kine Halvorsen Thorén, 2009

Tabell 5 Fordelar og ulemper med medverking.

Referanse	Fordelar med medverking	Ulemper med medverking
<b>(Arnstein 1969)</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Ulik grad av medverking; frå ingen deltaking via symbolsk til reell.</li> </ul>
<b>(Sager 1991)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ To hovudfunksjonar medverking i planarbeidet har; betre planprosessar og planar, samt eit levande folkestyre (som vist i Figur 12)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Opne planprosessar krev lengre tid enn lukka prosessar</li> </ul>
<pre> graph TD     A[Medverking i planarbeidet] --&gt; B[Redusert avstand mellom plan, problemer og avvegingar]     B --&gt; C[Betre slutningsgrunnlag for dei folkevalde]     C --&gt; D[Betre planprossar og planar]     A --&gt; E[Auka samfunnskunnskap og politiske ferdigheitar]     B --&gt; F[Mindre avmakt]     E --&gt; G[Auka samfunnsengasjement og kjensle av politisk kompetanse]     F --&gt; G     G --&gt; H[Eit levande folkestyre]   </pre>		
Figur 12 Hovudfunksjonane til medverking , direkte frå Sager(1991:155)		
<b>(Brockett &amp; Vide 1991)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Medverking i form av møte kan virke mindre krevjande for nokon aktørar, enn skriftleg uttaling (s. 14)</li> <li>◦ Gruppemedverking kan skape debatt og engasjement, som vidare kan føre til lokal mobilisering (s.15)</li> <li>◦ Synleggjer forslag til tiltak (s.15)</li> <li>◦ Få til mobilisering som gjer at lokalsamfunn kan løyse egne utfordringar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Tidkrevjande å hente inn synspunkt frå interesserte (s.14)</li> <li>◦ Kan oppstå "oppheita" diskusjonar (s.14)</li> <li>◦ Medverkarane sin evne til å formulere seg kan påverke effekten av deltakinga (s14)</li> <li>◦ Nokre metodar for medverking kan vere svært</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>ved hjelp av ressursar dei sjølv sit inne med (s.15)</li> <li>◦ Motstridande aktørar kan kome fram til løysingar (s.16)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>ressurskrevjande (s.15)</li> <li>◦ Kan utvikle ein optimisme blant aktørane som kan falle vekk seinare i prosessen på grunn av manglande ressursar, interesse og kunnskap(s.15-16)</li> <li>◦</li> </ul>
<b>(Holsen 1996)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Forsvarleg saksførebuing, som fører til at planvedtaka blir forstått og akseptert av ålmenta. Dette påverkar effektiviteten på gjennomføringa (s.8)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Tidkrevjande (s.8)</li> <li>◦ Ekstra bryderi(s.8)</li> <li>◦ Ekstra kostnadar(s.8)</li> </ul>
<b>(Kleven et al. 1998)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Avdekke konflikhtar (s.60)</li> <li>◦ Læringsprosess (s.60)</li> <li>◦ Gjere folk medvitne om verdiar og interesser, samt samanhengen mellom årsak og verknad (s.60)</li> <li>◦ Legitimerar prosessane (s. 61 )</li> <li>◦ Kan bli einige om situasjon, mål og verkemiddel for å nå målet (s.60)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Stor grad av medverking kan skape konflikhtar og langvarige prosessar (s.26)</li> </ul>
<b>(Nyseth 2001)</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Ikkje garantert å få gjennomslag for synspunkt, noko som kan gå utover legitimiteten til resultatet (s. 98).</li> <li>◦ Faglege termar og prosedyrekunnskap kan bli ei barriere for lokalbefolkninga (s.99)</li> </ul>
<b>(Fiskaa 2005)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Demokratisk rett</li> <li>◦ Legitimerar prosessane</li> <li>◦ Bete oversyn og slutning – når ein tar i bruk lokalkunnskap</li> <li>◦ Synleggjer ulike synspunkt – forståing og respekt kan fylgje med som eit resultat</li> </ul>	
<b>(Jones 2007)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Styrkar demokratiet</li> <li>◦ Legitimerar prosessane</li> <li>◦ Informasjons utveksling</li> <li>◦ Unngå konflikhtar ved å synleggjere ulike synspunkt og dermed skape forståing for andre aktørar</li> <li>◦ Bruk av lokal kunnskap gjev betre slutningar</li> <li>◦ Sosial rett</li> </ul>	

### 3.5 METODAR FOR MEDVERKING I PLANLEGGING

---

Ein planleggingsprosess eller analysesituasjon basert på medverking kan organiserast på ulike måtar. Til tidlegare ein legg til rette for medverking i prosessen, til betre er det. Det er naudsynt å tilpasse metodar for medverking etter oppgåve, situasjon og prosess (Brockett & Vide 1991). Eit fellesstrekk for medverkingsmetodane er at planleggaren blir tillagt nye roller enn han tradisjonelt har. I fylgje Brockett & Vide (1991) er ekspert og sakshandsamarollene supplert med roller som inneber å vere talsmann (jf. advokatplanlegging, kapittel 2.2.3) og å vere ein katalysator (setje i gang medverkingsprosessen).

*”Planleggeren blir en slags prosesskonsulent som regisserer planprosessen, i tillegg til å bidra med fagkunnskap”.* *(Brockett & Vide 1991)*

I Tabell 6, neste side, vil eg trekkje fram fem medverkingsmetodar og gje ei skildring direkte henta frå Brockett & Vide (1991:13-17). I drøftinga (kapittel 7.4) vil eg kommentere nokre av desse metodane som aktuelle supplement til landskapsressursanalysen.

Tabell 6 Metodar for medverking i planlegging basert på Brockett &amp; Vide (1991:13-17).

Metode	Egna bruk	Fordelar og ulemper	Ressursbruk
<p><b>Høyring</b></p> <p>Som medverkingsmetode er høyring det same som møter, men elles er omgrepet også nytta både om skriftlege og munnlege meningsytringar, eller om informasjonsinnhenting.</p> <p>Ikkje debattering, berre informasjonsinnhenting.</p>	<p>Effektivisering i forhold til skriftleg informasjonsinnhenting.</p> <p>Alle partar i saken må bli invitert, og uttalingane må bli nøyaktig referert i eit skriftleg dokument.</p> <p><u>Ulike typar høyring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Oppstartshøyring</i> (ved avgrensing og definerings av oppgåve),</li> <li>- <i>Samrådingshøyring</i> (ved utarbeiding av planalternativ),</li> <li>- <i>Vedtakhøyring</i> (før vedtak for å sikre rett grunnlag)</li> </ul>	<p><u>Fordel</u></p> <p>Krev mindre førebuing av uttalepartane, enn skriftleg høyring.</p> <p>Førebyggjer konflikatar</p> <p>Effektiviserar sakshandsaminga</p> <p><u>Ulempe</u></p> <p>Høyring (møtet) krev streng møteleiing og deltaking.</p> <p>Språk og formidlingsevne til medverkingsaktørane kan lett påverke innlegga.</p>	<p>Oppstartsmøte krev førebuing</p> <p>Det vil kunne ta 1-2 dagar å førebu sjølve høyringsmøtet.</p>
<p><b>Arbeidsbok metoden</b></p> <p>Form for spørjeskjema, der kommunen også kan få informere om aktuelle tema</p> <p>Framskaffe informasjon om lokale forhold og kva brukarane meiner er viktig, bra eller mindre bra.</p> <p>Ei bok (i starten) der problem, utfordringar og mogelege tiltak vurderast, og ei bok som prioriterar tiltaka (før handsaming).</p>	<p>Nyttast både til oversiktsplanlegging og detaljplanlegging.</p> <p>Omfattande planområde bør delast inn i fleire arbeidsbøkar slik at boka er best mogeleg tilpassa brukaren.</p> <p>Arbeidsboka kan innehalde: kart, flyfoto, skisser og bilete.</p> <p>Arbeidsboka kan fyllast ut av enkeltindivid eller grupper.</p>	<p><u>Fordel</u></p> <p>Arbeidsboka kan gjere folk medvitne om nye tema som dei bør/må ta stilling til, samstundes som ein får henta inn mykje informasjon. Boka kan vere grunnlag for debatt som kan engasjere og mobilisere.</p> <p><u>Ulempe</u></p> <p>Ressurskrevjande å samanfatte datamaterialet, særleg i kompliserte og omfattande prosessar.</p>	<p>Omfanget må tilpassast situasjon, prosess og forhold.</p> <p>Arbeidsbok på 25-30 sider kan fort ta 1-2 veker å utarbeide.</p> <p>Samanfatning av resultat er også tidkrevjande.</p>

<p><b>Søkekonferansar</b></p> <p>Siktemålet er å finne og mobilisere lokale ressursar avgrensa til geografisk område eller etter tema.</p> <p>Arbeidsgrupper sett saman på bakgrunn av interesser drøftar dagens situasjon; kva som er bra og mindre bra, kva må gjerast og kva slags ressursar føreligg. Arbeidsgruppene diskuterar handlingsalternativ, tiltak og områder som krev særskilt innsats. Diskusjon i fellesskap med utgangspunkt i kva gruppene har kome fram til.</p>	<p>Situasjonar der koplinga mellom offentlege og frivillige ressursar er naudsynt for at ein skal nå måla.</p> <p>Kan nyttast i samband med kommunedelplanlegging, særleg i oppstarten av prosessen.</p> <p>Viktig at nokon fylgjer opp det som søkekonferansen har kome fram til.</p>	<p><u>Fordel</u></p> <p>Strukturert informasjonsinnhenting</p> <p>Fremjar forslag til tiltak</p> <p>Kan vere nok til å mobilisere lokale ressursar til mellom anna dugnad.</p> <p><u>Ulemper</u></p> <p>Naudsynt med grundig forarbeid med tanke på val av tema og ressurspersonar.</p> <p>Lystig stemning på konferansen kan vere misvisande i forhold arbeidet vidare i prosessen.</p> <p>Omfattande førebuing</p>	<p>Søkekonferansen bør vare over to dagar for at utbytte og utvikling av idear skal bli best mogeleg.</p> <p>Minst 1-2 veker førebuing, samt tid til å fylgje opp.</p>
<p><b>Arbeids-/samråingsgruppe</b></p> <p>Representantar for lag og organisasjonar møtest gjennom fleire møter for å drøfte planforslag med styresmaktene/ utval. Brukargrupper kan også fremje eigne forslag eller kome med uttalingar.</p>	<p>Eit supplement til formell sakshandsaming med varsling og ettersyn, for å sikre medverking i prosessane.</p> <p>I omfattande og kompliserte plansituasjonar kan det vere hensiktsmessig med arbeidsgrupper som representantar.</p> <p>Fungerar både i oversikt- og detaljplanlegging. Samansetning av gruppe må vurderast i etter oppgåve og nivå.</p>	<p><u>Fordelar</u></p> <p>Grundig handsaming og løysing av problem, med moglegheiter for å tenke nytt. Ved å konfrontere motstridande interesser kan ein finne fram til løysingar.</p> <p><u>Ulemper</u></p> <p>Tidkrevjande å opparbeide tillit, samt gjennomføre arbeidet på kveldstid. Mange møte og usynlege resultat kan føre til at motivasjonen fell blant enkelte grupper. For mange representantar på gruppa er heller ingen fordel.</p>	<p>Kommunen kan vere ansvarleg for igangsetting og framdrift av gruppene. Det er viktig å avklare kven som er gruppa sine kontaktpersonar og sekretær. Denne arbeidsforma vil krevje mykje tid frå både brukarar og styresmaktar.</p> <p>Førebuing, møtedeltaking og referat vil for kvart møte kunne krevje 10-15 timars innsats frå styresmaktene si side.</p>



<p><b>Samfunnsarbeid</b></p> <p>Midlertidig bistand til utsette og "sjeldne" grupper eller lokalsamfunn. Ved å etablere nettverk og arbeidsformer som sikrar gjennomføring av det gruppene meiner er naudsynt.</p>	<p>Til nytte der menneskelege ressursar er nedsett og blir ein trussel for gjennomføring av medverking.</p> <p>Aktuelt for å trekkje inn "sjeldne aktørar" i prosessane, særleg dei som ikkje klarar å medverke utan tilrettelegging.</p>	<p><u>Fordel</u></p> <p>Moglegheiter for å engasjere og mobilisere mange i samfunnsutvikling.</p> <p><u>Ulemper</u></p> <p>Interessekonfliktar mellom kommunen og dei aktuelle gruppene kan førekome sidan samfunnsarbeidet skal skje på premissane til lokalsamfunnet.</p>	<p>Ut frå eit kortsiktig perspektiv er samfunnsarbeid ein ressurskrevjande metode, men kan vere økonomisk på langsikt dersom ein oppnår medverking og utvikling.</p> <p>Utførast ofte av sosialarbeidarar.</p>
--	---	---	--

## 4 FRAMVEKST AV MEDVERKINGSBASERTE ANALYSEMETODAR

---

*Endringar i måten å tilnærme seg og nytte landskap på, (frå dynamisk til statisk, og no attende til dynamisk) er saman med ratifisering av den europeiske landskapskonvensjonen og krava til medverking i planlegging, moment som har skapt trong for nye metodar innan stad- og landskapsplanlegging. Medverking i planlegging er ikkje eit nytt metodisk verkemiddel, men har ei forankring i planleggingstradisjonen. Det er graden av aktiv medverking som har endra seg med tida. I fylgjande kapittel vil eg trekkje fram desse elementa som grunnlag for medverkningsbaserte analysemetodar. Dette vil vere eit bakgrunnstepp for eksempelstudiet i kapittel 5; landskapsressursanalyse som er eit resultat av samtida.*

### 4.1 MENNESKA I DYNAMISK SAMSPEL MED NATUREN

---

Menneska har gjennom historia levd i eit dynamisk samspel med naturen og har tatt i bruk ressursane som er å finne i landskapet. Dei eldste spora etter menneske i Noreg gjeng attende til slutten av siste istid, (om lag 10 000- 11 000 år sidan), då veidefolket nytta seg av naturen sine ressursar. Dei dreiv med jakt, fangst, fiske og hausting (Jones 1999). Veidefolket hausta av overskotet som var å finne i naturen, og livnærde seg godt på jakt, fangst og fiske i 7000 år. Det kom då ei tid der jordbruket fekk ei framvekst i Noreg. Jones (1999) trekker fram at årsaka til framveksten av jordbruket i Noreg har vore omdiskutert; den eine årsaka er presset på areal og auka befolkning, som førte til at ein måtte finne andre måtar å skaffe seg næring på. Den andre årsaka er at ein såg moglegheitene for meir effektiv utnytting av areala med å drive jordbruk.

Heilt sidan 3800 f. Kr har jordbruket og menneska påverka landskapet med sine reiskap. Dei tidlegaste formene for jordbruk var svært arealkrevjande. Teknikkane dei nytta gjorde det naudsynt at jordlappane låg brakk i 25-30 år, også kalla for svijordbruk. Då faste åkerbruk erstatta svijordbruket, blei menneska sine bustadar tydlege i landskapet og driftsformene vart intensivert. Ein kunne sjå skilje i jordbrukslandskapet mellom innmark og utmark. Innmarka var der jordbruket var mest intensivt og der menneska hadde sine gardar. Utmarka var karakterisert av svijordbruk og skogbeite (Jones 1999).

Inngrepa som menneska stod for fram til andre verdskrig skildrar Huse (2005) som reversibel, ein form for jamvekttilstand mellom menneska og naturen. Som skildra ovanfor påverka menneska både landskapet og landskapsbilete gjennom primærnæringa si. Huse meiner at desse endringane som menneska påførte naturen (kulturlandskapet) ville gå attende til opphavleg tilstand (naturlandskap) dersom den menneskelege aktiviteten opphøyrd.

## 4.2 INDUSTRIALISERINGA TRUGAR LANDSKAPET OG ER GROBOTN FOR TANKAR OM VERN

---

Den moderne teknologien som voks fram etter andre verdskrig førte til at inngrepa i landskapet ikkje lengre kunne karakteriserast som reversibelt. Inngrepa var av ein slik art at landskapet misa sin karakter, økologisk så vel om visuelt (Huse 2005). Tida vart kalla for "det nye hamskiftet", der jordbruket med moderne maskiner og anna moderne teknologi førte til omfattande endringar i landskapet (Jones 1999). Jones (1999) framhevar også at industrialismen med sine nye kjelder for å skaffe energi, aukande fokus på omsetjing av produksjonsoverskotet, førte til ekspansjon i landbruket. Det vart større produksjonseiningar som igjen førte til tydlegare endringar i kultur- og naturlandskapet. Ikkje minst meiner Jones at industrien var grunnlaget for urbaniseringa, og det som etter kvart har blitt bylandskap og fråflyttingslandskap.

Landskapet vårt blir framleis påverka av store inngrep i form av til dømes utbygging av kraftverk, men i mindre dimensjonar enn utbygginga på 1950-60 talet. Uansett påverkar dei landskapsbiletet i eit lokalt omfang. Me bygger ned fjellheimar med ei storslått hytteutbygging, byane pressar seg utover og er ein trussel for bynære jordbruksområde (Jones 1999), samt at andre grøntareal i, og ikring, byane blir bygd ned (Direktoratet for Naturforvaltning 2009). Ikkje nok med desse fysiske inngrepa som skjer landet over; menneska påverkar også landskapet med sitt manglande nærvær. Gjengroing er ei allmennkjent utfordring som finn stad i heile Noreg, men fråflyting, sentralisering, endringar i jord- og skogbruket er faktorar som spelar inn på denne påverkinga (Direktoratet for Naturforvaltning 2009; Jones 1999; Riksantikvaren & Direktoratet for Naturforvaltning 2005).

Etter kvart voks det fram tankar om at naturen måtte vernast mot inngrep med irreversibel karakter. Landskapsvern var ein reaksjon på urbaniseringa og industrialiseringa som truga natur- og kulturlandskapet. Vernet var ein redningsaksjon med mål om å redde restane av natur- og kulturlandskap (Jones 1999). Frå 1970 var det mogeleg å verne landskapet til formål som nasjonalparker, naturreservat (strengaste verneforma), landskapsvernområde og naturminne, med heimel i naturvernlova. Ordet landskap har difor i seinare tid vore assosiert med vern av naturverdiar og biologisk mangfald. Vering av landskap og natur gjekk framfor omsyn til menneska og deira interesser, og eit ynskje om lokalutvikling (Svardal et al. 2008a). Statleg pålagt vern skapar grobotn for konflikhtar mellom grunneigarar, styresmakter og bygdefolk i situasjonar der det bli lagt restriksjonar, eller forbod, på utøving av næringsaktivitetar i verneområdet (Clemetsen & Krogh 2005).

#### 4.3 LANDSKAP: FRÅ EIT VERNEFOKUS TIL EIN ARENA FOR INTEGRERT FORVALTNING, PLANLEGGING OG UTVIKLING.

---

Perspektivet på landskap og fokuset i landskapspolitikken har i dei seinare åra blitt meir dynamisk (Brunetta & Voghera 2008). Landskapet har gått frå å vere ein vernekategori til å bli handsama som ein arena der både forvaltning, planlegging og utvikling skal gjelde (Clemetsen 2009b). Innan landskapsplanlegging den siste tida har ein innsett trongen for å involvere fleire i landskapsforvaltninga (Selman 2004). Grunna manglande fokus på menneska sine interesser når det gjeld å ta vare på landskap, opplev er no ei endring med notidas regionalparkar som har framvekst i Noreg (Svardal et al. 2008a).

Clemetsen & Krogh (2005) framheva i ein kronikk i Aftenposten at tida var inne for å vurdere andre vernemåtar som kunne resultere i mindre konflikter, enn det som var typisk for det statlege vernet. Europeiske regionale naturparkar vert her trekt fram som gode føregangsbilete på måtar å "bygge bruer" mellom styresmaktene og innbyggjarane. Frivillige avtaler mellom lokalsamfunnet, næringslivet og statlege styresmakter er utgangspunktet for parkar som dette (Clemetsen & Krogh 2005). Kjenneteikn på regionalparkane og dagens meir dynamiske syn på landskapet, er siktemålet om å ivareta natur og kulturverdiane på staden og i regionen, ikkje å setje ein stoppar for regional og lokal utvikling. Utfordringa blir å finne ei balanse der både siktemåla; ivaretaking og utvikling let seg kombinere (Clemetsen & Krogh 2005; Svardal et al. 2008a).

Svardal et al (2008a) presenterar regionalpark som ein utviklingsstrategi, og understrekar at sjølve prosjektideen er mangetydig. Det blir arbeidd med å finne krav til kva ein regionalpark skal innehalde. Førebels er eit kjenneteikn med alle prosjekta ei *dynamisk* tilnærming til landskapet. Regionalparkar er tenkt å skulle skape ei balanse mellom ivaretaking og bruk av landskapsverdiar, både når det gjeld natur og kultur. Likskapar mellom dei ulike regionalparkane er at dei gjennom medverking, mobilisering og forankring ynskjer å få til ei berekraftig utvikling av lokalsamfunn, regionar og landskap. For å få til ei berekraftig utvikling er medverking og deltaking frå folk ein føresetnad. Utgangspunktet for utviklinga er regionalefortrinn der stadeigne ressursar og merkevarer blir marknadsført (Svardal et al. 2008a). Regionalparkkonseptet er allereie godt utbreidd sør i Europa, men her til lands har ikkje framveksten vore eksisterande før no i seinare tid. Ved utgangen av 2009 eksisterte fylgjande regionalparkprosjekt i Noreg; Nærøyfjorden Verdsarvpark i Aurland, Valdres natur- og kulturpark i Valdres og Landskapsparkar i Hordaland. 16.april 2010 la "Telemarkskanalen som

regionalpark” si styringsgruppa<sup>7</sup>, fram si tilråding om at kanalen skal bli regionalpark innan 2011. Det er no opp til kvar enkelt kanalkommune og fylkeskommunen å gjere eit vedtak om Telemarkskanalen skal bli ein regionalpark i 2011 eller ikkje (Ju 2010; Sviland 2010b)

I motsetning til statleg vern gjennom nasjonalparkar i Noreg, har konseptet med regionalparkar ofte opphav frå grasrotinitiativ, og er ikkje styrt ”ovanifrå og ned”. Eit unntak er prosjektet med Telemarkskanalen som regionalpark. Miljøverndepartementet initierte våren 2006 at Telemark Fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark skulle vere med i eit pionerprosjekt. Siktemålet med prosjektet var å prøve ut korleis intensjonane i den europeiske landskapskonvensjonen kunne gjennomførast på regionalt og lokalt nivå (Svardal et al. 2008b), (som skildra i kapittel 3.3.2).

#### 4.4 LANDSKAP SOM RESSURS FOR REISELIV, STAD- OG NÆRINGSUTVIKLING.

---

Landskapet har fått eit nytt fokus i dei seinare åra meiner Svardal et al. (2008a), og er blitt eit sterkt verkemiddel i utvikling av lokalsamfunn. I fylgje Clemetsen et. al. (2010) har landskapet i seinare tider blitt sett på som ein ressurs, særleg med tanke på stadutvikling. Nærleik til naturen som noko ekte og opphavleg, er viktigare for folk no enn før. Ikkje minst søker folk etter identitetskjennele og særpreg når det gjeld val av bustad og reisemål. Kulturøkonomi omhandlar dei lokale fortrinna som ein stad kan framheve i marknadsføring; kva er spesielt med staden og kva er det som skil han frå andre stadar. Ikkje minst er ressursane eit potensial for å skape noko særeige (Lønning 2004). Er det nytt å legge vekt på særpreg og lokale fortrinn? Lønning (2004) skildrar utviklinga og han legg skulda på globalisering og standardisering av stadar og landskap. Lenge har situasjonen vore slik at særpreg og ulikskapar ikkje har vore ein fordel, tvert i mot. Trenden har vore at alle plassar i Noreg (og andre land) skal etterlikne det ”urbane”, som fylgje av industrialiseringa. Denne trenden er blitt synleg i landskapet i bygder så vel som i tettstadar og byar. Alle freistar å etterlikne dei urbane byane, men eigentleg utan sjans for å kunne oppnå den kvantitative mengde av urbane element. I fylgje Lønning (2004) er skilnaden mellom det urbane og det rurale til dømes den rike mengda med folk, aktivitetstilbod og servicefunksjonar som ein finn i urbane og ikkje det rurale. I denne endringa har alt blitt meir eller mindre likt, og Lønning (2004) er tydeleg når han meiner at mange av oss byrjar å gå lei av denne utviklinga. Folk er blitt, som Svardal et al. (2008a) også nemner, meir opptekne av det særeigne ved stadane, og masseproduksjonen og standardiseringa har gjort oss mette på ein del inntrykk. Me

---


<sup>7</sup> Medlemmar av styringsgruppa; Harald Tveit (Fylkesmannen i Telemark), Magen Reiersen (Telemark fylkeskommune), Per Espli (Telemarkskanalen) og Magne Gaara (Telemark Reiselivsråd). Representantar frå kommunane; Ragnar Nilssen (Skien), Bjørg Tveito Lundefaret (Nome), Anne Aasmundtveit (Kviteseid), Nils Gjerde (Tokke), Kjersti Versto Roheim (Notodden), Joar Sættem (Sauherad).

ynskjer å oppleve det som er annleis, det som me ikkje er vande med, altså er det sjeldne er blitt attraktivt (Lønning 2004).

*”Dess meir ulik ein klarar å verta i dag, dess betre grunnlag har ein for både stad- og næringsutvikling!”* (Lønning 2004 s.11-12)

Det viser seg at stadidentitet og nærleik til landskap er viktig for mange folk, besøkande så vel som lokaleinnbyggjarar. Landskap som ressurs har vist seg å vere eit godt utgangspunkt for næringssetting, lokal utvikling og reiseliv, noko som skuldast framvekst av opplevings- og kulturøkonomi (Svardal et al. 2008a). Lønning (2004) meiner at ein føresetnad for å synleggjere særpreg er at menneska må kunne identifisere seg i landskapet. Menneska må kjenne seg som ein del av landskapet, vere seg sjølve og trivast i det, som han kallar for, ”det kulturelle landskap”. Dette landskapet er ein pågåande prosess basert på dialog, meir enn berre å vere eit fysisk landskap. Norske bygder har med tida blitt meir eit standardisert produksjonslandskap, framfor eit kulturelt landskap med særpreg. Landskapet inneheld ofte mange potensielle særpreg, men på grunn av standardiseringa har ein utvikla ”skuggelappar”. Det er naudsynt at ein blir gjort medviten om kva slags kvalitetar som staden og landskapet vårt representerer.

Svardal et al. (2008a) trekkjer fram at verdiskapande landskap er eit fellesgode som ingen private kan eige. Trass i dette står folk heilt fritt til å utnytte ressursane for å produsere private godar med omsettingspotensial. Det vil seie at ein kan ta nytte av særpreg i landskapet, og skape lokale produkt basert noko som menneska i dette landskapet har skapt i lag. Ein har den fulle rett til å ta avkastninga av produktet utan at ein kjem i konflikt med andre brukarar av landskapet. Telemarksforsking i Bø har utvikla ein figur som syner nettopp denne samanhengen mellom produksjon av private og fellesgodar. I figuren på neste side ( Figur 13) er Telemarkskanalen særpreget, og kanallandskapet er det landskapet som menneska i fellesskap har produsert fellesgodar i.



Figur 13 Telemarkforskning i Bø si framstilling av samanhengen mellom private - og fellesgodar

#### 4.5 ENDRINGAR I MÅTEN Å DEFINERE LANDSKAP PÅ SOM FYLGJE AV ELC

Tradisjonelt i planfagleg samanheng er landskap i fylgje Nordisk Ministerråd: "*de samlede fysiske omgivelser som omgir oss utendørs under open himmel*" (eiga understreking), sitert i Bruun (1996:1). Bruun(1996) legg til at ein viktig fysisk byggestein i landskapet er natur, men understrekar at natur og landskap ikkje er det same. Han skil mellom kultur og naturlandskap. Menneska har med sine kulturinngrep sett spor etter seg i naturen, og ein kan kalle det for kulturlandskap. Det ein kjenner til som meir eller mindre upåverka natur kan kallast for naturlandskap. Definisjonen som ministerrådet skisserar er vid i den forstand at den ikkje er avgrensa til noko geografisk område, i staden avgrensar han seg berre til fysiske rammer i form av natur og kultur som er ikring oss. I fylgje Bruun (1996:1) kan fysiske naturelement vere: topografiske, geologiske, hydrologiske og klimatiske forhold osv., medan fysiske kulturelement kan vere arealbruk, kulturminne, byggverk, infrastruktur osv. Endringar i landskapsperspektivet har gjeve opphav til nye måtar å definere landskapet på. Landskapsomgrepet er komplisert og blir definert på ulike måtar, og det kan vere ulike årsaker til det; endringar i landskapsperspektivet, ulike fagretningar og sektorar nyttar omgrepet ulikt og tillegg omgrepet forskjellige meiningar. Ein må heller ikkje gløyme at landskap er eit ord som mange nyttar i

daglegtala, og som ofte er assosiert med det vakre, naturlege og urørte (Senter for grunnforskning 2003).

Den europeiske landskapskonvensjonen har innan stad- og landskapsplanlegging markert eit skifte i korleis ein definerar landskapet. Som nemnt tidlegare er ELC sin definisjon av landskap eit område slik som folk *oppfattar* det...(eiga utheving). No blir menneska si oppfatning av kva landskap er vektlagt i omgrepet, og er eit supplement til dei meir fysisk orienterte definisjonane. Som fylgje av ELC har altså menneska fått ein sentral plass i definisjonen av landskap, men heilt ukjent er ikkje den menneskelege dimensjonen. Innan landskapsplanlegging er fagomgrepet landskapsbilete noko som tar opp i seg at det er noko meir enn berre det fysiske me ser rundt oss (Bruun 1996), tilsvarande definisjonen til landskapskonvensjonen. Eg freistar i drøftinga (kapittel 7.2.2) å trekkje ein parallell mellom ELC sin landskapsdefinisjon og den faglege forståinga av kva eit landskapsbilete er.

#### 4.6 UTVIKLING TIL MEDVERKINGSBASERTE ANALYSEMETODAR I STAD- OG LANDSKAPSPLANLEGGING

---

Endringane i landskapsdefinisjonen og landskapsperspektivet, samt framvekst av medverking har vore grobottn for nye analysemetodar i stad- og landskapsbasert planlegging. Fagfolk innan landskapsplanlegging har sett det naudsynt å utvikle nye analysemetodar som tar høgde for dei nemnde endringane. Landskapsressursanalysen er ein metode som tar omsyn til desse endringane. Metoden er framleis under utvikling og utprøving og vil vere mitt utgangspunkt for eksempelstudie i kapittel 5 og vidare analysering og drøfting i kapittel 6 og 7.

Gjennom litteraturstudiet har eg fått forståing for at det særleg er to analysetypar som er med på å synleggjere at framveksten av medverking i planlegging har nådd analysemetodane. Det er stadanalyse og landskapsanalyse. Framveksten av medverking og utviklinga av metodane har skjedd i tråd med samtida. Det ser ut som at metodane har klatra oppover på medverkingstigen til Arnstein (jf. Figur 3 i kapittel 2.1.1), frå informasjonstrinnet til diskusjonstrinnet. Medverking er no eit element og verkemiddel i fleire metodar. Endringane har ikkje ført til forkasting av eksisterande analysemetodar, men er eit supplement til eksisterande framgangsmåtar.


Tradisjonelle stad- og landskapsanalysar bygger på fagkunnskap, men legg opp til medverking i form av informasjon (tovegs). Lokalbefolkninga sin kunnskap om nærmiljø og stadar blir ofte nytta som eit viktig kunnskapsgrunnlag for dei konsulentane og fagpersonane som utfører analysane (Miljøverndepartementet 1993). Miljøverndepartementet (1993) dreg det faktisk så langt at dei seier at den lokale kunnskapen om staden er eit naudsynt supplement i slike analyser. For å få tak i lokalkunnskapen kan fagpersonane i fylgje MD (1993) gjennomføre medverking etter metodar som skildra i kapittel 3.5.



I rettleiinga for gjennomføring og innhald i stadanalysar, utarbeidd av MD (1993), er det nemnt at både landskapsanalyse og stadanalyse er analyser der fysiske element blir analysert og systematisert. Slik eg har forstått det legg båe metodane opp til avgrensa medverking gjennom bidrag med lokalkunnskap om *fysiske* forhold (eiga utheving). I fylgje Stahlschmidt og Nelleman (2009) er siktemålet med landskapsanalyse å oppnå ei forståing av landskapet som eit komplekst og samansett objekt. Ved å synleggjere kvalitetar i landskapet, forenkle det kompliserte og samansette, vil ein kunne styrke kvaliteten i sjølve landskapsplanlegginga. Dei meiner også at ein i landskapsanalysar finn fram til, synleggjer og forenkler geografisk område, for i etterkant av analyseprosessen kan føre konklusjonane vidare i planlegginga som grunnlag for endring eller utvikling av området. Stahlschmidt & Nelleman (2009) påpeikar at sidan ein skal forenkle ting, må ein sjå vekk i frå aspekt som har ei tyding i andre samanhengar, dersom det ikkje er relevant i samband med synleggjering av landskapskvalitetar. Gjennom analyseprosessen freistar ein å finne fram til landskapskarakteren i området. Resultatet blir ofte framstilt som eit sjølvstendig plandokument, eller som eit ledd i til dømes kommuneplanprosessar (Stahlschmidt & Nelleman 2009).

Ser ein så på siktemålet med stadanalyse er det i fylgje MD (1993) å systematisere kunnskap *"for å forstå stedets historie, situasjon og framtidsmuligheter."* Det finnast ingen formelle krav til at forslagstillarar av planar skal utarbeide ei stadanalyse, men i fylgje MD (1993) bør slike analyser vurderast i samband med utarbeiding av planar som (kommunedelplan, reguleringsplan og bebyggelseplan, sistnemnte er ikkje lengre gjeldande etter ny PBL av 2008). Analysen bør ikkje freiste å vere alt for omfattande, men bør synleggjere avgrensa og viktig kunnskap om fysiske forhold på staden. MD (1993) framhevar at stadanalysen si avgrensing vil vere naudsynt for at resultatet skal kunne nyttast, samt at det skal vere mogeleg å gjennomføre med tanke på tid og ressursar. Metoden skal vere eit utgangspunkt for diskusjon om dagens situasjon og framtidige moglegheiter, samsundes som det kan vere ein framgangsmåte for å trekkje slutningar i planlegging og forvaltning av staden (Miljøverndepartementet 1993).

Skildringane av tradisjonelle stad- og landskapsanalyse synleggjer fleire trekk frå samtida; eg tenker då mellom anna på avgrensa medverking (lokal kunnskap) og unngå altomfattande analyser (jf. inkrementell planlegging kapittel 2.2.2). Båe desse fagtradisjonane har utvikla seg i tråd med framveksten av medverkinga, og fagfolk har supplert dei tradisjonelle metodane med element av aktiv medverking. I Figur 14 framstiller eg korleis eg har forstått litteraturen når det gjeld utviklinga frå stadanalyse til sosiokulturell stadanalyse, og landskapsanalyse til landskapsressursanalyse. Desse nye analysemetodane er meint som supplement og skal ikkje erstatte eksisterande metodar.



**Figur 14** Utvikling av tradisjonelle analysemetodar innan stad- og landskapsbasert planlegging.

**Sosiokulturell stadanalyse** er ein medverkingsbasert analysemetode som tar opp sosiale og kulturelle aspekt, til forskjell frå dei fysiske stadanalysane frå 1990- talet (Ruud et al. 2007). Siktemålet med metoden er å avdekke ulike interesser, opplevingar, erfaringar og synspunkt menneske har med ein felles stad, som eit grunnlag i fysisk planlegging eller som grunnlag for å endre stadar sine eventuelle dårleg og ufortente omdøme. Ruud et. al (2007) understrekar at til forskjell frå tradisjonell medverking som vil synleggjere ulike synspunkt på ein stad, freistar sosiokulturelle stadanalysar å synleggjere at ein stad er noko meir enn berre det fysiske. "*Sted som en sosial konstruksjon*" (Ruud et al. 2007), er ynskjeleg å få fram som eit produkt av ulike aktørars interesser og synspunkt. Dei ulike interessene blant aktørane er med på å utgjere ein stad som ein sosial konstruksjon. For utanom den fysiske dimensjonen har den sosiokulturelle vinklinga inspirasjonstrekk frå samfunnsvitskapen og særleg samfunnsgeografien. Teoriar innanfor dette fagfeltet meiner at ein må sjå på staden som noko fysisk, men også noko som er sosialt konstruert (Ruud et al. 2007).

Aktørane som er grunnlaget for analyseresultatet kan vere både enkeltindivid og grupper bestående av "folk flest", representantar for planleggararane, politikarar, media osv. Ein viktig årsak til at ein har fått framvekst av den sosiokulturelle stadanalysemetoden, er samfunnets krav til opne prosessar i motsetning til ekspertbaserte prosessar (Ruud et al. 2007), jf. instrumentell planlegging.

For å avgrense oppgåva har eg i problemstillinga sagt at eg vil konsentrere meg om landskapsressursanalysen, sidan eg sjølv har vore med på å testa denne metoden. Sidan sosiokulturell stadanalyse omfattar fagteoriar og forståingar innanfor samfunnsgeografien blir det for komplekst å ta stilling til dette i denne oppgåva. Eksempelstudiet mitt på medverkingsbaserte analysemetodar vil med andre ord ta utgangspunkt i metoden

landskapsressursanalyse. Denne metoden har tatt eit skritt lengre enn den tradisjonelle landskapsanalysen, som fylgje av medverking og den menneskelege dimensjon i landskapsdefinisjonen. Kort sagt freistar metoden å synleggjere kunnskap om landskap og verdien landskapet har for folk gjennom stadkjensle samtaler og ein freistar å identifisere stadbaserte kvalitetar (Clemetsen 2009b). Presentasjon av landskapsressursanalysen som ny metode sjå kapittel 5.

## 5 EKSEMPELSTUDIE AV MEDVERKINGSBASERT ANALYSEMETODE; LANDSKAPRESSURSANALYSE.

---

*I dette kapitlet vil eg presentere landskapsressursanalyse som eit eksempel på medverkningsbasert analysemetode, innan landskapsbasert planlegging. Metoden som legg opp til aktiv medverking er nyleg utarbeidd og blir for tida testa ut i ulike prosjekt. Sidan metoden ikkje er gjennomarbeidd eller sett på som ferdig, blir hovudtyngda av eksempelstudiet mitt basert på empiri frå ei landskapsressursanalyse i Telemark; Landskapsressursanalyse- "Telemarkskanalen som regionalpark". Landskapsressursanalysen som metode og empirien frå arbeidet i Telemark, vil også vere utgangspunktet for analysen og vurderinga i kapittel 6 og drøfting kapittel 7.*

### 5.1 KVA ER LANDSKAPRESSURSANALYSE?

---

Landskapsressursanalyse er ein metode som nyleg er utarbeidd i Noreg av Aurland Naturverkstad (Morten Clemetsen og Kristian Bjørnstad), saman med Telemarkforskning (Solveig Svardal) og Universitetet for Miljø og Biovitenskap (Erling Krogh). Siktemålet til utviklarane er å finne fram til ein metode som kan nyttast i samband med landskapsplanlegging, fordi dei ser ein trong for utvikling av ein metode som tar omsyn til landskapskonvensjonen og endringar i landskapsperspektivet (jf. kapittel 3.3 og 4). I fylgje Clemetsen (2009b) er det fleire land i Europa som utviklar gode metodar til arbeid med landskapsanalyse, verdiskaping, forvaltning, lokal mobilisering og medverking. Fylgjande arbeid nemner han som inspirerande for utviklinga av ein norsk metode; ECOVAST (ein forenkla landskapsanalysemetode) og Forest of Bowland AONB (eit av 40 landskapsvernområde i England). Arbeidet og prosessen med sistnemnte har særleg vore inspirerande. Forest of Bowland er eit område som er gode på medverking og mobiliseringsprosessar i arbeidet med å synleggjere kunnskap om staden, tilhøyre, identitet og særpreg. Forest of Bowland er kjent for å ha ei forvaltning av landskapet som tar omsyn til både forvaltning, skjøtsel, utvikling og verdiskaping av lokale ressursar. På nettsida<sup>8</sup> blir det klårt fremja kva som er landskapsområdets lokale fortrinn.

Den norske metoden; landskapsressursanalyse, vil finne ut korleis brukarar opplever landskap, samt analysere og identifisere stadbaserte landskapsressursar, særleg med lokale fortrinn (Svardal 2009). Ikkje minst er det eit siktemål å syne verdien landskapet har for folk (Clemetsen 2009b). Eit sentralt siktemål for utviklarane var å finne fram til ein metodikk som oppfordrar til mobilisering og aktiv medverking. Dette skal igjen skape ei forankring hjå lokalbefolkninga

---

<sup>8</sup> [www.forestofbowland.com](http://www.forestofbowland.com)

(Clemetsen 2009b). Ei landskapsressursanalyse av området ein skal utvikle, forvalte eller planlegge, vil vere nyttig i diskusjonar angående utbygging, lokalisering av ulike inngrep, samt bruk av dei landskapsressursane ein har funne fram til (Svardal et al. 2008a).

Intensjonen med landskapsressursanalysen er å få auge på ressursar i landskapet (Svardal 2009). For å få til dette skal metoden synleggjere, levandegjere, skape og foredle økonomiske, økologiske, sosiale og kulturelle verdiar. Desse funna skal vere grunnlag for lokale og regionale strategiar som legg opp til felles merkevarebygging med utgangspunkt i landskapsressursane og mobilisering av ålmenta, noko som saman skal resultere i ein plan for eit landskap. Ved å ta i bruk landskapsanalyse og stadkjenslegranskingar er det tenkt at ein skal kunne kome fram til ressursane som ligg i landskapet. Landskapsanalysen gjeng ut på å setje ord på og skildre tema som har å gjere med; landformer, vegetasjonsdekke og viktige naturstrukturar, arealbruk, kulturhistorien i landskapet, landskapet sin kulturelle verdi og landskapsopplevingar. Stadkjensla på si side vil formidle korleis oppleving folk har av ein stad (Svardal 2009).

### *Landskapsressursanalyse = Landskapsanalyse + stadkjenslegransking*

Utviklarane understrekar at denne metodikken ikkje er noko heilt nytt, heller ikkje i Noreg. Metoden er sett saman av velkjente element i landskapsplanlegging; landskapsanalyse, intervju og prosessar med medverking (Clemetsen 2009b; Clemetsen & Knagenhjelm 2010). Metoden er ein kombinasjon av den tradisjonelle landskapsanalysen og stadkjenslegranskinga, som er den norske versjonen av "Sense of place" (Clemetsen 2009b). Namnet landskapsressursanalyse er nytta for å understreke at det har skjedd ei utvikling av den tradisjonelle landskapsanalysen ein kjenner til innan landskapsplanlegging. Ikkje minst tar metoden og namnet omsyn til at landskap som ressurs har fått større fokus i seinare tid (jf. kapittel 4.4), og metoden skal synleggjere desse ressursane som grunnlag for verdiskaping (Clemetsen & Knagenhjelm 2010).

## 5.2 FØRELIGGANDE LANDSKAPRESSURSANALYSER (APRIL 2010)

---

Utviklarane har tenkt at metoden må tilpassast kvar enkelt oppgåve og situasjon (Clemetsen 2009b). Ved utgangen av april 2010 er det berre to analyser som ber tittelen landskapsressursanalyse. Den fyrste landskapsressursanalysen er datert til desember 2009 og gjeld for Trillemarka- Rollagsfjell. Medan den andre er datert til april 2010 og gjeld for Telemarkskanalen som regionalpark. Likskapane med analysane er synleggjering av landskapsressursar som grunnlag for verdiskaping. For Trillemarka- Rollagsfjell er analysen eit grunnlag for økonomisk, miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping i eit naturreservat (verneområde) i kommunane Nore og Uvdal, Rollag og Sigdal, Buskerud fylke (Clemetsen &

Knagenhjelm 2009). Medan Telemarkskanalen som nasjonalt klenodium, kulturhistorisk element og tilhøyrande landskapsverdiar, er utgangspunktet for verdiskaping i eit landskap som strekker seg over seks kommunar i Telemark ;Tokke, Kviteseid, Nome, Notodden, Sauherad og Skien. Den sistnemnte analysen vil også vere eit grunnlag for om ein skal etablere ein regionalpark med utgangspunkt i Telemarkskanalen (Clemetsen & Knagenhjelm 2010).

Kjenneteikn med metoden er som nemnt tidlegare fokuset på tilrettelegginga for aktiv medverking frå aktørar i området. I samband med analysen av Trillemarka- Rollagsfjell har det vore gjennomført synfaringar i felt og samtaler med lokale aktørar, samt at det har blitt nytta intervju av fleire grunneigarar i området (gjennomført av Høgskulen i Buskerud). Dei ulike metodane for medverking har gjeve kunnskap om korleis folk brukar landskapet og kva slags verdi det har for folk (Clemetsen & Knagenhjelm 2009). Når det gjeld landskapsressursanalysen av kanallandskapet i Telemark, var eit delmål med analysen å involvere og mobilisere aktørar i lokalsamfunnet (Clemetsen & Knagenhjelm 2009). Ein tydeleg medverkjingsdel i denne analysen er gjennomføring av stadkjensle samtaler i alle kanalkommunane, med eit utval av representantar. Det er kommunane som har hatt ansvaret for gjennomføring av desse samtale, og kontaktpersonar i Aurland Naturverkstad og Telemarkforskning har vore rådgjevarar i mobiliserings- og medverkjingsprosessane (Clemetsen & Knagenhjelm 2010). Stadkjenslesamtaler, ein form for djupneintervju var framgangsmåten som kommunane vart introdusert til i starten av prosessen med analysearbeidet. Trass i at stadkjenslesamtalene gav godt utbytte, såg ein etter kvart i prosessen at samtaler med enkeltpersonar var svært tidkrevjande. Nye aktivitetar vart introdusert for å framskaffe kunnskapar om landskapet med tanke på bruk, verdi og tyding for folk; gruppeintervju, spørjeundersøking, samt temadag med gruppearbeid og assosiasjonsøvingar(Clemetsen & Knagenhjelm 2010).

Eit særtrekk med landskapsressursanalysen i Telemark er at det har skjedd fleire aktivitetar parallelt, og eit oversyn over desse blir presentert i analysen;

1. Møteverksemd
2. Synfaring
3. Kursserie "Natur – og kulturbasert nyskaping"
4. Studentarbeid (studentar frå UMB)
5. Studietur til England og Wales
6. Kommentrarar til *utkast* til landskapsressursanalysen (eiga utheving)

Alle desse aktivitetane har synleggjort informasjon og kunnskap med relevans for prosjektet. Aktivitetane er ein del av grunnlaget for landskapsressursanalyse- dokumentet som Clemetsen & Knagenhjelm ved Aurland Naturverkstad har utarbeidd som eit utgangspunkt for vidare

analyse og drøfting av denne metoden, vel eg å nytte empiri frå både prosessen og analysedokumentet i Telemark. Avgrensinga gjer eg på bakgrunn av at eg sjølv har vore med på studentarbeidet (pkt.4), samt at eg har vore "observatør" på samlinga der kommunane kommenterte *utkastet* til analysen (pkt.6).

### 5.3 INNHALD OG GJENNOMFØRING AV EI LANDSKAPRESSURSANALYSE

---

Landskapsressursanalysen omfattar fleire fasar der ulike aktørar er tenkt å mobiliserast til ulik tid. Clemetsen(2009b) presenterar ein tenkt framgangsmåte for landskapsressursanalysen som metode med aktuelle aktørar og høvelege arbeidsformer. Nedanfor har eg lista opp dei sju fasane, med ei kort skildring henta frå Clemetsen(2009a; 2009b:11). Framgangsmåten i opphavleg form er å finne som vedlegg 3.

**FASE 1.** Klargjere problemstilling og få ei forståing for situasjonen og kva slags aktørar (enkeltpersonar eller grupper) som skal delta i prosessen. Det er viktig å avgrense prosjektet og identifisere aktørar. I denne fasen er det initiativtakaren samt sentrale personar og representantar som møtast .

**FASE 2.** Konkretisere mål og framdrift. Avgjere korleis arbeidet og prosessen med medverking skal gå føre seg. Intervju og skriftleg innsamling av material frå lokale bebuarar med kunnskap om historie, natur, kultur og næring osv. Få avklara kva slags kunnskap som er naudsynt for arbeidet og korleis ein kan få henta han inn.

**FASE 3.** Skildre området på ein overordna måte, i forhold til kva for samanhengar utredningsområdet omfattar. Kva er felles, ulikt og kva slags innhald i landskapet er det som skapar variasjon? Få innsikt i hovudtrekk innan historie og utvikling, samt busetjing og arealbruk. Skriftleg skildring frå ei prosjektgruppe eller konsulentar, gjennom individuelt arbeid, arbeidsmøte eller verkstadar.


**FASE 4.** Tolke og skildre landskapskarakter og særpreg for ulike områder. I denne fasen skal det delast inn i einskaplege delområde, kjent frå landskapsanalysen. Dette er områder som skil seg frå omkringliggende landskap. Gjennom bruk av spørjeskjema, personlege intervju (stadkjenslesamtaler), synfaringar i felt, samtaler med folk med god lokalkunnskap, grunneigarar, næringsdrivande, representantar frå kommunen, besøkande og ikkje minst den generelle ålmenta, skal ein dele inn i delområde . Det er viktig at relasjonane mellom menneska og landskapet blir synleggjort, samt at ein får fram kva tyding landskapet og staden har for dei som brukar det. Når denne fasen er gjennomført, må analysen uttrykke kva som er innbyggjarane si oppfatning av landskapet.

**FASE 5.** Utdjupe kva som er ressursane på staden og moglege potensial for utvikling, med ei særleg utdjupeing av det som kan bli knytt til natur- og kulturbasert verdiskaping og utvikling. Denne utgreiinga er det konsulentane/ prosjektgruppa som bør gjennomføre, og arbeidet vil vere eit godt grunnlag for satsingar og verdiskaping. I ei slik utdjupingsfase er det essensielt at innspela og bidraga frå tidlegare i prosessen blir synleggjort. I denne fasa skal ein ikkje prioritere eller gradere dei ulike innspela.

**FASE 6.** Prioritere kva som skal satsast på av dei ressursane og potensiala som er lagt fram tidlegare i prosessen. Framheve særpreget for området. Bli einige om kva som kan vere aktuell merkevare og profil for marknadsføring. Ei prioritering som dette bør skje med utgangspunkt i eit informasjonsmøte der initiativtakar og viktige lokale aktørgrupper får kome med innspel.

**FASE 7.** Utforme plan på bakgrunn av analysen og prosessen som ligg som viktig grunnlag. Analysen kan vere utgangspunktet for ein kommunedelplan, områderegulering, forvaltningsplan, strategisk næringsplan, stadutviklingsplan, formidlingsplan og liknande. Sjølve utforminga bør skje av initiativtakaren i samarbeid med kommune, viktige og sentrale lokale aktørgrupper og eventuelt regionale aktørar. For å mobilisere folk flest, bør denne planen bli sendt ut som eit "høyringsdokument".

Clemetsen (2009b) understrekar at framgangsmåten vil variere og må tilpassast kvart enkelt prosjekt. Fellestrekk slik eg ser det vil nok vere rekkefylgja på fasane i prosessen og komponentane som utgjer landskapsressursanalysen. Figuren under, Figur 15, syner at landskapsanalyse og stadkjenslegranskningane er komponentane i prosessen, og arbeidet med utforming av ei landskapsressursanalyse. For å gje eit innblikk i kva elementa i denne nye metoden gjeng ut på vil eg skildre landskapsanalysen og stadkjensle undersøkingane nærare.



**Figur 15** Landskapsanalyseprosessen sin framgang; frå landskapsanalyse via stadkjensle, saman utgjer dei landskapsressursanalyse (Svardal 2010).



### 5.3.1 LANDSKAPSANALYSE, EIN DEL AV LANDSKAPRESSURSANALYSEN

---

Når det gjeld landskapsanalyse er dette ei heilskapleg og samla skildring av særmerkje i eit området. Ein viktig del av landskapsanalysen er å synleggjere *landskapskarakteren*. Dette faglege omgrepet som tradisjonelt er nytta innan landskapsanalyse blir også vidareført i landskapsressursanalysemetoden (Clemetsen & Knagenhjelm 2010).

*”Landskapskarakter er et konsentrert uttrykk for samspillet mellom et områdes naturgrunnlag, arealbruk, historiske og kulturelle innhold, samt romlige og andre sansbare forhold som særpreger området og adskiller det frå omkringliggende landskap”.* (Clemetsen et al. 2010:10)

Det er vanleg å dele landskapet inn i einskaplege delområde. Dette er områder som står fram med einsarta landskapskarakter og som skil seg frå tilgrensande delområde. Ei slik inndeling av delområde skal omfatte heile analyseområdet, (jf. Figur 15), førre side. I samband med skildring landskapskarakteren til ulike område må ein, i fylgje Clemetsen (2009b), kartfeste kva slags karakter som er kor. Ei slik kartfesta områdeinndeling vil gjere det enklare ta i bruk analysen i etterkant (Clemetsen et al. 2010).

Framgangsmåten med landskapsanalyse kan i fylgje Clemetsen (2009b) delast inn i tre fasar;


**Fase 1:** Forarbeid utførast mykje frå skrivebordet ved hjelp av kart, litteratur, foto, flyfoto og liknande. Det gjeld å bli kjent med landskapet i prosjektområdet og kontakte lokale for å få innsikt i viktig kunnskap. Allereie på dette stadiet kan det vere nyttig å skissere moglege delområde på grunnlag av variasjon i landskapskarakteren.

**Fase 2:** Synfaring i landskapet og søk etter kva som er særpreg og variasjon. Ved å ta i bruk alle sansane må ein freiste å få innsikt i landskapet. Ein må oppleve landskapet gjennom studering av lydar, luktar, kjensler og visuelle bilete. Informasjonen om innhaldet i landskapet (vegar, bygningar, aktivitetar, arealbruk, kulturminne og naturelement) bør noterast på kart og i blokk.


**Fase 3:** Etterarbeid omfattar utarbeiding av sjølve analysen ved hjelp av informasjonen og kunnskapen ein har fått gjennom dei føregåande fasane. I fase 3 må ein oppdatere og justere kartet med einskaplege delområde frå fase 1, samstundes som ein må gje ei kort skildring av kjenneteikn, element med særpreg og samanhengar i kvart område.

Både i landskapsressursanalysen for Trillemarka –Rollagsfjell og Telemarkskanalen er det utarbeidd einskaplege delområde med tilhøyrande skildring.

Figuren under, Figur 16, viser korleis konsulentane i Aurland Naturverkstad har delt inn kanallandskapet i Telemark, med totalt 28 delområde. Denne inndelinga har dei kome fram til på bakgrunn av dei tre fasane som er skildra over (forarbeid, synfaring i landskapet og etterarbeid). Eit viktig tillegg til denne kartfestinga er dei meir detaljerte skildringane av kvart delområde med kart, bilete og skriftleg skildring av landskapskarakteren, landskapet sitt potensial for utvikling og ikkje minst aktuelle tiltak som kan bidra til ei utvikling av delområdet (jf. Figur 17). Alt dette er å finne i analysedokumentet (Clemetsen & Knagenhjelm 2010).




**Figur 16 Delområda frå landskapsressursanalysen - Telemarkskanalen som regionalpark, henta frå Clemetsen og Knagenhjelm (2010:16)**



Figur 7 Kart over delområde 1, Dalen



Figur 8 Den nye kloppen over Tokkeåi, sø for Dalen sentrum, er en viktig del av turstinettet i sentrumsområdet



Figur 9 Oversiktsbilde over Dalen og det fjordprega landskapet som omkranser Bandak. Båtene som legges til ved brygga på Dalen har reist mer enn 100 km fra havnivået.

Foto: Visitdalen.no

## Delområde 1: Dalen

### Omtale av området

De trange, dype dalformasjonene som isen har gravd ut i Vestre del av Telemark har gitt grunnlag for et kontrastrikt og dramatisk landskap. Opplevelsesverdiene knyttet til dette landskapet kan på mange måter sammenliknes med Vestlandsfjordene. Innlandsfjorden Bandak strekker seg tilnærmet i retning øst-vest i landskapet. Lengst vest munner elvene Dalåi og Tokkeåi ut i Bandak og danner en relativt smal elveslette. Fra sletta stiger dalsidene bratt opp til 500-600 m o.h. der landskapet igjen flater ut stedvis til slake lier og terrasser av varierende størrelse.

Delområdet omfatter elveslettene rundt elveosen. Kommunesenteret Dalen med tilhørende administrative funksjoner, er innfallsport til Telemarkskanalen fra/til vest. Stedet har lange tradisjoner som ladeplass, utskipingsplass og bruk av kanalen som transportåre. Bl.a. kan jern fra Hardangervidda, som kom om Møsvatn og Totak i Vinje, ha funnet veien ut i verden gjennom Telemarkskanalen fra Dalen. Utskiping av brynestein fra bruddene på Eidsborg foregikk også herfra gjennom flere hundre år.

Ved utløpet til elva er området bevart som våtmark og skogsområde med en stor bestand av bever. Gjennom området er det etablert en tur- og natursti med bruer og klopper over elveløpene. Området er populært sportsfiskeområde. I tillegg er dette et viktig hekkeområde for ande- og vadefugler. Området er et kulturelt knutepunkt der det utøves tradisjonshåndverk og tradisjonsmusikk.

Kraftproduksjon gir Tokke kommune gode, stabile inntekter. Mye av næringa i området er ellers tufta på reiseliv. Her finner vi bl.a. Dalen hotel, B&B, campingplass, bygdetun med stavkirke og museum og småbåthavn med kanoutleie, sommerkafé og kanalutstilling. I tillegg har stedet et variert næringsliv som sølvsmeder, dagligvarehandel, verksteder, spisesteder, håndverkere osv. Dalen hotell har tradisjonelt hatt en nøkkelrolle i forhold til turistutvikling og reiser på Kanalen. Hotellet kjøpte i 2009 kanalbåten M/S Henrik Ibsen. Den blir satt i rute fra våren 2010. Husmannsplassen Rui med utsikt til Dalen brygge og Telemarkskanalen er tilrettelagt for publikum og har et stort besøk i løpet av sommeren.

### Landskapskarakter

Dypt nedskåret dal- og innlandsfjordlandskap med jordbruk, tettsted og allsidig næringsliv. Tradisjonssterkt, kulturelt knutepunkt med sterke røtter og tilknytning til transport og reiseliv på kanalen. Viktig innfallsport til kanallandskapet.

### Landskapets utviklingspotensial (opplevelse, se, være, gjøre, lære)

#### Natur og landskap

- Tokkeåi med forgreiningene i elvedeltaet utgjør et attraktivt og verdifullt naturmiljø med stor opplevelsesverdi
- Elva er godt egnet til fiske og har et stort utviklingspotensial.
- Våtmarks- og skogsområdene gir gode muligheter til å oppleve bever og annet dyreliv
- Spesielt varmekjær flora

#### Kulturhistorie

- Historien om omformingen av et tradisjonelt jordbruksamfunn gjennom utbygging av vannkraft fra 1950-tallet og industrialisering
- Den levende sølvsmedtradisjonen gir muligheter for opplevelse av håndverkets betydning, historisk og i dag. kulturhistorie gjennom å følge smedens arbeid og gjennom salg av produkter.

#### Sosiale og kulturelle ressurser, aktiviteter/møteplasser

- Stier og bruer/klopper gir mulighet for nær opplevelse av elva gjennom vandring
- Småbåthavna er en viktig ressurs for "privat" båtliv på Bandak og kanalen i helhet
- Tilrettelegging av korte og lange turstier og krysningspunkt over Tokkeåi,
- "Oldemors gatefrokost", årlig arrangement med tradisjonsmat på gata, "Viser ved kanalen"
- Dalsmarken, årlig salgsmesse og marked med røtter tilbake til 1700-tallet
- MS Henrik Ibsen er innkjøpt av Dalen Hotel, restaurert og skal settes i trafikk på Telemarkskanalen fra 2010
- Dalen Hotel, godt bevart historisk hotell i dragestil

### Aktuelle tiltak

- Etablere informasjonsportal og besøksenter for reisende om Telemarkkanalen og regionalparken
- Utvikle og koordinere reiseopplevelser i distriktet, med fokus på koplingen mellom utnytting av naturressurser og transport på vannveien til havet.
- Utvikle opplevelsestilbud for reiselivet basert på folkemusikk og håndverkstradisjoner
- Utnytte fiskeressursene i Bandak/Tokkeåi både som opplevelsesaktivitet og som produkt til levering til reiselivsbedriftene på Dalen
- Kommunikasjon til museum og andre fasiliteter – eks. utleie av transportmiddel

Figur 17 Døme på framstilling av delområde i landskapsressursanalyse med kartfesting, bilete og skriftleg omtale. Henta frå landskapsressursanalyse – Telemarkskanalen som regionalpark (Clemetsen & Knagenhjelm 2010).

### 5.3.2 STADKJENSLEGRANSKING, EIN DEL AV LANDSKAPSRESSURSANALYSEN

---

Samanlikna med landskapsanalyse er stadkjenslegranskingar noko relativt nytt i stad- og landskapsbasert planlegging. Omgrepet stadkjensle er i fylgje fleire (Bjørnstad 2009; Clemetsen 2009b; Svardal et al. 2008a) direkte oversett frå det engelske konseptet<sup>9</sup> "sense of place". Sjølve omgrepet har sitt opphav i amerikansk humanistisk geografi frå 1970- talet. "Sense of place har å gjere med subjektive opplevingar av ein stad (Berg & Dale 2004). Når det gjeld vår norske stadkjenslemetodikk har denne tatt utgangspunkt i eit fagomgrepet kalla for "Sense of place" med opphav frå England (Bjørnstad 2009). Stadkjensle kan definerast på fylgjande måte;

*"Stadkjensle er summen av oppleving av landskap, natur, kulturarv, folk, lydar, smakar, minne og mykje meir som formar tilhøvet vårt til ein stad."*

*(Svardal et al. 2008a:31)*

Siktemålet med stadkjenslegranskingane er å synleggjere korleis folk i området (innbyggjarar; unge så vel som gamle, næringsdrivande, gardbrukarar og besøkande) opplever eit landskap. Granskingane skal få fram kva desse folka meiner er særmerkje med landskapet, og kva som gjer til at det skil seg frå andre områder (Clemetsen 2009b). Utviklinga av dette fagomgrepet har Aurland Naturverkstad saman med Universitetet for Miljø- og Biovitskap, tatt utgangspunkt i arbeidet med å lage ein norsk metodikk med kartlegging av landskapsopplevingar frå både fastbuande og besøkande (Bjørnstad 2009; Clemetsen 2009b). Slik eg har forstått det har Telemarksforsking blitt med på vidareutviklinga av metodikken (Svardal et al. 2008a). I samband med landskapsressursanalysen i Telemark og KS (kurset i natur og kulturbasert nyskaping) er alle tre aktørane involvert.

Stadkjensle som eit metodisk opplegg for stadutvikling. Det er særleg godt egna for mindre stadar der ein lettare vil finne ei kjensle for staden, enn på ein stad av større omfang. Som nemnt tidlegare er stadkjensle ein av dei sentrale elementa i metodikken landskapsressursanalyse, men metodikken har også vore nytta i andre samanhengar, til dømes som eige prosjekt. Bjørnstad (2009) presenterar eit stadkjensleprosjekt der ein ser at metodikken kan utgjere eit individuelt prosjekt. I dette konkrete tilfelle Bjørnstad nemner gjeld det eit stadkjensleprosjekt på Ornes. Undersøkinga vart gjort både med innbyggjarar og besøkande som fokusaktørar, og samtalene vart gjennomført av Bjørnstad sjølv;

---

<sup>9</sup> Countryside Agency og Countryside er aktørane som har utvikla dette metodeopplegget i England, som mellom anna er testa ut ei engelsk utgåve av regionalparkar me kjenner til i Noreg; Forest of Bowland AONB (Area of Outstanding Natural Beauty) (Clemetsen 2009b; Clemetsen & Knagenhjelm 2010; Svardal et al. 2008a)

sosialantropolog og bygdeutviklar. Prosjektet står for seg sjølv, men kan også relaterast til arbeid med ein forvaltningsplan som gjaldt for Ornes i Luster kommune.

Når det gjeld å velje kva slags metodar ein skal nytte for å kome fram til stadkjensla, vil dette variere frå prosjekt til prosjekt, særleg med tanke på geografisk omfang og nivå (Bjørnstad 2009). Uansett meiner Krogh(2009)at ein bør velje få informantar, også kalla nykelinformantar, som representantar for ulike aldersgrupper, yrker, fastbuande eller turistar. Felles for dei alle er at dei skal svare på spørsmål som har å gjere med deira bruk og relasjon til landskapet; lokalhistorie, minne frå oppveksten, korleis landskapet har blitt bruka i arbeid og fritid, lokale segner og forteljingar, bakgrunnen til ulike stadnamn og liknande. Samtalene er slik eg oppfattar det basert på ein semistrukturert intervjuemetode, som i fylgje Malt (2010) på snl.no forklarar at her blir spørsmåla notert på forhand, som stikkord, for å hugse kva for tema ein må innom i løpet av intervjuet. Sjølve spørsmålet blir formulert under intervjuet, og intervjuaren kan tilpasse rekkefylgja på spørsmåla og omfanget etter kvart som samtala utviklar seg. Utviklarane av denne metoden har utarbeidd ein intervjuguide som inspirasjon og rettleiing for gjennomføring av stadkjenslesamtalene (jf. vedlegg 2).

Materialet frå samtalen og arbeidet med stadkjensla må i etterkant systematiserast og dokumenterast, slik at det kan nyttast som grunnlag for stadutvikling, planlegging og forvaltning. Arbeidet med stadkjensle er bra for å få innsikt i brukarane sitt forhold til staden, samt at det er eit godt reiskap for å gjennomføre lokal medverking i planarbeid på lokalt nivå. Medverkarane bør få høve til å gjere planleggarane og stadutviklarane klar over kva dei opplever som utfordringar på staden, kva som bør gjerast om på og utviklast vidare(Clemetsen 2009b). Arbeidet med stadkjensla kan på same måten som landskapsanalysen delast inn i fasar:

**Fase 1:** Få oversikt over viktige, men få aktørar. Samstundes få innsikt i aktuelle tema som bør vere utgangspunkt for samtalene.

**Fase 2:** Utvikle innsikt om staden og kjerneområde som er spesielle for brukarane, og som er egna for særskilte tiltak.

Sjølv om erfaringsgrunnlaget til bruken av landskapsressursanalyse er avgrensa, vil eg i kapittel 5 freiste å gjere ei analyse av metoden. På bakgrunn av teorien som er presentert, erfaringar eg har fått gjennom studentarbeidet, og samlinga der utkastet til analysedokumentet vart kommentert av brukarane, vil eg analysere og vurdere metoden.

## 6 ANALYSE OG VURDERING AV EIN MEDVERKINGSBASERT ANALYSEMETODE; LANDSKAPSRESSURSANALYSE

---

*I denne delen vil eg gjere ei analyse av korleis landskapsressursanalysen som metode fungerer i landskapsbasert planlegging. Metoden eg nyttar meg av for å analysere landskapsressursanalysen er SWOT- analysen. Denne metoden tar for seg styrkar, veikskapar, moglegheiter og truslar med analyseobjektet.*

### 6.1 ANALYSE OG VURDERING VED HJELP AV SWOT- ANALYSE?

---

Kva er SWOT? I fylgje Farner (2003) er SWOT forkorting for dei engelske orda; Strength, Weaknesses, Opportunities og Threats, (jf. Figur 18). Det er ein metode der siktemålet er å analysere dagens situasjon, og sjå om det er naudsynt å endre retning. Resultatet frå analysen blir ei heilskapleg forståing av analyseobjektet. Denne metoden er nytta i samband med at organisasjonar vurderar seg sjølv i samband med strategisk planlegging. Verktøyet er av ein slik karakter at det lett let seg tilpasse situasjon og formål. Som eit ekstra ledd i SWOT – analysen er det ein fordel om ein til slutt diskuterar seg fram eit sett med strategiar og tiltak på bakgrunn av det ein har kome fram til. Denne analysen er eit grunnlag for drøftinga i kapittel 7.

<b>Strenght</b>  Analyseobjektet sine  <b>STYRKAR</b>	<b>Opportunities</b>  <b>MOGLEGHEITER</b> i omgjevnadane eller framtida
<b>Weaknesses</b>  Analyseobjektet sine  <b>VEIKSKAPAR</b>	<b>Threats</b>  <b>TRUSLAR</b> i omgjevnadane eller i framtida

**Figur 18 SWOT – analyse med sine element; styrkar, veikskapar, moglegheiter og truslar basert på figur frå Farner (2003:130)**

Slik eg ser forstår analyser generelt, er det fyrst og fremst er ein prosess der ein freistar å forstå noko som er samansett. Eit landskap er døme på noko samansett. Ein viktig del av det å forstå blir og dele det samansette opp i enklare delar. Med andre ord er det ein prosess for å forstå. Som eit resultat av denne prosessen, vil dei som gjennomfører analysane i dei fleste tilfella lage ein rapport eller ei fagleg uttaling. Rapporten vil, slik eg ser det, vere eit konkret produkt .

Landskapsressursanalysemetoden er ein arbeidsmåte for å forstå landskapet og stadkjensla. Like fullt er det eit skriftleg materiell som konsulentane/ fagfolka syr saman til ein rapport, enten enkeltståande eller som ein del av ein plan. Med andre ord; eit konkret produkt. Eg vil difor freiste å analysere styrkar, veikskapar, moglegheiter og truslar ved landskapsressursanalysen, både som prosess og produkt. Eg ser verdiar, potensial og utfordringar med både delane. Analysen vil vere basert på funn i litteraturstudiet, samt empirien frå Telemark. For å gjere analysen mest oversiktleg ynskjer eg å skilje mellom prosess og produkt i analyseringa og vurderinga.

## 6.2 ANALYSE OG VURDERING AV LANDSKAPRESSURSANALYSEN SOM PROSESS

---

I dette kapitlet vil utgangspunktet for analysering og vurdering vere *prosessen* og arbeidet med landskapsressursanalysen. Eg freistar å gjere ei generell analyse av landskapsressursanalysen som metode, med særleg fokus på prosessen som har vore i samband med analysen; "Telemarkskanalen som regionalpark". I Tabell 7, på neste side, har eg ei laga eit oversyn over kva slags styrker, svakheitar, moglegheiter og truslar eg meiner metodikken og prosessen med landskapsressursanalysen har. Ei nærare skildring av stikkorda kjem fortløpande etter tabellen.

Tabell 7 Landskapsressursanalysen sine styrkar, veikskapar, moglegheiter og truslar med analysen som prosess.

Analyseelement	Landskapsressursanalyse som PROSESS
<p style="text-align: center;"><b>S</b> Styrkar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Hentar kunnskap i frå folk flest</li> <li>- Medvit og læring</li> <li>- Engasjere og mobilisere</li> <li>- Identitetsskapande</li> <li>- Eigarkjensle til landskapet</li> <li>- Legitimere</li> <li>- Ikkje avgrensing for kven som kan medverke</li> <li>- "Alt" er landskap</li> <li>- Medverking tidleg i prosessen</li> <li>- Aktiv medverking</li> <li>- Tilfredstiller føringar i ELC</li> <li>- Tar høgde for behov i samtida</li> <li>- Tilpassa til prosjekt</li> </ul>
<p style="text-align: center;"><b>W</b> Veikskapar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Forventningar</li> <li>- Langvarige prosessar</li> <li>- Graden av medverking</li> <li>- Representativ medverking</li> <li>- Vanskeleg å etterprøve analyseprosessen</li> <li>- Lite informasjon</li> </ul>
<p style="text-align: center;"><b>O</b> Moglegheiter</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Verdiskaping</li> <li>- Brei deltaking</li> <li>- Sosiale media</li> <li>- Metodebank</li> <li>- Aktuelle metodekombinasjonar</li> <li>- Eit kriterium i etablering av regionalpark</li> </ul>
<p style="text-align: center;"><b>T</b> Truslar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fagfolk taklar ikkje nye roller</li> <li>- Ein av mange metodar</li> <li>- Forventningar</li> <li>- Uformell prosess</li> <li>- Metoden er ei "døgnfluge"</li> <li>- Sosiale media</li> <li>- Medverkinga er ikkje reell</li> <li>- Personvern</li> </ul>



## 6.2.1 STYRKAR MED LANDSKAPRESSURSANALYSEN SOM PROSESS

---

**HENTAR KUNNSKAP FRÅ FOLK FLEST.** I tråd med ELC og tilrådde tiltak frå forprosjektet, med fokus på oppfylging av konvensjonen (Nordens landskap), legg metoden opp til at folk flest skal bli involvert i arbeidet med å avdekke landskapsressursanalyser. Innbyggjarar og gjester skal skildre og uttrykke kva slags verdi landskapet har for dei som enkeltmenneske. Samstundes skal dei gie kunnskap og informasjon om landskapet og korleis dei opplever og brukar det.

**MEDVIT OG LÆRING.** Som deltakar i landskapsressursanalyse vil ein få auka medvit om verdier, ressursar og potensial som ligg i landskapet, dette er også i tråd med ELC sine siktemål. Heile prosessen vil vere ein læringsprosess for alle som er involvert. I mange tilfelle kan engasjement og mobilisering vere direkte fylgje av læringa.

**ENGASJERE OG MOBILISERE.** Auka medvit om landskapet kan styrke interessa for å engasjere seg i planlegging, forvaltning og utvikling av landskapet og staden. Lokal mobilisering kan bli eit resultat av engasjementet. Stadkjensle er ein måte å mobilisere folk på, og eit resultat av medverkinga og mobiliseringa kan vere forventningar og eit ynskje om å deltake meir. Dersom forventningane ikkje blir innfridd kan dette vere ein veikskap og samstundes ein trussel for prosessen.

**IDENTITETSKAPANDE.** Analyseprosessen er eit viktig ledd i stadutviklinga, særleg i områder der folk ikkje har så sterk felleskjensle. Landskapet er med på å forme dei som lever i området, og er med på å skape identitetskjensla vår (Gaukstad & Sønstebø 2003). Det vil vere gode høve for at medverkarane i prosessen vil få augo opp for særpreg og kvalitetar som dei ikkje har sett og lagt merke til før. Samstundes kan konsulentane vise folket eit "nytt" landskap med ressursar og potensial. Eg er viss på at framheving av landskapsressursar og særpreg kan vere med å skape ein ny identitet, eller styrke ein som allereie er tilstades.

**EIGARKJENSLE TIL LANDSKAPET.** Prosessen sine sideverknadar som medverking, engasjement og styrka identitetskjensle, kan vere grunnlag for utvikling av eigarkjensle til landskapet hjå dei lokale aktørane. Eigarkjensle kan også bli utvikla for landskapsressursanalysen som prosess og produkt, og kan gjere gjennomføringa av analysen enklare.

**LEGITIMERE .** Medverking som verkemiddel i analysen kan vere med på å forankre prosessen og produktet lokalt. Samanlikna med prosessar utan medverking er det gode høve for at ein seinare i planprosessen kan unngå konflikhtar og langvarige prosessar. Folk vil, som fylgje av medverkinga, ha ei større forståing til vedtak og forslag.

IKKJE AVGRENSING FOR KVEN SOM KAN MEDVERKE. Siktemålet med metoden er å få folk til å fortelje om korleis dei opplever, brukar og verdset landskapet. Alt er subjektiv, det finnast ingen fasit. Kven som helst kan difor vere deltakande i landskapsressursanalysen.

”ALT” ER LANDSKAP. Sidan landskapsressursanalysen legg til grunn ELC sin definisjon av kva landska er finnast det i teorien ingen grenser for kva slags område ein kan analysere. Analyseobjekta kan vere eit bylandskap eller bygdelandskap - urbant eller ruralt. Landskapsressursanalysen kan gjennomførast som utgangspunkt for både bygde- og byutvikling. Det er berre den praktisk gjennomføringa som blir ei utfordring. Analyser i kompliserte bylandskap bør nok vere av eit mindre omfang enn i bygdelandskap, fordi her vil mangfaldet, kompleksiteten og brukarane vere meir samansette i eit bylandskap.

MEDVERKING TIDLEG I PROSESSEN. Metoden har som siktemål å legge opp til aktiv medverking frå eit utval av representantar tidleg i prosessen. Stadkjenslearbeidet skal ta utgangspunkt i få nykelinformantar slik at arbeidet ikkje skal bli for komplisert. Ut i frå framgangsmåten som (Clemetsen 2009b) skildrar (jf. kapittel 5.3) finn ein medverking frå eit utval lokale brukarar allereie i fase to; konkretisering. Medverkinga i denne fasen omfattar bidrag av kunnskap og informasjon. Tilsvarande gjeld for fase fire; tolking, der fleire brukarar (både lokale og gjester) gjennom spørjeskjema, stadkjenslesamtaler og synfaringar i felt, kan få fram relasjonen mellom menneska og landskapet. Det sentrale med medverkinga i denne fasen er å få innsikt i folk sine personlege opplevingar og oppfatningar av landskapet.

AKTIV MEDVERKING. Holsen (2000) skildrar situasjonar der medverkarar berre responderar på ferdig utarbeidd forslag, også kalla passiv deltaking. Dette er i tråd med korleis Clemetsen et al. (2010) skildrar passiv deltaking (jf. Figur 6, kapittel 2.1.1); *”Motta informasjon om det som skal skje, eller alt har skjedd”*. På bakgrunn av desse skildringane og kunnskapen om korleis medverkinga gjeng føre seg i landskapsressursanalyseprosessen, hevdar eg at metoden legg opp til aktiv medverking. Trass i dette er eg usikker på om medverkinga er reell eller berre symbolsk, utifrå kva planleggingsteorien legg til grunn for graderinga. Eg drøftar dette nærare i kapittel 7.

TAR HØGDE FOR BEHOV I SAMTIDA . Analysen tar utgangspunkt i behov i samtida. For det fyrste gjeld det den nye definisjonen av landskap, der menneska si oppfatning har fått ein sentral plass i omgrepet. For det andre er det tatt omsyn til framveksten av medverking som verkemiddel i planlegging.

TILFREDSTILLER FØRINGAR I ELC. Landskapsressursanalysen legg opp til aktiv medverking og tilfredstiller difor konvensjonens føringar i artikkel 6c nr1. (jf. Tabell 4, kapittel 3.3.2), samstundes som auka medvit også blir tilfredstilt.

TILPASSA TIL PROSJEKT. At prosessen og metoden er såpass fleksibel i bruk av framgangsmåtar styrkar han. Dersom ein stadig tar i bruk nye teknikkar og metodar tilpassa samtida, har eg trua på at metoden kan legge til rette for medverking for folk flest. Eit konkret døme på at teknikkane blir tilpassa prosjektet og framgangen i prosessen finn ein i Telemarksprosjektet. I alt fem av seks kommunar tok i bruk djupneintervju som ein teknikk for stadkjenslearbeidet. Kommunane blei i starten av arbeidet introdusert for denne teknikken, og vart difor nytta av dei fleste. Kunnskapen og materialet ein fekk fram med teknikken gav god forståing, men trass i få informantar var det svært tidkrevjande å gjennomføre djupneintervju. Konsulentane tok difor i bruk andre teknikkar for å få innsikt i stadkjensla; gruppeintervju, spørjeundersøkingar (gjennomført av elevar på vidaregåande) og gruppearbeid med folk frå kommunestyret, næringsforum eller liknande. Slik eg ser det, har metoden heilt klart ein styrke i at han kan tilpassast prosjektet og prosessen, når ein ser at tenkt opplegg ikkje er så effektivt som ynskjeleg.

## 6.2.2 VEIKSKAPAR MED LANDSKAPRESSURSANALYSEN SOM PROSESS

---

FORVENTNINGAR. Sjølv om ein er aktiv medverkande i prosessen gjennom arbeidet med stadkjensle, er det ikkje ein garanti for at bidraget blir synleg i sjølve produktet. Mange medverkingsaktørar vil skape seg forventningar til prosessen og produktet. Dersom forventningane er urealistiske har prosessansvarlege gjort eit dårleg informasjonsarbeid. Det er også ein veikskap med prosessen dersom realistiske forventningar, som har vokse fram på grunnlag av informasjon, ikkje blir innfridd. Forventningar som ikkje blir innfridd, særleg forventningar til medverking, kan vere ein trussel for prosessen, (jf. 6.2.3).

LANGVARIGE PROSESSAR. Arbeidet med landskapsressursanalysen kan resultere i ein langvarig prosess dersom området er av ein slik karakter at det involverar mange aktørar. I samband med utarbeiding av analysen i Telemark er det mange aktuelle aktørar: dei seks lokale kommunane (Tokke, Kviteseid, Nome, Notodden, Sauherad, Skien), Telemark Fylkeskommune, Fylkesmannen i Telemark og Telemark Fylkeskommunale Foretak (Sviland 2010a). Ei mengd med aktørar som dette kan gjere prosessen langvarig både i utarbeidinga av landskapsanalysen og stadkjensla. Å kartlegge og dele inn det komplekse landskapet i einskaplege delområde frå Tokke kommune til Skien, tar tid. Det er tidkrevjande å få kunnskap frå lokale kjelder, så vel skriftlege som munnlege, samstundes som det kan ta tid å gjere observasjonar på eiga hand, for å få innsikt i det langstrakte kanallandskapet. Ikkje minst vil arbeidet med å synleggjere stadkjensla ta tid,

særleg viss ein satsar på djupneintervju. Medverkingsprosessar krev tid både i førebuing, gjennomføring og etterarbeid.

**GRADEN AV MEDVERKING.** Som nemnt under styrker (kapittel 6.2.1), vil eg drøfte kva slags grad av medverking ein kan tillegge landskapsressursanalysen som metode. Dersom det i drøftinga viser seg at medverkinga berre er symbolsk, kan dette bli ein veikskap for prosessen. Det kan bli vanskelegare å engasjere og mobilisere folk til å ta del i vidareutvikling, planlegging og forvaltning av landskapet.

**REPRESENTATIV MEDVERKING.** Skal ein freiste å synleggjere korleis innbyggjarane som eit fellesskap oppfattar landskapet sitt, er det naudsynt med eit representativt utval. Dei som skal vere grunnlag for stadkjenslearbeidet bør ha ulik alder, bakgrunn; skuleelvar så vel som yrkesaktive, besøkande så vel som innbyggjarar. Noko anna enn eit representativ utval vil vere ein veikskap for prosessen og produktet. I tillegg bør ein legge til rette for at svake grupper i samfunnet blir tatt med, då tenker eg folk som treng ekstra tilrettelegging eller folk med "svak stemme". Eit representativt utval skal i teorien vere eit godt grunnlag for å uttrykke kva som er stadkjensla til folk flest, viss ikkje er det ein veikskap. Slik eg ser det kan det vere store sjansar for at eit representativ utval ikkje ville uttrykke det representative, når det gjeld så subjektive spørsmål som metoden legg opp til å få svar på. Under moglegheiter for prosessen (jf. kapittel 6.2.3) legg eg fram forslag om at folk flest kan kome med innspel, som ei eventuell løysing på utfordringa.

**VANSKELEG Å ETTERPRØVE ANALYSEN.** Sidan stadkjensle ikkje er meint å vere eit produkt, men meir ein prosess vil det vere vanskeleg å etterprøve materialet og arbeidet. Dersom ein ikkje kan etterprøve analysen, kan ein stille spørsmålsteikn med produktet si truverd. Samtidig har metoden sitt på det reine når den legg landskapsdefinisjonen til grunn for forståing av landskap. Denne definisjonen er slik eg ser det svært dynamisk, og kan skape utfordringar og problem om ein nyttar han. Slik folk oppfattar landskapet er ein svært dynamisk og subjektivt måte å skildre landskap på. Det gjer det vanskeleg å etterprøve arbeid som nyttar denne definisjonen. I drøftingskapitlet stiller eg spørsmålsteikn om det er naudsynt å etterprøve ei landskapsressursanalyse.

**LITE INFORMASJON TIL FOLK FLEST.** Prosessen kan bli svekka dersom folk ikkje får informasjon om kva som skjer. Informasjon kan vere med på å dempe framveksten av konflikhtar, motstand til prosessen og arbeidet generelt. Ein unngår situasjonar der urealistiske forventningar blir skapt, samt redselen for å vere med på noko som sett ein i eit dårleg ljøs. Prosessar som legg vekt på god informasjon frå førebuing, via gjennomføring og til avslutning av arbeidet kan vere avgjerande for engasjement og mobilisering. Informasjonen kan kome som

informasjonsskriv til alle husstandar, gjennom kommuneinformasjonar, heimesider, lokale media osv. I arbeidet i Telemark har dette vore mangelfullt.

### 6.2.3 MOGLEGHEITER MED LANDSKAPRESSURSANALYSEN SOM PROSESS

---

**VERDISKAPING.** At landskapsressursanalysen synleggjer ressursar i landskapet, kan skape grobottn for idear som har å gjere med verdiskaping; økonomisk, kulturelt og sosialt. I prosessen vil det vere dei involverte som kan aleine, eller i lag med andre, kan kome fram til idear om korleis landskapet som ressurs kan vere sentralt i verdiskaping for bygda, for enkelt personar, lag eller organisasjonar. For andre innbyggjarar, så vel som utanforståande, kan ei tilgjengeleg landskapsressursanalyse vere viktig i marknadsføring av staden. Analysen kan synleggjere kvalitetar og verdier som kan generere tilflytting, nye arbeidsplassar og meir interesse frå gjester.

**BREI DELTAKING.** Dersom det representative utvalet er vanskeleg å plukke ut, samstundes som få nykelinformantar ikkje gjev eit representativt uttrykk, bør ein vurdere breiare deltaking. Det vil vere ein teneleg for prosess og produkt om ein legg til rette for at dei som har interesse og lyst, får moglegheit til å kome med innspel. På tilsvarande måte som i formelle prosessar, kan landskapsressursanalysen bli sendt ut på ei form for høyring. Dersom ein på bakgrunn av prosessen med stadkjensle utarbeidar eit utkast som gjer greie for oppfatningar og verdisetjingar, kan ein gjennom uformelle kanalar som skriftlege tilbakemeldingar, blogginnlegg og sosiale nettverk be om inntrykket til folk flest.

**SOSIALE MEDIA .** Sosiale media kan vere ein mogleg og viktig inngangsportal for å nå ut til eit breiare publikum og for å få og gje informasjon. Særleg kan kanalar som facebook, twitter og blogg vere nyttige for å nå ut til ei viktig og aktuell medvergingsgruppe; ungdom. Fordelen med slike sosiale nettverk er at dei ikkje berre blir nytta av ungdom, men representerar også ei brei og variert samansetning av alder, yrke og bakgrunn. Barrieren for å kome med innspel i slike forum verkar mindre enn meir formelle former for deltaking som til dømes folkemøte, skriftlege innspel i samband med høyringar og liknande. Men ei slik medverking vil ikkje vere heilt utan ulemper (jf. truslar, kapittel 6.2.4).

**METODEBANK.** MD bør lage eit oppdrag om å lage ein digital metodebank som kan innehalde oversikt på ulike analysemetodar, bruksområde, fordelar, ulemper, kva slags ressursar metodane krev og liknande, på same måte som Brockett & Vide (1991) gjer med ulike metodar for medverking i heftet *"Delakelse og innflytelse- Om medverking i kommunal planlegging"*. Oversikta må vere oppdatert, og då tenker eg at informasjon via internett er meir effektivt enn

papirversjonar. Ein slik oversikt bør også innehalde opplysningar om gjennomførte analyser og moglege kombinasjonar. Som tidlegare nemnt i oppgåva (jf.kapittel 4.6) åtvarar MD(1993) mot altomfattande analyser. Løysinga er ikkje å slå alle metodane saman, men heller kombinere metodar og element tilpassa situasjonen og oppgåva ein skal løyse. På tilsvarande måte kan kombinasjon av fleire planleggingstradisjonar og teoriar gje betre resultat, (jf. kapittel 2).

**AKTUELLE METODEKOMBINASJONAR.** Å ta i bruk SWOT – analyse som ein del av landskapsressursanalysen kan vere nyttig, både med tanke på den praktiske gjennomføringa av prosessen og innhaldet i analysen. Dersom konsulentane med ansvar for prosessen før oppstart gjennomfører ei enkel SWOT – analyse, kan ein tidleg få oversikt over kva ein må passe på i prosessen, kven og korleis medverkinga skal gå føre seg, kva slags styrkar og veikskapar det er med prosessen osb. Ikkje minst har eg trua på at SWOT- analyse kan vere ein fin teknikk på opne folkemøte, gruppearbeid, skuleprosjekt og liknande for synleggjere landskapsressursar, opplevingar og bruk av stadar og landskap. SWOT –analysen kan vere ein god teknikk for å få i gang diskusjon og tankeverksemd hjå folk. Fordelen er at analysen kan ha ulikt omfang. Analysen kan gjennomførast skriftleg på veggavis som presenterast for ei forsamling, eller som diskusjon på nettforum. I skuleprosjekt kunne det vore interessant å ta i bruk ulike tekniske hjelpemiddel for gjennomføringa; videokamera og fotokamera for å visuelt synleggjere styrkar, veikskapar, moglegheiter og truslar i landskapet. Døme: Styrke for landskapet i Telemark kan vere variasjonen frå hav til fjell. Moglegheiter kan vere ulike sommar- og vinteraktivitetar der landskapet er ein ressurs for sjølv utøvinga av aktiviteten. Fordelen med SWOT – analysen er at han kan tilpassast slik at folk flest kan kome med innspel. Det er berre kreativiteten som set grenser for korleis metoden skal gjennomførast, og korleis resultatet av analysen skal formidlast.

**EIT KRITERIUM I ETABLERING AV REGIONALPARKAR.** Sidan landskapsressursanalyse er ein uformell prosess er det sjanse for at metodikken ikkje "slår igjennom", eller blir eit aktuelt analysealternativ. Eg ser for meg at det kan vere fordelaktig om ein gjev metoden ein sentral plass til dømes i planlegginga og etableringa av regionalparkar. Dette kan både styrke landskapsressursanalyse som metode, men også regionalpark som konsept i Noreg. Ved å bruke landskapsressursanalyse som grunnlag for etablering vil ein unngå at regionalpark omgrepet blir "oppbrukt" eller "missbrukt".

## 6.2.4 TRUSLAR MED LANDSKAPRESSURSANALYSEN SOM PROSESS

---

**FAGFOLK TAKLAR IKKJE NY ROLLE.** Som fylgje av ELC må fagfolk som arbeider med landskap fokusere både på det fysiske landskapet og menneska som lever og oppheld seg i det. Dette uthevar Gaukstad & Sønstebø (2003:44) at påverkar rollene til fagfolka. Dei meiner at i tillegg til å vere ekspertar må fagfolka også bli "*inspiratorar, pådrivarar og rapportørar frå lokale arbeidsprosessar*". Eg ser på det som ein reell trussel at fagfolk, til dømes landskapsarkitektar og arealplaneggarar, ikkje er rusta for å takle nye roller som dette. Trass i at ein i utdanningssituasjonar har meir fokus på medverking og involvering av folk flest, på grunn av krav i PBL og ELC, er dette ein reell trussel. Utdanningsinstitusjonar bør fokusere på å utdanne fagfolk som er ekspertar innanfor sine fagfelt, samt at dei er gode til å kommunisere og gå i dialog med publikum. Det hjelper ikkje å kunne medverking i teorien, når det er i praktisk utøving ein møter utfordringane.

**EIN AV MANGE METODAR.** Innan planlegging er det mange analysemetodar og stadig nye blir utvikla. At fagfolk som skal analysere stadar og landskap ikkje veit kva slags analysemetode dei skal ta i bruk for å få best resultat, er ein trussel for prosessen og produktet. Mitt forslag er at å utarbeide ein digital metodebank (jf. moglegheiter kapittel 6.2.3).

**FOR RESSURSKREVJANDE.** Prosessen er kostbar og tidkrevjande. Særleg er arbeidet med stadkjensle og djupneintervju ein tidkrevjande teknikk som metodikken legg opp til. Metoden kan bli vurdert til å vere for ressurskrevjande til å kunne gjennomførast. I verste fall vil han ikkje bli vurdert som ein aktuell metode å nytte, trass i at teknikken gjev god djupneforståing for bruk og opplevingar av landskap.

**FORVENTNINGAR.** Dersom prosessen (eller produktet) ikkje svarar til forventningane, kan ein misse viktige medspelarar. I verste fall kan tapet av medspelaren føre med seg eit dårleg rykte, folk vil vere skeptiske til å medverke i tilsvarande prosessar når dei ser at påverkingskrafta ikkje fungerer. Ei negativ haldning til prosessen gjer det vanskeleg å legitimere produktet i ettertid. Ei løysing kan vere å ha god tovegs kommunikasjon tidleg i prosessen, slik at ein kan få avdekt siktemål med medverkinga og kva dei ulike innspela skal nyttast til.

**UFORMELL PROSESS.** Det er ingen formelle krav i planlovgjevinga som krev at det skal føreligge ei landskapsressursanalyse, i motsetning til krav om konsekvensutredningar i kapittel 14, ny PBL. Sidan metoden framleis er under utvikling og planlova nyleg er blitt redigert, kan dette vere forklaringar på at statusen er uformell. Ein trussel for private forslagsstillarar er at metoden og prosessen kan vere svært kostbar og tidkrevjande. Slik eg ser det kan det vere ein trussel at metoden ikkje blir tatt i bruk fordi han blir for ressurskrevjande og ikkje er lovpålagt.

Det er samstundes viktig å framheve at det er vanskeleg å vite om metoden hadde hatt fordelar av å vere formell.

MEOTDEN ER EI "DØGNFLUGE". Sidan prosessen er uformell kan metoden berre vere eit blaff, samstundes som han ikkje blir tatt i bruk på grunn av mange andre analysemetodar innanfor fagfeltet. Utarbeiding av ein rettleiar for metoden og opplæring av fagfolk i bruk av metoden, ser eg på som ei viktig løysing og førebyggjande tiltak. Det krev at metoden blir testa og prøvd ut i ulike prosjekt og samanhengar, og at erfaringar frå desse blir synleggjort, og gjort tilgjengelege for andre som skal utføre liknande analyser. Årsaker til at metoden kan bli ei eventuell "døgnfluge", er at han ikkje tilfredstiller behov og krav i samfunnet.

SOSIALE MEDIA. Dersom ein tar i bruk sosiale media kan analyseprosessen bli svært omfattande. Arbeidet med å systematisere og samanstillе innspela kan kome til å bli svært ressurskrevjande. For mange fagfolk kan nye informasjonskanalar også vere ei barriere i seg sjølv.

MEDVERKINGA ER IKKJE REELL. Landskapsressursanalysen tilfredstiller krava til landskapskonvensjonen om aktiv medverking, men eg er redd for at aktiv medverking ikkje er synonymt med reell medverking. Graden av medverking kan vere ein trussel for prosessen og metoden. Slik eg ser det er det ingen garanti for at aktiv medverking i form av allmøte, spørjeskjema, arbeidsgrupper fører til at innspela blir tatt omsyn til eller blir synlege i resultatet. Gaukstad & Sønstebø (2003:43), samt fleire i planleggingsteorien, som til dømes Arnstein, peikar på at deltaking i medverkingsprosessar ikkje alltid er like reell og representativ. Eg stiller spørsmålsteikn med kor reell og representativ medverkinga eigentleg er i medverkingsbaserte analysemetodar, som landskapsressursanalysen er eit døme på. Symbolsk medverking er ein trussel for legitimiteten til prosessen og produktet. Det er viktig at ein i samband med utviklinga og tilpassinga av landskapsressursanalysen, blir tydeleg på kva slags grad av medverking som skal gjelde; symbolsk eller reell medverking.

PERSONVERN. I samband med stadkjenslearbeidet kan omsynet til personvernet bli ein trussel. Etter lov om behandling av personopplysningar nr. 31 av 14.april 2000 er det krav til korleis personopplysningar skal handterast og oppbevarast. Opplysningar som samlast inn skal ikkje kunne bli spora attende til enkeltpersonane som har vore deltakande i medverkinga. I forhold til stadkjensle arbeidet er det tale om frivillig deltaking. Innspela skal bli nytta som grunnlag for at konsulentane si inndeling av landskapet i einskaplege delområde, samt forslag til aktuelle tiltak og utviklingspotensial. Dei som medverkar må gjerast merksame på kva bidraga deira skal bli nytta til, samstundes som dei må gje eit klårt samtykke til å vere deltakande i prosessen. Det er eigne krav for samtykke frå umyndige personar, samt myndige personar med redusert eller



manglande evne til å samtykke (Personvernombudet for forskning 2010). Dersom ein ikkje tar stilling til krava i personopplysningslova, kan det vere ein trussel at ein får problem i etterkant på grunn av urett handsaming av personopplysningar.

### 6.3 ANALYSE OG VURDERING AV LANDSKAPSRESSURSANALYSEN SOM PRODUKT

I denne delen vil eg sjå på landskapsressursanalysen som noko konkret og handfast; eit *produkt*. Eg freistar å analysere styrkar, veikskapar, moglegheiter og truslar, på tilsvarande måte som eg gjorde med landskapsressursanalyse som prosess. I tabellen nedanfor, Tabell 8, har eg laga eit oversyn over kva slags styrker, svakheitar, mogelegheiter og truslar eg meiner produktet har. Eg konsentrerer meg særleg om Landskapsressursanalysen; "Telemarkskanalen som regionalpark", men vil samstundes seie noko generelt ut frå ei teoretisk vurdering. Ei skildring av stikkorda kjem fortløpande etter Tabell 8.

**Tabell 8 Landskapsressursanalysen sine styrkar, veikskapar, mogelegheiter og truslar med analysen som produkt.**

<b>Analyseelement</b>	<b>Landskapsressursanalyse som PRODUKT</b>
<b>S</b> <b>Styrkar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Synleggjer ressursar</li> <li>- Reiskap for stadutvikling</li> <li>- Grunnlag for diskusjon</li> <li>- Grunnlag for planlegging, forvaltning og utvikling</li> </ul>
<b>W</b> <b>Veikskapar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Synleggjer ikkje aktørkonfliktar</li> <li>- Tar ikkje høgde for utfordringar</li> <li>- Ufullstendig skildring av delområda</li> <li>- Synleggjer ikkje metodiske manglar</li> <li>- Fagleg språk – barriere for folk flest</li> <li>- Synleggjer ikkje kven som har medverka</li> </ul>
<b>O</b> <b>Moglegheiter</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Aukar medvit</li> <li>- Skildring av delområde tilgjengeleg for kommentering</li> <li>- Folk får høve til å skildre sitt delområde</li> <li>- Framtidig kulturhistorisk dokument</li> </ul>
<b>T</b> <b>Truslar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Akademisk fagrapport</li> <li>- Optimismen frå prosessen kan forsvinne</li> <li>- Skildring av delområde</li> <li>- Medverkinga "blendar" fagfolk</li> </ul>

### 6.3.1 STYRKAR MED LANDSKAPSRESSURSANALYSEN PRODUKT

---

**SYNLEGGJERE RESURSSAR.** Analyserapporten kan gjere folk medvitne om at landskap er ein ressurs som kan nyttast i stadutvikling. Analysen synleggjer med sine einskapelege delområde og tilhøyrande skildring, kva slags verdiar og potensial som allereie eksisterar. Konsulentane som utarbeider landskapsanalysen vil sjå på landskapet med andre "briller" enn brukarar og innbyggjarar som ofte tar ting for gjeve, samt at dei i mange tilfelle ser seg blinde. Analysen er med på å framheve ressursar som er særpreg for området. For kommunane i Telemark har synleggjeringa av ressursar to funksjonar; den syner kva som er viktig i eigen kommune, samstundes som den gjev kunnskap kva som ligg i landskapet hjå nabokommunane. Denne synleggjeringa vil vere viktig for kanalkommunane i samband med felles marknadsføring og merkevarebygging.

**REISKAP FOR STADUTVIKLING.** Som produkt og dokument er landskapsressursanalysen eit reiskap som kommunane kan nytte seg av i ei stadutvikling. I samband med å utvikle eit godt nærmiljø, kan analysen vere eit godt reiskap for å vite kva ein bør satse på. Hovudtrekka i analysen kan ein med fordel nytte i marknadsføring og merkevarebygging, både for å tiltrekke seg gjester, men òg tilflyttarar.

**GRUNNLAG FOR DISKUSJON.** Dokumentet er eit konkret og handfast utgangspunkt for diskusjon når det gjeld kva slags landskapsressursar ein bør satse på. Produktet er eit fagleg arbeid som kan bekrefte kommunane sine tankar om egne kvalitetar, og som kan vere eit konkret reiskap å "slå i bordet med" i verdidiskusjonar. For kanalkommunane i Telemark er dette eit dokument som kan nyttast i fleire samanhengar enn berre ved etablering av ein regionalpark og som ein del av eit fellesskap. Kommunane kan nytte analysen i egne prosjekt og med dette bli meir merksame på kva kommunen har av ressursar. Dei einskapelege delområda blir viktige å ta tak i når det gjeld å utarbeide ein plan og setje i gang tiltak på bakgrunn av analysen. Delområda vil kunne inspirere folk, uavhengig av administrative grenser, til å samarbeide og setje i gang med tiltak som er framheva.

**GRUNNLAG FOR PLANLEGGING, FORVALTNING OG UTVIKLING.** Ei fagleg analyse med gode høve for lokal forankring, vil vere eit godt grunnlag for vidare planlegging, forvaltning og utvikling av landskapet lokalt og regionalt. Ein kan få synleggjort lokale landskapsverdiar som kan vise seg å ha regional eller nasjonalverdi.

### 6.3.2 VEIKSKAPAR MED LANDSKAPRESSURSANALYSEN SOM PRODUKT

---

SYNLEGGJER IKKJE AKTØRKONFLIKTER. I situasjonar med meir enn ei interesse er sjansane store for at ein får ei konflikt. Det er ingen unntak for planlegging, utvikling og forvaltning av landskap; her vil det vere mange interesser som ikkje alltid samsvarar. Dessverre tar ikkje rapporten som er utarbeidd for landskapsressursanalysen i Telemark stilling til at det er, eller kan kome, konfliktar. Sidan rapporten ikkje framhevar forskjellige interesser, kan konfliktar kome brått på seinare i planprosessen. Dersom det blomstrar opp konfliktar og motstand til å gjennomføre tilrådde tiltak, kan det gjere gjennomføringa vanskeleg og i verste fall umogeleg.

TAR IKKJE HØGDE FOR UTFORDRINGAR. Det er ein veikskap med Telemarkskanalanalysen at han ikkje tar høgde for utfordringar knytt til dei aktuelle tiltaka og strategiane som er nemnt.

UFULLSTENDIG SKILDRING AV DELOMRÅDA- I det fyrste utkastet av landskapsressursanalysen for Telemarkskanalen som regionalpark, datert mars 2010, vart ikkje lesaren gjort merksam på at mogelege tiltak *ikkje* var uttømande. Dette førte til at på samlinga i Morgedal var det ein del som uttrykte at analysen var mangelfull og for lite konkret, når det gjaldt skildringane om kvart enkelt delområde. Dette er med andre ord ein veikskap med produktet dersom det ikkje blir framheva.

SYNLEGGJER IKKJE METODISKE MANGLAR. Når eg les dei ulike skildringane av delområda får eg eit inntrykk av at det i nokre områder har vore mangel på informasjon og bidrag. Sidan eg ikkje får stadfesta dette, er det ein veikskap med produktet. Det er med andre ord ein veikskap med produktet dersom produktet ikkje skildrar metodiske utfordringar, manglar eller mogelege feil med analysen.

FAGLEG SPRÅK – BARRIERE FOR FOLK FLEST. I mange tilfelle kan fagfolk krydre rapporten med faglege omgrep og språklege vendingar, for å styrke og forankre arbeidet i ein fagleg tradisjon. Dersom ikkje konsulentane er klar over at språket er ei aktuell barriere for folk flest, kan det fort bli ein veikskap med produktet.

SYNLEGGJER IKKJE KVEN SOM HAR MEDVERKA . Ein veikskap med produktet er om ein i etterkant av medverkingsprosessen, ikkje har informasjon om kven som har vore nykelinformantar. Analysen i Telemark gjev mangelfulle opplysningar om kven som har vore deltakande i prosessen, og det er vanskeleg å vurdere kor godt han utfyller representative innspel. Ut ifrå omsynet til personvernet er det fornuftig å ikkje nemne namn og opplysningar på deltakarane, slik at synspunkta ikkje kan bli spora attende til vedkommande. På same tid vil det bli vankeleg å seie noko om utvalet representerar folk flest. Det hadde vore ei styrke med

produktet og prosessen om ein fekk greie på om medverkingsaktørane hadde vore; born, unge, foreldre, pensjonistar, studentar, politikarar, yrkesaktive, innfødde eller tilflyttarar. Nøyaktig alder er ikkje relevant, meir grove aldersgrupperingar. Opplysningar om kjønn kan også vere relevant.

### 6.3.3 MOGLEGHEITER MED LANDSKAPRESSURSANALYSEN SOM PRODUKT

---

**AUKAR MEDVIT.** Dersom analysen er tilgjengeleg både i språk og innhald, samt tilgjengeleg via internett, i papirutgåver på bibliotek og kommunehus, kan folk flest bli meir medvitne om kvalitetar og ressursar som finst i deira landskap. Det kan vere ein fin moglegheit til at folk blir kryare over staden og landskapet sitt, og det kan styrke eigarkjensla til landskapet. Analysen kan vere eit viktig grunnlag for omdømmebygging og identitetsskaping.

**GJER SKILDRING AV DELOMRÅDE TILGJENGELEG FOR KOMMENTERING.** Mitt inntrykk er at folk flest fyrst og fremst tar for seg delområdet som dei bur i, besøker, og på ein eller annan måte er knytt til. Dersom innhaldet i denne delen ikkje svarar til forventningane kan det påverke inntrykket av heile analysen. Dårleg inntrykk kan bli ein trussel for legitimiteten til produktet og prosessen. Det vil vere ein fordel om delområdeskildringane blir sendt direkte ut til aktuelle medverkarar på ei form for uformell høyring. På denne måten kan fleire vere med på å kvalitetssikre resultatet, i tillegg vil graden av reell medverking bli styrka. Konsulentane får då eit betre grunnlag for å seie at analysen er eit uttrykk for folk flest si oppfatning av landskapet.

**FOLK FÅR HØVE TIL Å SKILDRE SITT DELOMRÅDE.** Dersom skjemaet som alle delområda bygger på (med omtale av området, landskapet sitt utviklingspotensial og aktuelle tiltak, med unntak av landskapskarakter) blir distribuert ut til alle husstandar og blir gjort tilgjengelege, kan ein legge til rette for at alle folk med interesse har høve til å medverke. Eg ser for meg at innspela vil vere inspirerande for innbyggjarane i vidare arbeid med stadutvikling. Ei slik form for medverking kan styrke eigarkjensla til landskapet og ikkje minst vere med på å styrke analyserapporten. Ein må sjølv sagt vere klar over at dette kan føre til svært omfattande datamateriale, som vil vere ressurskrevjande å handsame. Ei løysing for prosjekt som omfattar fleire kommunar, slik som i Telemark, er at kommunane sjølv tar ansvar for å samanstill materialet. Eit anna alternativ er å la elevar på høgare skuletrinn kan gjennomføre det som eit skuleprosjekt eller som betalt deltidsarbeid. Det er viktig at alle forslag blir tatt omsyn til, også kreative innspel som kan verke urealistiske. Idémyldringar som dette kan vere svært fruktbare.

VIKTIG KULTURHISTORISK DOKUMENT. Landskapsressursanalysane vil synleggjere kva slags kvalitetar, ressursar og potensial ein finn i landskapet på eit gjeve tidspunkt. Slik sett vil analysen vere viktig dokumentasjon for framtida. Analysen vil vere eit høveleg reiskap for å samanlikne tider og sjå utviklingstrekk.

#### 6.3.4 TRUSLAR MED LANDSKAPRESSURSANALYSEN SOM PRODUKT

---

AKADEMISK FAGRAPPORT. Sjølve analysedokumentet kan for mange utan fagleg innsikt i stad- og landskapsbasert planlegging verke komplisert og i mange tilfelle "svevande". Det kan ha å gjere med at ålmenta ikkje har dei same "brillene" som konsulentane når dei les rapporten, samt at fagtermar og skildringar kan vere uforståelege og ei barriere for å kunne medverke og forstå innhaldet. På samlinga i Morgedal fekk eg eit inntrykk av at nokre deltakarar syns dokumentet var for "svevande" og hadde eit for akademisk preg. Deltakarane sakna meir konkrete tiltak i dokumentet, tiltak som meir eller mindre var klare til å setjast ut i live. Ei løysing på dette kan vere å avklare kva som skal vere innhaldet i dokumentet, samstundes som utforminga og språket i produktet bør vere av ein slik karakter at det er lett tilgjengeleg. Eg meiner produktet bør synleggjere faglege vurderingar, vere framstilt på ein formell måte, men at omgrep og metodar er godt skildra slik at folk flest kan få forstå innhaldet.

OPTIMISMEN FRÅ PROSESSEN KAN FORSVINNE. Brockett & Vide (1991) framhevar at folkemøte kan skape optimisme og forventningar til at noko skal skje. Ein trussel, slik eg ser det, kan vere dersom landskapsressursanalysen som produkt dempar eller øydelegg denne optimismen, fordi dei som var medverkande i prosessen ikkje kjenner seg igjen i rapportframstillinga.

SKILDRING AV DELOMRÅDA. I mange tilfeller kan skildringa vere ein trussel, (jf. moglegheit kapittel 6.3.3) kan innstillinga til analysen bli svekka dersom folket i området ikkje er einige i skildringa. På samlinga i Morgedal vart det diskusjon på grunn av desse skildringane, og fleire var litt misnøgde. Det verka som at dei ikkje såg sine innspel i fagrapporten. For fagfolka som skal utarbeide desse skildringane er det vanskeleg å få den totale oversikta, sidan dei ofte er leigd inn for å gjere arbeidet og i mange tilfeller er lite kjente. Dersom tanken er at lista med aktuelle tiltak skal vere retningsgjevande, grunnlag for vidare arbeid, men ikkje fullstendig uttømande, må lesaren gjerast merksam på dette. Skildringa kan då bli eit inspirerande materiale i forhold til å utvikle eit verdiskapande landskap.

MEDVERKINGA "BLENDAR" FAGFOLK. Det er ein trussel at fagfolk blir så ivrige i medverkingsprosessen at dei gløymer å vere fagfolk. Fokuset deira kan gå over frå å vere fagfolk som gjer faglege tilrådingar, til berre å bli ein koordinator for prosessen.

ANALYSE = PLAN. Det er ein fare for at folk tillegg analysen ei anna rolle enn kva ho fortener. I samband med Telemarksprosjektet og samlinga i Morgedal fekk eg inntrykk av at nokre kommunar såg på analysen som ein plan. Dei forventa seg konkrete tiltak som var klare for å bli sett ut i live. Andre hadde sett trongen for å utarbeide ein plan på grunnlag av analysen. I den endelege rapporten for analysen i Telemark, har konsulentane framheva at rapporten ikkje er ein plan og heller ikkje er juridisk bindande. Eg trur det er viktig at ein tydeleggjer skilnaden mellom kva som er analyse og kva som er plan. Det har å gjere med at fagleg kunnskap som dette kan vere ukjent for folk flest. At analysen kan vere eit godt grunnlag for utarbeiding av ein plan er det derimot ingen tvil om. Det er også viktig å understreke at analysen ikkje er ein plan. I drøftingskapitlet stiller eg spørsmålsteikn med ei skildring av landskapsressursanalysen som omtalar analyseprosessen som både analyse og utarbeiding av planforslag.

#### EIGA VURDERING AV SWOT – ANALYSEN

Å gjere ei fullstendig SWOT- analyse av metoden er vanskeleg, særleg sidan metoden framleis er under utprøving. Siktemålet mitt er å peike på element som kan vere viktig å tenke på ved ei justering av metoden. Ei SWOT –analyse som dette kan med fordel gjennomførast fleire gonger i arbeidet med ei landskapsressursanalyse, både før, gjennom og i etterkant av prosessen.

## 7 DRØFTING: EKSEMPELSTUDIET I LJOS AV TEORI OG EMPIRI

---

*Til slutt i denne oppgåva vil eg drøfte landskapsressursanalysen i ljøs av planleggingsteorien og empiri. Eg vil sjå korleis medverkinga med rot i planleggingsteorien kjem til syne i praktiske metodar, og om metoden tilpassar seg samtida. Eg vil drøfte kor høveleg denne metoden er for å tilfredstille siktemåla i landskapskonvensjonen med fokus på medverking, basert på empiri frå Telemarksanalysen. Eg vil ikkje drøfte korleis krava i planlova blir tilfredstilt i landskapsressursanalysemetoden, fordi krava gjeld formelle og ikkje uformell prosessar. Eg vil derimot ta opp tråden frå teorien og drøfte om medverking generelt blir truga av privat initiert planlegging. Heilt til slutt vil eg drøfte korleis utvikling av medverkingsbaserte analysemetodar bør vere, særleg med fokus på korleis landskapsressursanalysen kan gjerast betre.*

### 7.1 KOR STÅR DEI NYE MEDVERKINGSBASERTE ANALYSEMETODANE I FORHOLD TIL TEORIEN

---

Landskapsressursanalyse, eksempel på ein medverkingsbasert analysemetode, har vokse fram på grunn av endringar i samfunnet. I dei førre kapitla, 2-5, har eg freista å syne korleis utviklinga har vore, frå det ekspertbaserte til meir involvering av folk flest. Eg har ei forståing for at landskapsressursanalysen freistar å teste ut siktemål i landskapskonvensjonen. Metoden vil, som konvensjonen, legge til rette for å synleggjere enkeltmenneska sine landskapsopplevingar og deira oppfatning av verdifulle landskap. På bakgrunn av planleggingsteorien, erfaringar og behov i samtida, har ein utvikla ein metode som freistar å legge opp til medverking som verkemiddel i planlegging. Eg vil difor fyrst drøfte kor den nye metoden kan passe inn i Friedmann sin modell over planleggingstradisjonar og i Arnstein sin medverkingsstige.

**Fyrste oppfatning:** Med innsikt i landskapsressursanalysemetoden og gjennom arbeidet med masteroppgåva, har eg fått ei oppfatning av at metoden baserar seg på medverking frå folk flest. Etter samlinga i Morgedal i mars, hadde eg eit klårt inntrykk av at metoden kunne plasserast både i lærings- og mobiliseringstradisjonen (jf. Figur 19, neste side). Den tradisjonelle landskapsanalysen vil eg derimot plassere i Friedmann sin analysestradisjon. Årsaka til det er at landskapsanalysen fokuserar på faglege vurderingar og skildringar av landskap (jf. Figur 19). Når det gjeld plassering av landskapsressursanalysen i lærings- og mobiliseringstradisjonen er det gjort på bakgrunn av metoden si omtale som mobiliseringsverktøy. Utifrå framgangsmåten som Clemetsen (2009b) presenterar, blir fleire aktørar mobilisert i ulike fasar av landskapsressursanalysen. I fase fire blir representantar frå folk flest mobilisert til å vere informasjonskjelder som skal utlevere eigne opplevingar og bruk av landskapet. Samstundes ser eg at prosessen med landskapsressursanalyse kan auke medvitet om temaet landskap blant folk flest, og vil difor vere ein læringsprosess for dei som er med, i tråd med ELC (Reinskås 2009b). I

tillegg ser eg at fagrapporten som blir utarbeidd på grunnlag av prosessen, har ein stor verdi som læringsverktøy, også i samband med å auke medvitnet til folk flest.

<b>TRADISJONAR I PLANLEGGING</b>  Maktstruktur ↓ Komplexitet	<b>KONSERVATIV PLANLEGGING</b>  Liten kompleksitet og er difor ofte avgrensa til å gjelde prosjekt eller enkelt saker med klare mål.	<b>RADIKAL PLANLEGGING</b>  Stor kompleksitet og mange samanhengande saksfelt, der måla ofte kan vere uklare og/ eller konfliktfylte, typisk kontinuerleg planlegging
	<b>ANALYSETRADISJON</b> (policy analysis) Slutningsorientert Uavgrensa INSTRUMENTELL Teoriar: <b>synoptisk, analytisk og rasjonell planlegging</b> - Målt og evaluert utgangspunkt - Alternativsekvensar - konsekvensanalyse - evaluering av konsekvensar vedtak	<b>REFORMTRADISJON</b> (social reform) Prosessorientert Avgrensa INSTRUMENTELL Teoriar: <b>Inkrementell planlegging (steg-for- steg planlegging)</b> - Rimelege løysingar - Forandring skjer gjennom små skritt - representativt utval av demokratiet styrer
<b>SAMFUNNSSTYRING</b> (societal guidance)  Kunnskap for handling gjennom bruk av <b>Instrumentell planlegging</b> der kunnskap om årsak-virkning fører til handling - Maktkonsentrasjon; få deltakarar har innverknad - Styring ovanifrå og ned	<b>TRADISJONELL LANDSKAPSANALYSE</b>  KOMBINASJON SITAP MIXED SCANNING	
<b>SAMFUNNSENDRING</b> (societal transformation)  Kunnskap for handling gjennom bruk av <b>Kommunikativ planlegging</b> der læring og mobilisering fører til handling - Maktfordeling; mange aktørar påverkar utfallet - Forandring nedanifrå og opp	<b>LÆRINGSTRADISJON</b> (social learning) Avgrensa KOMMUNIKATIV Prosjekt- og læringsorientert Teoriar: <b>Advokatplanlegging og mobiliseringsplanlegging</b> - Forståing, endringsprosess, medverking, forhandling og konfliktløysing - Læring gjennom praksis, forsøk og evaluering - Teori og praksis veg tungen	<b>MOBILISERINGSTRADISJON</b> (social mobilization) Uavgrensa KOMMUNIKATIV Prosess- og læringsorientert Teoriar: <b>Advokatplanlegging og mobiliseringsplanlegging</b> - Direkte kollektive aksjonar nedanifrå - Sjølvhjelpstrategi - Aktiv mobilisering - Helsekapeleg og gjennomføringsorientert

Figur 19 Tidleg oppfatning av landskapsressursanalysen i ljøs av planleggingsteori.

**Funn i litteraturen:** Etter at eg hadde vore på samlinga i Morgedal, hadde eg klare tankar om kor eg ville plassere metoden i teorien, heilt til eg fann ny litteratur som fekk meg til å tenke annleis. Ei kopling av Friedmann(1987) sin modell mot noko som liknar på Arnstein (1969) sin medverkingstige, gjort av Arnesen (2000), fekk meg til å stille spørsmålsteikn med plasseringa av metoden. På grunn av at Arnesen har mangelfull referering, hindrar det meg i å sjekke ut hovudkjeldene han har nytta til denne koplinga; Bhatt 1997 og Arnstein 1978. Eg legg som føresetnad for resten av drøftinga at kjeldene tar utgangspunkt medverkingstigen frå 1969. Eg vel å setje Arnstein opp mot Friedmann i Tabell 9, der inndeling av medverkingstrinn per planleggingstradisjon er direkte henta frå tabellen til Arnesen (2000:23).




**Tabell 9 Kopling av sentrale planleggingsstradisjonar og medverkingsnivå, omarbeidd figur frå Arnesen(2000:23)**

<b>Friedmann(1987)</b>	<b>Arnstein (1969)</b>	
SOCIAL MOBILISATION	8.Citizen control / Sjølvråderett	Empowerment <sup>10</sup> / Tildelt makt
SOCIAL LEARNING	7.Delegated power/ Delegering	Participation <sup>11</sup> /Deltaking
	6.Partnership/ Samarbeid	
	5.Placation/ Representasjon	Tokensim/ Symbolsk
SOCIAL REFORM	4.Consultation/ Samråd	
POLICY ANALYSIS	3.Informing /Informasjon	Non- participation / Ikkje deltaking
	2.Therapy / Terapi	
	1. Manipulation/ Manipulasjon	

Eg ser for meg at landskapsressursanalysen, med sine siktemål og praksis, høver inn på trinn fire i stigen til Arnstein, på grunn av inntrykket at folk sin bruk, oppleving og oppfatning av landskap er sentralt. Metoden er fersk og under utprøving og kan med tida forandre seg og flytte seg på stigen. Kva skal til for at metoden klatrar oppover stigen? Med utgangspunkt i problemstillingar som toler meir enn berre faglege tilrådingar, kan metoden legge opp til samarbeid mellom fagkyndige og folk flest. Samarbeidet kan gå ut på å finne fram til berekraftige og legitime løysingar, basert på både fagleg ekspertise og lokal kunnskap og innsikt. Ein tendens er allereie tilstades i Telemarksanalysen, med at konsulentane legg opp til at kommunane i fellesskap skal drøfte kva som utgjer regionalparken sitt "kjerneområde". Det eg saknar er at dei fagkyndige også skulle vere med på denne diskusjonen heilt fram til konklusjonen. Konsulentane i Aurland har ikkje kome med nokon eintydig konklusjon, men har sett opp tre prinsipielle alternativ for val av avgrensing som utgangspunkt for drøftinga.

<sup>10</sup> Empowerment er henta frå figur i Arnesen (2000:23), som tar utgangspunkt i Arnstein, men då i frå 1978. På grunn av mangelfull referering har eg ikkje klart å spore opp denne referansen. Omgrepet høver inn i det Arnstein (1969) omtalar som "degrees of citizen power"

<sup>11</sup> Tilsvarande som i fotnote nummer 7.



**Figur 20** Grader av medverking, frå inga innblanding frå ålmenta, til at ålmenta har full kontroll. Det optimale kan vere samarbeid mellom fagkyndige og ålmenta. Framstillinga er basert på Selman (2004:6).

Eg er viss på at det er fleire problemstillingar enn det som er nemnt ovanfor som kan tene på at det vert lagt opp til eit samarbeid mellom konsulentar og medverkjingsaktørar. I

Figur 20 har eg freista å framstille kva landskapsplanlegginga med fordel kan legge opp til i framtida; samarbeid mellom fagkyndige og ålmenta. Framstillinga bygger på ein figur som er presentert i Selman (2004:6) som omhandlar deltaking i forvaltning av verna områder, men er tilpassa det integrerte landskapsperspektivet; der landskapet er ein arena for planlegging, forvaltning og utvikling. Dersom samarbeid blir innarbeidd som ein del av landskapsplanlegginga i framtida, bør samarbeid også gjelde for medverkjingsbaserte analysemetodar som landskapsressursanalysen. På denne måten kan metoden klatre opp på medverkjingsstigen frå samrådsnivået (symbolsk medverking) til samarbeid (reell medverking). Mitt inntrykk er at metoden i dag er å finne heilt til venstre i Figur 20; Fagkyndige har kontrollen og berre rådfører seg med ålmenta.

Plasseringa på trinn fire i medverkjingsstigen til Arnstein, eller til venstre på

Figur 20, er eit bilete på korleis eg oppfattar landskapsressursanalysen per i dag, basert på erfaringar med Telemarksanalysen. I fylgje Arnstein representerar trinn fire ei form for symbolsk medverking. Fiskaa (2005) støttar seg til medverkjingsstigen og framhevar at medverking bør vere reell påverking gjennom samhandling med andre, med andre ord minimum trinn seks. Om medverking bør vere symbolsk eller reell vil eg drøfte nærare, men

fyrst vil eg sjå kor i modellen til Friedmann (1987), (jf. Tabell 9), landskapsressursanalysen kjem ettersom eg plasserte den på samrådstrinnet til Arnstein.

Direkte lest ut av Tabell 9 hamnar landskapsressursanalysemetoden inn i tradisjonen; sosial reform, (jf. Figur 21), ettersom eg plasserte metoden på stigetrinn nummer fire. Sosial reform er den tradisjonen, eg nemner i kapittel 2, som går eit steg vidare frå å vere reindyrka ekspertfokusert til å involvere politikarar. Etter kva Figur 9 syner, har reformtradisjonen å gjere med instrumentell planlegging. Dersom landskapsressursanalysen skal plasserast i ei retning der instrumentell planlegging er kjenneteikn, samsvarar det ikkje med forståinga eg har for teorien eller metoden. På grunnlag av teoristudiet, vil eg hevde at medverking har vokse fram som er ein reaksjon på ekspertplanlegginga (instrumentell planlegging) . Sidan landskapsressursanalysemetoden legg til rette for medverking, blir det motstridande å plassere han i ein tradisjon utan assosiasjonar til medverking og kommunikativ planlegging. Som ei forklaring på den uventa plassering vil eg framheve kva Arnesen (2000:23) meiner om å plassere framgangsmåtar inn i modellen til Friedmann; *"Ikkje alle framgangsmåtar for planlegging vil passe rett inn i modellen og nokon vil i teorien høyre heime i ein tradisjon, men i praksis vil han tilhøyre ein annan"*. I mitt tilfelle med landskapsressursanalysen verkar det som at denne ikkje passar rett inn i modellen. Ein grunn kan vere at tradisjonane som er å finne i modellen eigentleg er reindyrka tradisjonar, som ein sjeldan finn i praksis, i fylgje Adam & Veggeland (1998).

<b>TRADISJONAR I PLANLEGGING</b>  Komplexitet ↑ Maktstruktur ↓	<b>KONSERVATIV PLANLEGGING</b>  Liten kompleksitet og er difor ofte avgrensa til å gjelde prosjekt eller enkelt saker med klare mål.	<b>RADIKAL PLANLEGGING</b>  Stor kompleksitet og mange samanhengande saksfelt, der måla ofte kan vere uklare og/ eller konfliktfylte, typisk kontinuerleg planlegging
	<b>ANALYSETRADISJON</b> <i>(policy analysis)</i> Slutningsorientert Uavgrensa INSTRUMENTELL	<b>REFORMTRADISJON</b> <i>(social reform)</i> Prosessorientert Uavgrensa INSTRUMENTELL
<b>SAMFUNNSSTYRING</b> <i>(societal guidance)</i>  Kunnskap for handling gjennom bruk av <b>Instrumentell planlegging</b> der kunnskap om årsak-virkning fører til handling  - Maktkonsentrasjon; få deltakarar har innverknad - Styring ovanifrå og ned	<b>LANDSKAPSSRESSURSANALYSE</b> - Teoriar: <b>Synoptisk, analytisk og rasjonell planlegging</b> - Jakt etter beste-løysning; - målformulering - alternativsøkingar - konsekvensanalyse - evaluering av konsekvensar - vedtak	- Teoriar: <b>Konflikthandling og Prosessorientert</b> - Søkjer rimelege løysingar - Forandring skjer gjennom små skritt - Representativt utval av demokratiet styrer
<b>SAMFUNNSENDRING</b> <i>(societal transformation)</i>  Kunnskap for handling gjennom bruk av <b>Kommunikativ planlegging</b> der læring og mobilisering fører til handling  - Maktfordeling; mange aktorar påverkar utfallet - Forandring nedanifrå og opp	<b>LÆRINGSTRADISJON</b> <i>(social learning)</i> Avgrensa KOMMUNIKATIV Prosjekt- og læringsorientert  <b>LANDSKAPSSRESSURSANALYSE</b> - Teoriar: <b>Advokatplanlegging og forhandlingsplanlegging</b> - Forståing, endringsprosess, medverking, forhandling og konfliktløysing - Læring gjennom praksis, forsøk og evaluering - Teori og praksis veg tungt	<b>MOBILISERINGSTRADISJON</b> <i>(social mobilization)</i> Uavgrensa KOMMUNIKATIV Prosess- og læringsorientert  <b>LANDSKAPSSRESSURSANALYSE</b> - Teoriar: <b>Transaktiv planlegging og radikal planlegging</b> - Direkte kollektive aksjonar nedanifrå - Sjølvhjelpstrategi - Aktiv mobilisering - Heilskapeleg og gjennomgripande

**Figur 21** Plassering av landskapsressursanalysemetoden, på bakgrunn av Arnesen (2000) si kopling av modellen til Friedmann og stigen til Arnstein.

For landskapsressursanalysen, og andre metodar som blir utvikla no, vil mange hente element frå alle dei fire tradisjonane. Det er, som nemnt i planleggingsteorien (kapittel 2), ei styrke å kombinere fleire tradisjonar, jf. Etzioni sin "mixed scanning" og "SITAR- metaforen" til Hudson. Landskapsressursanalyse er ein metode som hentar element frå dei ulike tradisjonane, og kan derfor ikkje plasserast rett i ein av tradisjonane i modellen. Landskapsanalysen omfattar eit ekspertbasert arbeid, medan stadkjensla krev involvering av folk flest. Metoden er såleis ikkje ein reindyrka variant. Eg har difor kome fram til at det mest høvelege, med tanke på landskapsressursanalysen, er å slå ein sirkel rundt alle tradisjonane (jf. Figur 22, neste side).

<b>TRADISJONAR I PLANLEGGING</b> Maktstruktur Komplexitet	<b>KONSERVATIV PLANLEGGING</b> Liten kompleksitet og er difor ofte avgrensa til å gjelde prosjekt eller enkelt saker med klare mål.	<b>RADIKAL PLANLEGGING</b> Stor kompleksitet og mange samanhengande saksfelt, der måla ofte kan vere uklare og/ eller konfliktfylte, typisk kontinuerleg planlegging
	<b>SAMFUNNSSTYRING</b> <i>(societal guidance)</i> Kunnskap for handling gjennom bruk av <b>Instrumentell planlegging</b> der kunnskap om årsak-virkning fører til handling - Maktkonsentrasjon; få deltakarar har innverknad - Styring ovanifrå og ned	<b>ANALYSETRADISJON</b> <i>(policy analysis)</i> Prosessorientert Uavgrensa INSTRUMENTELL - Teoriar: <b>Synsk, analytisk og rasjonell planlegging-</b> - Jakt etter beste-løsning; målformulering - alternativsøkingar - konsekvensanalyse - evaluering av konsekvensar - vedtak
<b>LANDSKAPSPRESSURANALYSE</b> (KOMMUNIKASJON) (LÆRING) MIXED SCANNING		
<b>SAMFUNNSENDING</b> <i>(societal transformation)</i> Kunnskap for handling gjennom bruk av <b>Kommunikativ planlegging</b> der læring og mobilisering fører til handling - Maktfordeling; mange aktører påverkar utfallet - Forandring nedanifrå og opp	<b>LÆRINGSTRADISJON</b> <i>(social learning)</i> Avgrensa KOMMUNIKATIV Prosjekt- og læringsorientert - Teoriar: <b>Advokatplanlegging og forhandlingsplanlegging</b> - Forstått endringsprosess, medverking, forhandling og konfliktløysing - Læring gjennom praksis, forsøk og evaluering - Teori og praksis veg tungt	<b>MOBILISERINGSTRADISJON</b> <i>(social mobilization)</i> Uavgrensa KOMMUNIKATIV Prosess- og læringsorientert - Teoriar: <b>Transaktiv planlegging og radikal planlegging</b> - Direkte kollektive aksjonar nedanifrå - Sjølvhjelpstrategi - Aktiv mobilisering - Heilskapeleg og gjennomgjennande

**Figur 22** Alternativ plassering av landskapsressursanalysemetoden, sidan metoden inneheld element frå alle tradisjonane.

Enda viktigare enn å plassere metoden inn i modellen, er å drøfte kva slags grad av medverking landskapsressursanalysemetoden bør legge opp til. Spørsmålet blir difor ikkje kor metoden er i dag, men meir kor den bør vere i framtida. Mange vil tenke at medverkinga sjølv sagt bør vere reell dersom det skal vere noko poeng i å vere deltakande. Fiskaa (2005) er av denne oppfatninga og meiner at medverking bør vere reell påverking gjennom samhandling med andre. Eg kan vere einig med Fiskaa, men eg vil heller ikkje avvise at symbolsk medverking også har ein verdi. Slik eg ser det vil det ikkje vere fagleg forsvarleg å involvere folk flest i alle situasjonar. I nokre samanhengar er det viktigare med ei fagleg vurdering som kan tene landskapet på ein berekraftig måte, enn medverking frå sterke marknadsaktørar med økonomisk perspektiv på bruken av landskap. Eg ser trongen for å finne balanse mellom ekspertbasert planlegging og planlegging som involverar folk flest.

Når det gjeld landskapsressursanalyse kan det vere føremålsteneleg å ha reell medverking ut i frå siktemålet om at analysen skal forankrast hjå dei lokale. Det kan også vere ein fordel med reell medverking i forhold til at dei lokale skal bli mobilisert til å satse på landskapsressursar som gjennom analysen blir synleggjort, i utvikling av staden. Som nemnt i kap. 3.3.1 er det viktig at dei som skal *bere* utviklinga vidare, må kunne legitimere og forstå dei utviklingsgrepa som er tatt i bruk (Butters 2002). Samstundes kan reell medverking vere "blendande" for fagfolk. Eg vil framheve at medverking og innflytelsen frå medverkarane ikkje må gå utover den faglege

kvaliteten med analysearbeidet som skal bli gjort. Fagfolk må framleis gjere analyse med berekraftige tilrådingar og strategiar som kan forsvarast fagleg. Planleggaren si rolle må både vere å koordinere ein medverkingsprosess, samt ha det faglege ansvaret. Ut i frå eit slikt perspektiv, kan det vere mest høveleg med symbolsk medverking for å få til ei berekraftig utvikling, og for å unngå at fagfolk mistar fotfeste i tradisjonen.

## 7.2 LANDSKAPSRESSURSANALYSE, GOD METODE FOR IMPLEMENTERING AV DEN EUROPEISKE LANDSKAPSKONVENSJONEN SITT SIKTEMÅL OM AKTIV MEDVERKING?

---

Det er for tidleg å kunne gje eit fullgodt svar på om landskapsressursanalysen kan vere ein god metode for å implementere siktemål i ELC, sidan erfaringsgrunnlaget er svært avgrensa. Eg vil ut ifrå prinsipielle drøftingar av metoden og empiriske funn, freiste å kome med eit førebels svar på spørsmålet. Eg vil fokusere på om metoden tilfredstiller kravet om aktiv medverking, og korleis det tar omsyn til den nye definisjonen av landskap.

### 7.2.1 LANDSKAPSRESSURSANALYSEN LEGG OPP TIL AKTIV MEDVERKING, I TRÅD MED ELC

---

I fylgje landskapskonvensjonen sin artikkel 6 c nr 1 i ELC, (jf. Tabell 4, kapittel 3.3.2), har partane av konvensjonen forplikta seg til å legge til rette for *aktiv* medverking frå publikum, lokale og regionale styresmaktar. MD freistar å legge til rette for dette, mellom anna gjennom arbeidet med Telemarkskanalen som regionalpark. I samband med dette har ein sett trongen for å utvikle nye analysemetodar for å analysere landskap. Landskapsressursanalysen er ein slik medverkingsbasert analysemetode. Metoden gjeld analyse og plasserast i tid før prosessen med utforming av planar. Medverking allereie i analyseprosessen gjev større moglegheiter for å betre planutforminga. Tidspunktet for medverking vil påverke moglegheitene for ein reell medverkingsituasjon, noko også Gaukstad & Sønstebø (2003:42) trekkjer fram. For å kunne seie om medverkinga i landskapsressursanalysen er reell, er det naudsynt å drøfte kva *aktiv* medverking er.

Med forståing for kva passiv deltaking går ut på kan ein også forstå aktiv deltaking. Holsen (2000) har, som nemnt i kapittel 6.2.1, forklart at passiv deltaking er når ein berre responderar på eit forslag, og ikkje er medverkande i utforminga av det. Clemetsen et al. (2010) skildrar også, slik som Holsen (2000), den passive deltakinga som manglande rom for innflytelse og vil berre vere ein situasjon der ein får informasjon om at noko skal skje eller har skjedd. Med andre ord er det ingen grad av innflytelse. Ut i frå forståingar som dette, finn eg det tvillaust å omtale medverkinga i landskapsressursanalyse som noko anna enn aktiv medverking. I tabellen under,

Tabell 10, vil eg gjere det klart kvifor eg meiner landskapsressursanalysen legg opp til aktiv medverking. Øvst i denne tabellen finn ein det som er definert som passiv deltaking, resten er slik eg forstår innhaldet, aktiv medverking.

**Tabell 10 Landskapsressursanalysen sett i samanheng aktiv og passiv deltaking, omarbeidd figur frå Clemetsen et al. (2010:13), (jf. Figur 6).**

<b>Grader av medverking</b>	<b>Samsvarar med landskapsressursanalysemetoden, ja eller nei?</b>
<b>Passiv deltaking</b> Ta i mot informasjon om det som skal skje, eller at har skjedd.	Nei. Som medverkar i landskapsressursanalysen er det meir enn berre informasjon om kva som skal skje.
<b>Informanten si rolle</b> Folk deltek gjennom å svare på spørsmål/spørjeskjema utarbeidd av eksterne konsulentar	Ja. Dette kjenner ein igjen frå fase 4, tolke, (jf. kapittel 5.3) og arbeidet med stadkjensle.
<b>Konsultasjon</b> Folk oppsøkast direkte for å kunne gje informasjon og fremje synspunkt i ein sak.	Ja. Fase 2, konkretisering (jf. kapittel 5.3). Medverkarane er utvalte nykelinformantar.
<b>Informasjonsinnsamling</b> Folk deltek gjennom å skaffe informasjon, bakgrunnsmateriale og annan kunnskap som er relevant for landskapsanalysen	Nei. Dette er gjeld ikkje folk flest, verken i framgangsmåten (kapittel 5.3) eller etter korleis eg har forstått arbeidet med analysen i Telemark. Derimot var det studentar frå UMB som har vore medhjelpande i å finne kunnskap til analysen i Telemark.
<b>Funksjonell deltaking</b> Deltaking gjennom å danne lokale arbeidsgrupper, som kan bidrage med kunnskap og råd inn i analysearbeidet og planprosessen.	Både ja og nei. I Telemarkanalysen fekk representantar frå kommunane kome med kommentarar og endringar til eit utkast av analyserapporten. Dette vart tatt omsyn til i utforminga av den endelege rapporten. Folk flest hadde ikkje ei slik funksjonell rolle.
<b>Interaktiv deltaking</b> Folk deltek aktivt i heile analyseprosessen i samarbeid med oppdragsgjevar og konsulent.	Både ja og nei. Også her er det representantar frå kommunane (involverte i etablering av den eventuelle regionalparken), som deltek aktivt gjennom heile analyseprosessen. Dette gjeld ikkje folk flest.
<b>Eigenmobilisering</b> Innbyggjarane tar sjølv initiativ til å definere mål og skaffe ressursar til å få gjennomført landskapsanalysar for eit område, som grunnlag for vidare planlegging.	Nei.

Medverking er ikkje eintydig og mange brukar omgrepet forskjellig. Eg har blitt meir merksam på at kva ein legg i ordet medverking i høgste grad vil påverke deltakarane sin moglegheit for innflytelse. Gjennom å ha studert Arnstein sin medverkingsstige har eg blitt i tvil om den *aktive*

medverkinga ein legg opp til i landskapskonvensjonen, planlovgjevinga og medverkingsbaserte analysemetodar, eigentleg er reell. Eg er redd for at omgrepet aktiv medverking har kome inn som honnørord, eit ord som gjev positive assosiasjonar, men som ikkje naudsynt vil omfatte reell medverking. Det er ikkje nok å seie at ein vil ha aktiv medverking, ein bør og utdjupe kva ein legg i omgrepet. Dessverre er det vanskeleg å lese både ut frå konvensjonen og planlova kva dei definerar som aktiv medverking.

Etter å ha arbeidd med materialet og masteroppgåva har eg forandra syn på medverkingsomgrepet. I samband med artikkelen "*Er landskapsressursanalyse eit godt verktøy for implementering av den europeiske landskapskonvensjonen og kravet om medverking i planlegging*", frå hausten 2009, hadde eg tankar om at landskapsressursanalysen var høgt oppe på medverkingsstigen til Arnstein. Sidan metoden hadde som siktemål å legge opp til mobilisering og lokal forankring, såg eg for meg at medverkinga var reell og aktiv. Som medverkingsaktør i prosessen med landskapsressursanalysen, bidreg ein med viktig informasjon og kunnskap om landskapet. Dette tilfredstiller konvensjonen sitt siktemål angående aktiv medverking, men inviterar likevel ikkje til reell innflytelse med moglegheiter for medbestemming. Etter kvart som eg har arbeidd og fått meir innsikt i landskapsressursanalysemetoden, ser eg at medverkinga meir er ein form for symbolsk innflytelse. Medverkingsaktørane kan berre kome med innspel, og det er heller ingen garanti for at innspela blir tatt omsyn til av dei fagkyndige.

I plan og bygningslova har det, som nemnt tidlegare i denne oppgåva, kapittel 3.1, skjedd ei utvikling i lovteksten. I 1985 var det tale om aktiv medverking og i 2008 er *aktiv* ikkje lengre ein del av ordlyden. Kva har skjedd? Kvifor har ein valt å ikkje ta med ordet? Denne drøftinga vil eg gå nærare inn på i kapittel 7.3 På bakgrunn av drøftinga så langt meiner eg at ein i framtida må bli meir konsekvent på å definere kva grad av medverking ein legg opp til, og ikkje berre omtale det som aktiv medverking. Ei slik definering kan ha stor førebyggjande effekt. Ein kan unngå konflikhtar på bakgrunn av at forventningar til deltakinga ikkje blir innfridd, i analyseprosessar så vel som planleggingsprosessar. Før eg gjeng inn på det vil eg drøfte landskapsressursanalysen tar omsyn til den nye definisjonen av landskap som vart introdusert i samband med landskapskonvensjonen.



## 7.2.2 LANDSKAPRESSURSANALYSEN TAR OMSYN TIL ELC SIN DEFINISJON AV LANDSKAP

---

Landskapsressursanalysen tilpassar seg den nye definisjonen av landskap; *eit område slik som folk oppfattar det...*”, som konvensjonen legg opp til. Metoden er lagt opp til at ein mellom anna skal få innsikt i korleis folk oppfattar, opplever og brukar landskapet (Clemetsen 2009b; Svardal 2009). Eg tolkar det slik at definisjonen til ELC bygger på noko meir abstrakt enn kva tidlegare landskapsdefinisjonar har gjort (jf. kapittel 4.5.). Etter ELC er landskapet å finne i mennesket som subjektive oppfatningar, samsundes som det er noko ute i naturen som både er objektivt og fysisk. Denne vide definisjonen meiner eg landskapsressursanalysen tar omsyn til gjennom stadkjenslearbeidet. I søk etter å finne ut kva landskapet tyder for folk, korleis folk opplever, oppfattar og brukar landskapet, vil ein få tak i den abstrakte delen med definisjonen. Eg er freista til å hevde at den menneskelege dimensjonen i samband med landskap ikkje er ny, men markerar eit klårare skifte i landskapsplanlegginga. Slik eg ser det kan det trekkast parallellar mellom det kjente fagomgrepet *landskapsbilete*, (som lenge har vore nytta innan areal- og landskapsplanlegging), og den nye definisjonen til ELC på grunnlag av fylgjande. ELC meiner at landskap er eit område som har eit særpreg som fylgje av naturlege og eller menneskelege faktorar. Dette vil seie at naturen og menneske kan ha tilført landskapet, altså eit område, særeigne kvalitetar som kan oppfattast ulikt av menneska. Når det gjeld landskapsbiletet kan det, i fylgje Bruun(1996:12), vere eit identitetsmerke som er prega av både natur og kulturarva vår: *”Landskapsbilete er et produkt av naturens egne prosesser, men også av vår bruk og skjøtsel av områdene gjennom tidene ”*. Eit landskapsbilete blir av *Fredningsstyrelsen*, sitert i Bruun (1996:7) definert som *”det landskap som man ser og herved umiddelbart opplever.”*

Frå å vere basert på ei fysisk landskapsforståing, har altså sjølve landskapsdefinisjonen tatt omsyn til ein menneskeleg dimensjon. ELC har slik eg ser det ein dynamisk definisjon av landskap sidan folk si oppfatning er vektlagt. Dynamikken ligg i at det fysiske landskapet vil endre seg over tid, noko som og gjeld for folk si oppfatning av landskap. Slike dynamiske definisjonar er, som tidlegare nemnt i samband med omgrepet landskapsbilete, ikkje ukjent i landskapsplanlegginga. I tillegg til at landskapsbilete bygger på ei fysisk forståing av kva landskap er, har han også ei dynamisk vinkling. Landskapsbiletet omhandlar menneska sine visuelle opplevingar av landskapet og vil bli påverka av luktar og lydar. Karakteren av landskapsbiletet vil med andre ord endre seg kontinuerleg og gjer omgrepet til noko dynamisk, slik som med ELC sin landskapsdefinisjon. Trass i den dynamiske dimensjonen er det naudsynt å ha ein generell og statisk karakteristikk av eigenskapane til landskapsbilete. Dette vil vere avgjerande for at ein skal kunne nytte seg av omgrepet i skildring og evaluering av områder, meiner Bruun (1996). I samband med evaluering av kvalitetar i landskapsbilete er det i fylgje

Bruun (1996), to retningar som har dominert i seinare tid. Den eine retninga ser på landskapsbiletet som noko subjektivt, og det er denne retninga eg vil trekke fram. Retninga freistar å nytte intervjugrupper for å finne fram til landskap som menneske føretrekker og syns best om, slik som me kjenner til frå landskapsressursanalysen. Ut i frå innkomne data, utarbeidar ein eit referansesystem basert på hovudtrekka. Slik eg ser det er kritikken og framgangsmåten, med unntak av referansesystemet, i tråd med stadkjensleintervju. Gjennomføringa av stadkjensleintervjua i Telemarkanalysen er omtala som tidkrevjande og omfattande, tilsvarande har retninga som Bruun (1996) nemner, også fått kritikk for.

Når det gjeld ELC definisjonen er eg litt usikker på korleis det kan bli å etterprøve eit fagleg arbeid som har tatt utgangspunkt i ein så vid og subjektiv definisjon; *"slik som folk oppfattar eit område.."*. Kanskje kan eit referansesystem, som nemnt ovanfor, vere eit alternativ. Eit godt utgangspunkt for å strukturere og få samanliknbare svar, er å nytte sjekklista til Clemetsen (2009b), (jf. vedlegg 1). Landskapsressursanalysen er ein metode eg ser for meg at med fordel bør ta tak i dei konkrete karakteristikkane i sjekklista og i arbeidet med stadkjensla. På denne måten blir det enklare å finne ei dominerande stadkjensle slik folk flest oppfattar det, og som kan nyttast i vidare planlegging, utvikling og forvaltning av landskapet. Innan planlegging og analysering av landskap vil ein i framtida trenge metodar som tar stilling til, og problematiserar, den dynamiske dimensjonen. Landskapsressursanalysen bør vidareutviklast, og erfaringar med prosessen bør dokumenterast og gjerast tilgjengeleg for andre som skal utvikle medverkjingsbaserte metodar. Andre utviklarar kan ha stor nytte av å få innsikt i styrkar og veikskapar med prosessen og metoden.

### 7.3 GOD METODE FOR Å IMPLEMENTERE KRAVET OM MEDVERKING I PLANLEGGING?

---

Dei juridiske krava som gjeldande planlov av 2008 stiller opp (jf. kapittel. 5) om medverking, gjeld for eit anna nivå enn analyser; nemleg planprosessar. I lovteksten er det utforming av *planforslag* som krev at alle skal legge til rette for medverking gjennom varsling, høyring og offentleg ettersyn. Eg syns det blir feil å drøfte korleis ein uformell prosess, som landskapsressursanalysen er, implementerar juridiske krav som gjeld formelle prosessar med heimel i PBL. Meir interessant er det å drøfte korleis føringane i planlova som gjeld medverking har utvikla seg i lovteksten. Frå 1985 -2008 gjekk ordlyden frå å vere *aktiv medverking* til berre å bli *medverking*. Kva har dette å seie for medverking i planlegging? Til slutt i dette kapitlet tar eg opp tråden frå kapittel 3.2 om at privat initiert planlegging kan vere ein trussel for medverking blant folk flest. Eg vil nytte høve til å drøfte korleis planlova av 2008 sin framheving av medverking kan dempe denne trusselen, samstundes som eg vil drøfte om utlating av ordlyden *aktiv* kan auke trusselen.

### 7.3.1 ORDLYDEN AKTIV, IKKJE LENGER FRAMHEVA I SAMBAND MED MEDVERKING I NY PBL

---

Eg framheva i kapittel 3 at medverking også har blitt synleg i lovverket. Interessante forskjellar i Tabell 1 synleggjer at medverking har fått ein framheva plass i ny PBL av 2008, men har samstundes ei endring i seg som kan tolkast som ein tilbakegang. Ordlyden ein kjenner frå 1985; "aktiv medverking" har forsvunne frå den reviderte og gjeldande lovteksten. Det blir feil å seie at den har forsvunne heilt, fordi i § 5-1, 2.ledd har det blitt heimla at kommunen skal sikre *aktiv* medverking frå særskilte grupper, til dømes born og unge. Med unntak av dette er det ikkje lengre presisert i lovteksten at medverkinga skal vere aktiv. Ein kan bli freista til å spørje om framhevinga av medverking i formålsparagrafen og i eit eige kapittel, berre har vore ei symbolsk handling. Er framhevinga berre for å tilfredstille føringar i landskapskonvensjonen som har påverking på lovgjevinga i Noreg? Særskilte grupper har rett på å kunne medverke aktivt, men kva har denne utelatinga å tyde for folk flest sin plass i medverkingssprossar?

I Ot. prp nr.32 (2007-2008), forarbeida til PBL av 2008, har Miljøverndepartementet gjennomgåande nytta aktiv medverking. Dei uttala til og med fylgjande (side 81); "*loven bør klargjøre at alle som utarbeider og fremmer planforslag skal ha en plikt til å legge til rette for aktiv medvirkning.*" (eiga understreking). For meg verkar det som at det har skjedd ein glipp i sjølve utarbeidinga av lovteksten, meir enn berre ei symbolsk handling. Eg kunne ynskje at formålsparagrafen og kapittel 5 i lova, vart supplert med ordlyden *aktiv* knytt til medverking. Når det er sagt, hadde eg helst sett at *graden* av medverking vart definert. Aktiv medverking i seg sjølv kan vere så mangt, som eg har vore inne på før; symbolsk, så vel som reell. Vidare vil eg drøfte om private initierte planprosesser kan vere ein trussel for medverking frå folk flest.

### 7.3.2 PRIVAT INITIERT PLANLEGGING EIN TRUSSEL FOR MEDVERKING?

---

I kapittel 3.1 stilte eg spørsmålet om revideringa av PBL frå 1985 kan vere med på å førebygge og forhindre at privat planlegging utelet offentleg deltaking? I den nye planlova som trådde i kraft 1.juli 2009 verkar det for meg som om ein har tatt omsyn til denne utfordringa og trusselen for demokratiet. Eg tenker då spesielt på § 5-1 i plan og bygningslova av 2008. Ordlyden er som fylgjer; "*Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.*" Som mi understreking viser, gjeld tilrettelegging av medverking for *alle* som fremjar planar. Difor skal private planforslag i teorien ikkje utgjere nokon trussel for offentleg deltaking. Sidan gjeldande plan nyleg trådde i kraft, er det for tidleg å seie noko om korleis framtida til offentleg deltaking vil bli. Det ser i vertfall ljosare ut for demokratiet nå som lovteksta klårt presiserar

*kven* som skal legge til rette for medverking . Det eg er meir skeptisk til er i kva grad medverking vil bli gjennomført og lagt opp til, sidan lovteksta ikkje har tatt omsyn til om det er symbolsk eller reell medverking (jf. medverkingsstigen til Arnstein (1969)). Samstundes er det ein trussel at aktiv medverking ikkje er framheva i § 5-1. Heimelen legg berre føringar om at planforslag skal legge til rette for medverking. Slik som det er no kan private forslagsstillarar tolke medverking til berre å omfatte passiv deltaking. Dette er nok eit argument for at definering av medverkingsgrad kan vere ein sikkerheitsventil og ein fordel for gjennomføring. Ein kan stille spørsmålet om lovteksten svekkar intensjonane i den europeiske landskapskonvensjonen om aktiv medverking. Mi meining er at aktiv medverking, samt ei tydlegare definering av medverkingsgraden, burde kome inn i lovteksta som ei lovendring.

#### 7.4 KORLEIS BØR LANDSKAPSRESSURSANALYSEN VERE ?

---

Ei direkte oppfylging av analysen og vurderingane i kapittel 6 er drøftinga om korleis landskapsressursanalysemetoden bør vere. Nedanfor kjem ei opplisting av sentrale moment om korleis metoden bør vere ut i frå mitt syn.

**FORVALTA AV FAGFOLK.** Eg ser trongen for at det er fagkyndige som forvaltar landskapsressursanalysen, sjølv om det i framtida blir utarbeidd ei rettleiing for korleis ein skal gjennomføre metoden. I kvart prosjekt som legg metoden til grunn, må det vere med fagfolk som har innsikt i landskapsanalyse og medverkingsprosessar. Fagfolka sin funksjon bør vere å rettleie, men også sikre at kvaliteten på analysen er fagleg forsvarleg.

**DYNAMISK.** Landskapsressursanalysen bør halde på dei karakteristiske komponentane; landskapsanalyse og stadkjensle. Dette gjer metoden til ei blanding av ekspertvurdering og innspel frå lokalbefolkninga. Samstundes bør det framover vere ope for å utvikle nye teknikkar og reiskap for å få innsikt i stadkjensla. Eg tenker då særleg på bruken av sosiale media. Tekniske verkemiddel som fotokamera, videokamera, bandspelar og liknande kan vere med på å synleggjere frivillige innspel og få fram stadkjensla hjå ulike folk. Dette kan vere ein god måte å få unge folk til å ta del i medverkingsprosessen. Eg ser også for meg at metodane som Brockett og Vide (1991) trekkjer fram, (jf. kapittel 3.5), vil vere moglege å ta i bruk. Arbeidsbokmetoden er ein metode eg har særskilt tru på, særleg med tanke på å få innsikt i korleis born og unge oppfatar og brukar landskapet. I tillegg kan eit høyringsmøte vere eit supplement til fase 2 i landskapsressursanalyseprosessen. Uansett kva slags metode ein vel å bruke trur eg metoden sin dynamiske tilpassingsevne kan vere avgjerande for levetida til metoden. Med rom for tilpassing og vidareutvikling kan metoden nyttast til fleire prosjekt og situasjonar. Eg meiner

ikkje at ein skal streve for å få tilpasse metoden til ein kvar situasjon, men nytte han i situasjonar der det kan vere føremålsteneleg.

IKKJE EIN DEL AV PLANPROSESSEN. Metoden bør omfatte ei utarbeiding av ei analyse, ikkje av både analyse og planforslag. Grunnen til at eg nemner dette er fordi eg har fått inntrykk av at utviklarane tillegg prosessen meir innhald enn det som er fagleg korrekt. Med bakgrunn i fylgjande uttaling frå Clemetsen (2009b:9) blir landskapsressursanalysen tillagt ei utvida rolle i forhold til kva eg meiner ei analyse er; *”Landskapsressursanalysen omfatter en hel prosess frå et behov oppstår til å utvikle en plan som kan løse et aktuelt problem eller ønske, til forslag til plan foreligger”*. Planane som er sikta mot i sitatet er mellom anna bygdeutviklingsplanar, skjøtselsplanar, forvaltningsplanar, regulerings- og kommunedelplanar (Clemetsen 2009b). Landskapsressursanalyse som prosessen omfattar etter denne uttalinga, slik eg tolkar det, både analysen og utarbeiding av sjølv planforslaget.

Etter mi meining blir det fagleg ukorrekt å tillegge analyseprosessen meir innhald enn sjølv arbeidet med analysen, fram til og med utarbeidinga av analyserapporten. At landskapsressursanalysen kan peike på forslag til strategiar og tiltak, slik som i analysen *”Telemarkskanalen som regionalpark”*, er eg eining i. Derimot meiner eg at det er fagleg ukorrekt å seie at analyseprosessen også skal omfatte utarbeiding av forslag til plan. Utarbeiding av reguleringsplanar og kommunedelplanar har eigne juridiske prosesskrav, som er heimla i PBL. Planprosessar som gjeld reguleringsplanar eller kommunedelplanar krev at forslagsstillaren varslar oppstart av planarbeidet, samt at forslaget blir sendt på høyring og leggst ut til offentleg ettersyn (jf. kapittel 11 og 12 i ny PBL). Arbeidet med eit planforslag som tar utgangspunkt i analysen er ein planprosess, ikkje ein analyseprosess. Arbeidet bør heller ikkje bli omtala som noko anna enn det. Sidan metoden ikkje er ferdig utvikla, er det mogeleg at uttalinga ikkje er grundig gjennomtenkt. Ein kan også vere kritisk til at kjelda som utsegna er henta frå berre er eit notat. Eg finn det likevel relevant å framheve slik at det kan bli tatt opp til drøfting. Momentet bør få ei oppklaring før tankegangen blir innarbeidd og formidla til for mange. Ein bør streve etter å unngå fagleg forvirring, misforståingar og urette forventningar til prosess og produkt.

INGEN FASIT. Landskapsressursanalysen er ingen fasit, sjølv om det både er ei blanding av faglege vurderingar og innspel frå folk flest. Det vil alltid berre vere ei oppfatning av landskapet ut ifrå den tida han finn seg i. På samlinga i Morgedal, 18.-19.mars 2010, vart det påpeika noko som eg støttar og meiner at fortener merksemd. Geir Berge Nordtveit i Telemark Fylkeskommune forklara korleis ein kan forstå landskapsressursanalysen. I uthevinga nedanfor freistar eg å framheve hovudrekka i forklaringa til Nordtveit:

*Landskapsressursanalysen vil ikkje vere nokon fasit, men ei oppfatning i forhold til korleis ein opplev landskapet på eit gjeve tidspunkt. Det er ikkje sanninga som blir avdekt, men landskapsressursane, haldningane og verdiane i vår tid blir synleggjort, gjennom ein prosess og eit dokument.*

KULTURHISTORISK DOKUMENT. Landskapsressursanalysen vil vere viktig for framtida, som eit synleg dokument på korleis ein oppfattar landskapet på eit gjeve tidspunkt. Med utgangspunkt i skildringa ovanfor, er eg viss på at dokumentet vil vere eit viktig kulturhistorisk dokument i framtida. Ved å samanlikne landskapsressursanalyser frå ulike tidperiodar kan ein i framtida sjå, og få forståing av, ulike landskapsoppfatningar og korleis dei har endra seg. Det er ikkje ukjent at litteratur blir nytta for å studere landskapsendringar, det same gjeld også for ulike typar kunst (Jones 1999). Ei samanlikning av landskapet før og no har nyleg blitt utført av Norsk institutt for skog og landskap<sup>12</sup>. Utgangspunktet deira var det fysiske landskapet som endrar seg over tid. Dei har utarbeidd ei utstilling, ei bok og ei nettside der ein gjennom bilete av landskap før og no kan sjå konkrete endringar i landskapet. Siktemålet med arbeidet til Skog og Landskap er å gjere folk medvitne om landskapet og endringane som skjer der (Skog og Landskap 2006). På tilsvarande måte kan landskapsressursanalysen, som dokument, gjere folk i dag, samt framtidige generasjonar, medvitne om landskapet og endringane som skjer. Denne medvitsgjeringa er absolutt i tråd med den europeiske landskapskonvensjonen sine siktemål.

ANALYSE SOM TAR OMSYN TIL ÅRSTIDSVARIASJONAR. Jones (1999:3) peikar på at vêret, ljøsforhold, døgn- og årstidsvariasjonar kan påverke menneska si oppleving av landskap. Landskapsressursanalysen bør ta omsyn til dette, og legge opp stadkjensle samtalen slik at ein får innsikt i bruk, oppfatning og ressursar i forhold til dei ulike årstidene.

ETTERPRØVBAR ELLER IKKJE? Når det gjeld fagleg arbeid som skal vere utgangspunkt for vidare planlegging, forvaltning og utvikling, bør resultatet vere mogeleg å etterprøve. Som eg har påpeikt tidlegare vil den subjektive definisjonen av landskap, samt opplegget kring landskapsressursanalysen, gjere det vanskeleg å etterprøve fagleg arbeid. Med uttalinga til Nordtveit i bakhovudet stiller eg spørsmål om landskapsressursanalyser treng å etterprøvast. Samanlikna med prosessar der få aktørar er involverte, jf. instrumentell planlegging og analysetradisjonen i Friedmann sin modell, vil trongen for å etterprøve kanskje vere større? Kan ein seie at gjennom arbeidet med landskapsressursanalysen, der fleire aktørar er involverte og kvalitetssikrar arbeidet undervegs, gjer det mindre naudsynt å etterprøve? Dersom ein legg til

---

<sup>12</sup> Nettsida til Skog og Landskap (<http://www.skogoglandskap.no/artikler/2007/tilbakeblikk>) forklarar prosjektet "Tilbakeblikk- norske landskaps i endring". Direkte link for å sjå landskapsbilete før og no; [www.tilbakeblikk.no](http://www.tilbakeblikk.no)

grunn at analyseproduktet ikkje er meint å vere ein fasit, vil det vere eit anna argument for å lempe på trongen for å etterprøve? Dette understrekar kanskje også fordelene med at analysen er ein uformell prosess. For å kunne vurdere om analysen er allmenn gyldig, og det representative utvalet er godt, må medverkarane gjerast synlege i rapporten. Denne skildringa av medverkarar må vere i tråd med personvernet.

**FLEIRE MEDVERKARAR I FASE 2.** For å kunne gjere analysen til eit uttrykk for kva folk flest meiner om landskapet, bør fleire få deltake i prosessen i fase 2, stadkjenslearbeidet. Som eg nemner i analysen under punktet moglegheiter med produktet, har eg trua på at folk flest bør få ein sjanse til å medverke. Sjølv om datamaterialet blir meir omfattande vil ein få eit betre bilete av korleis folk flest oppfattar stadkjensla.

**DEL AV KOMMUNPLANPROSESSEN.** Det er for tidleg å konkludere, men eg vil stille spørsmålsteikn ved at prosessen er uformell. Eg ser for meg at landskapsressursanalysen vil vere eit godt grunnlag, og mobiliseringsverktøy, i samband med gjennomføring av ein kommuneplan. Gjennom ein prosess med landskapsressursanalysen vil kommunane bli meir medvitne om ressursar og verdiar i landskapet. Kunnskapen vil ha sterk tyding for korleis kommunane bør planlegge, forvalte og utvikle landskapet sitt. Dersom medverkingsprosessen i samband med landskapsressursanalysen fungerer på ein god måte, kan ein tidlegare enn kva som er lovfesta, få involvert folk flest. Det er større sjansar for at kommuneplanen blir tatt betre i mot av lokalbefolkninga, dersom ein tar i bruk ein variant av landskapsressursanalysen i arbeidet med kommuneplanen. Folk flest si eigarkjensle til kommuneplanen kan bli styrka, og ein kan forhåpentlegvis unngå mange kompliserte og ressurskrevjande konflikter i etterkant av kommuneplanvedtaket.

## 7.5 KVA KAN GJERAST OM PÅ FOR Å BETRE LANDSKAPRESSURSANALYSE METODEN ?

---

**DEFINERE KVA SLAGS GRAD MEDVERKING EIN LEGG OPP TIL.** Uansett om det er symbolsk eller reell medverking ein legg opp til, må det tydeleggjerast for dei som er aktuelle medverkarar. Kanskje ein må gjere som Selman (2006) framhevar; ha ulik grad av medverking til forskjellige aktørar og til ulike tider. Kanskje må dei fagkyndige avgjere kva slags funksjon og medverkningsgrad dei ulike aktørane og handlingane skal tillegast; informantrolle, samarbeidspartnarar, rådføranderolle eller direkte involvert i avgjersler i kvart enkelt prosjekt?

**SYNLEGGJERE BETRE KVEN SOM ER MEDVERKANDE.** Analyserapportane bør i større grad, enn kva som er tilfelle i Telemarksprosjektet, synleggjere kven som har vore medverkande. Dette er naudsynt med tanke på å etterprøve kor representativt utvalet har vore, og om analysen er eit bilete på kva folk flest meiner.

**KARTLEGGE OG IDENTIFISERE BETRE KVEN SOM BØR MEDVERKE.** Eg forstår framhevinga av aktuelle involverte aktørar i analyseprosessen, (jf. vedlegg 3), som ei form for identifisering slik som Selman (2006) tilrår. Eg er redd for at den identifiseringa som blir lagt opp til i analysemetoden ikkje er så god som den burde ha vore. Mitt forslag er at ein tar utgangspunkt i Selman (2006) sine fasar for kartlegging av medverkingsaktørar (jf. kapittel 2.1.2), og utarbeidar ein likande framgangsmåte for landskapsressursanalysen. Ein kan på denne måten ha større sjans for å få eit godt og representativt utval av deltakarar i analyseprosessen, samt legge opp til strategiar for å få til ein effektiv medverkingsprosess som er mogeleg å gjennomføre.

**TYDLEGGJERE ROLLA TIL FAGFOLKA I LANDSKAPSRESSURSANALYSEN.** Dersom fagfolk blir for ivrige på grunn av god oppslutning og gode innspel frå medverkarane, er eg redd for at dei kan gløyme at dei er fagfolk. Som tidlegare nemnt, er rolla som prosesskoordinator ei ny rolle for planleggaren. For mange fagfolk kan dette by på ein del utfordringar. Det er viktig at fagfolka hugsar på at dei både er koordinatorar og pådrivarar i samanheng med medverking, men at dei også har ansvaret for det faglege innhaldet i produktet. Ein god forvaltar av landskapsressursanalysen må takle fleire roller, og finne ein balanse som er fagleg forsvarleg. Produktet må ha ein slik fagleg kvalitet at tilrådingane, strategiane og aktuelle tiltak er forsvarlege ut i frå eit berekraftig perspektiv. Fagfolka må ikkje la seg "blende" av medverkingsprosessen. Dersom det kjem fram moment i innspela som ikkje er i tråd med fagleg tilråding, kan det vere ein moglegheit å legge fram båe i rapporten. Det må kome klårt fram kva som er fagleg tilråding og kva som er innspel frå folk flest.

**GJERE FOLK MEDVITNE .** I forkant av ei landskapsressursanalyse hadde det vore ein styrke for gjennomføringa at folk var meir medvitne om prosessen: Kva går prosessen ut på? Kvifor gjennomfører ein ei analyse som dette? Korleis påverkar og involverar det folk? Auka medvit vil betre grunnlaget for god medverking. Som fylgje av medvit og medverking i analyseprosessen, kan det kome engasjement og interesse for å deltake i seinare planprosessar, samt i utvikling av landskap. Forhåpentlegvis vil fleire få innsikt i landskapsverdiar som er viktig å ta vare på gjennom vern eller kontinuerleg bruk . God informasjon tidleg i prosessen vil kunne hindre og avdekke misforståingar om at det fylgjer juridiske verknadar med analysen. I samband med gruppeprosjektet studentane ved UMB utførte hausten 2009, opplevde me at fleire folk hadde misforstått siktemålet med analyseprosessen. Nokre var redde for at resultatet av analysen – og regionalparken, skulle føre til ekspropriasjon av grunn og vern. Det var heilt andre siktemål enn kva som var tenkt. Årsaka til at denne misforståinga oppstod var liten, til ingen informasjon, til lokalsamfunnet om at det skulle gjennomførast ei analyse som dette. Sidan metoden var fersk og lite utprøvd var det også vanskeleg å forklare kva det gjekk ut på. Det var vanskeleg å gje ein god presentasjon av kva analysen medførte, noko som skapa misforståingar og grobotn for motstand



til gjennomføring og medverking. For Telemarkanalysen sin del var både landskapsressursanalysemetoden og regionalparkkonseptet nytt og under utprøving, både for fagfolka, kommunane og medverkingsaktørane. Det er samstundes vanskeleg å vite når ein skal gå ut å informere folk i slike uformelle prosessar. På bakgrunn av dette vil eg seie at til tidlegare folk får informasjon, til betre er det. Eg utelukkar sjansen for at metoden og temaet er så komplekst og annleis for folk flest at forståinga krev erfaring. Med andre ord må deltakarane kanskje lære ved å gjera, slik som mottoet er i 4H<sup>13</sup>. Dette er i så fall eit viktig argument for at erfaringar med å bruke landskapsressursanalysen som metode blir tilgjengleg for andre som skal ta metoden i bruk.

## 7.6 FRAMTIDSUTSIKTENE TIL LANDSKAPSRESSURSANALYSEN SOM MEDVERKINGSBASERT METODE?

---

Sidan metoden tar opp trendar i samtida; medverkingstrong og omsyn til ny landskapsdefinisjon, er metoden eit godt utgangspunkt for framtida. Dersom metoden klarar å synleggjere auka medvit om temaet landskap, og forvaltninga av landskapsverdiar og kvalitetar blir mindre konfliktfylt, vil metoden stå sterkt. Medvitet som prosessen og analyseproduktet medfører vil ha store sjansar for å skape eit sterkare engasjement kring landskapstema i framtida. Landskapet kan bli enklare å forsvare og ta vare på med ei landskapsressursanalyse. Dersom metoden, etter utprøving og justering, får den merksemda han fortener blant fagfolk, kan det vere eit godt analyseverktøy å ta i bruk i fleire situasjonar.

Sjølv om landskapet er ein ikkje- prissett konsekvens i samband med konsekvensutredningar, kan synleggjering av potensiell verdiskaping gjere det enklare å forsvare landskapet i konfliktsaker. Dette er viktig for å få ei berekraftig utvikling. Samstundes kan involveringa av folk flest gjere til at fleire får eigarkjensle til landskapet, noko som igjen kan medføre til eit større engasjement for landskapet. I fylgje Jones (2007) genererer engasjement frivillig arbeid. Engasjementet gjev dermed moglegheiter for at fleire vil ta i eit tak for at landskapet skal gå i retning av berekraftig utvikling, med både bruk og vern.

Det som vil bli avgjerande for framtidsutsiktene til metoden er at utviklarane utarbeide ei rettleiing for innhaldet i analysen og gjennomføringa. Før dette blir gjort bør prosessane som har basert seg på bruk av metoden, evaluerast og dokumenterast. Analysemetoden bør så bli justert på bakgrunn av evalueringane. Rettleiinga bør også omfatte erfaringar frå prosessar, i tillegg til å skildre metoden, bruksområde, fordelar, ulemper, moglege kombinasjonsmetodar og referansar til gjennomførte prosjekt, gode og mindre vellukka. Dette vil vere avgjerande for

---

<sup>13</sup> 4H Noreg er ein landsomfattande, ideell barne- og ungdomsorganisasjon som er livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig. 4H Noreg er delt inn i regionale og lokale lag.

om fagfolk i privat og offentlig sektor vil kunne ta i bruk metoden. Med atterhald om at rettleiinga kjem, ser eg for meg at landskapsressursanalysemetoden har gode framtidsutsikter.

## 7.7 VIDARE ARBEID MED MEDVERKINGSBASERTE ANALYSEMETODAR

---

At landskapsressursanalysen legg opp til medverking er det ingen tvil om, og bør etter mi meining halde fram med det. Meir usikker er eg på kva grad av medverking det bør leggst til rette for. Eg ser for meg at vegen vidare med utarbeiding av medverkingsbaserte metodar, bør ta høgde for kva slags grad av medverking som er mest føremålsteneleg. Medverkingsmetodane i framtida bør vere klåre på kva grad av medverking det blir lagt opp til. Det bør testast ut kva som blir konsekvensane avhengig av om medverkinga er symbolsk eller reell.

Både i landskapskonvensjonen og planlovgjevinga framhevar ein aktiv medverking, men presiserar ikkje om ho skal vere symbolsk eller reell. Framtidig forskning innanfor fagfeltet meiner eg burde prøve ut ulike grad av medverking frå folk flest. Dette er naudsynt for å kunne stadfeste kva som er mest føremålsteneleg. Mitt forslag er å teste ut landskapsressursanalysemetoden med ulike grader av medverking. Dersom ein finn ut om kva som høver seg best i både kort- og langsiktigperspektiv, vil det kunne forsvare bruk av ressursar og vere grunnlag for å justere metoden.

Dersom ein testar ut ulike medverkingsgrader i fleire prosjekt, kan ein avdekke fordelar og ulemper med symbolsk og reell medverking. Vil prosessen og produktet ha større legitimitet blant folk flest dersom dei får samarbeide med konsulentane (jf. reell medverking etter Arnstein sin stige), og ikkje berre medverke gjennom samråding der lokalbefolkninga er viktige informasjonskjelder (jf. symbolsk medverking etter Arnstein sin stige)? Er det ein sjanse for at mange vil vere godt nøgde med og stolte av å vere viktige informasjonskjelder, både når det gjeld lokalkunnskap og egne opplevingar, (jf. landskapsressursanalysen)? I ei overordna analyse som i Telemark, er det vanskeleg å oppnå ei brei forankring hjå alle innbyggjarane, og i dette tilfelle kunne det ha vore eit alternativ å gjennomføre analyser, av ein mindre omfattande grad, for kvart enkelt delområde, der folk flest fekk ta del i arbeidet som kommunane kunne hatt leiinga av. Også i slike analyser ville det vore naudsynt med fagleg rettleiing. Understrekar dette trongen for at metoden ikkje burde bli nytta i prosjekt som har eit stort geografisk omfang, som Telemarkskanalen? Eller krev det berre meir tilpassing og fleire ledd i prosessen, for at metoden skal få til ei brei forankring og at resultatet blir forankra lokalt?

Ein føresetnad for forskinga er at dei ulike prosjekta anten fokuserar på reell eller symbolsk medverking. Etter utprøving vil ein kunne seie noko om kva som er best egna ut ifrå siktemåla med metoden, samt gjere ei vurdering av kva som vil vere den mest berekraftige løysinga med

tanke på framtida. Kva grad av medverking må til for at folk skal bli mobilisert til å ta del i utvikling av staden? Kva må til for at landskapsressursanalysen skal bli godt forankra i lokalbefolkninga, samstundes som det faglege innhaldet i analyser og planar vil vere berekraftig i eit langsiktig perspektiv? Eg hevdar at det er naudsynt med meir empiri og forskning for å kunne svare på dette spørsmålet.

## 8 KONKLUSJON

---

Hovudspørsmålet som var utgangspunkt for teori- og eksempelstudiet, var kvifor og korleis det er blitt lagt til rette for medverking i norsk landskapsplanlegging. Eg vil starte å svare på kvifor ein legg til rette for medverking: Ein kan ein slå fast at internasjonal framvekst av medverking i planlegging har påverka norsk samfunnsplanlegging og landskapsplanlegging frå om lag 1980. Denne framveksten kom fordi det moderne samfunnet ikkje godtok, og var misnøgde med, den instrumentelle planlegginga som omfatta ekspert planlegging og styringa ”ovanifrå og ned”, (ei av to hovudretningar i planlegginga). Etter kvart fekk ein difor tankar om at planlegginga burde involvere folk flest, og kommunikativ planlegging vart ein realitet frå om lag 1980, (den andre hovudretninga innan planlegging).

Etter den tid har medverking og kommunikativ planlegging fått auka merksemd. Då den europeiske landskapskonvensjonen trådde i kraft i 2004, gav det fornya merksemd for medverking i landskapsplanlegging. Medverking har også blitt framheva i samband med formelle prosessar, gjennom plan- og bygningslova av 2008. Ein viktig heimel er at alle som fremjar planforslag skal legge til rette for medverking. Både landskapskonvensjonen og plan- og bygningslova påverkar norsk forvaltning og planlegging av landskap. Ei direkte fylgje av at norske styresmakter ratifiserte den europeiske landskapskonvensjonen, har fått fagkyndige innan landskapsplanlegging til å utvikle framgangsmåtar som legg til rette for medverking. Eg held difor fram med å svare på korleis det har blitt lagt til rette for medverking i landskapsplanlegging.

Gjennom eksempelstudiet mitt presenterte eg ein medverkingsbasert analysemetode; landskapsressursanalyse som har vokse fram for å tilfredstille siktemål i landskapskonvensjonen; kravet om aktiv medverking. Samstundes har endringane i landskapsperspektivet; frå eit vernefokus på 70- talet til, integrert forvaltning, planlegging og utvikling av landskap på 2000-talet, med regionalparkar som balanseskapande tiltak mellom bruk og vern, vore grobotn for utvikling av denne metoden. Landskapsressursanalysemetoden er eit konkret døme på korleis fagkyndige legg til rette for medverking i landskapsplanlegging, og der folk flest aktivt kan bli ein del av planlegging, forvaltning og utvikling av landskap. Deltakarane i landskapsressursanalysen vil særleg gjennom arbeidet med stadkjensle vere aktiv medverkande når dei synleggjer korleis dei opplever og brukar landskapet sitt. Eg hevdar at metoden tar omsyn til landskapskonvensjonen sine føringar om aktiv medverking, auka medvit blant folk flest angåande landskapstemaet særleg fordi det tar omsyn til konvensjonens sin menneskeorienterte landskapsdefinisjon. Det eg saknar med metoden er ei klargjering av

kva slags grad av medverking det er ein legg opp til. Det er verd å merkje seg at den medverkinga som det blir lagt til rette for, ikkje naudsynt er reell.

I ljøs av planleggingsteorien og medverkingsstigen til Arnstein(1969) plasserar eg landskapsressursanalysemetoden på samrådstrinnet, trinn fire. Det vil i fylgje Arnstein seie at metoden legg opp til symbolsk medverking. Eg er open for å diskutere om det er symbolsk eller reell medverking som er mest fordelaktig for metoden. Det er ei trong for empiri og forskning på symbolsk og reell medverking, i forhold til fordelar og ulemper med dei forskjellige. Eg ser det som naudsynt å auke medvitet om at ulike grader av medverking vil vere avgjerande for gjennomføring, forankring, fagleg kvalitet og ressursbruk. Forvaltarar av metoden bør, slik eg ser det, klårgjere for kvart prosjekt kva grad av medverking ein legg opp til, sidan metoden er dynamisk lagt opp. Like viktig er det at medverkingsaktørane blir merksame på kva medverkinga omfattar, slik at ein kan unngå misforståingar og uinnfridde forventningar.

I forhold til planleggingsteorien og modellen til Friedmann (1987:76) har eg kome fram til at landskapsressursanalysemetoden ikkje let seg plassere inn i ein spesifikk tradisjon, men at han hentar element frå analyse-, reform, lærings- og mobiliseringstradisjonen. Det er eit døme på at teori og praksis ikkje alltid kan plasserast i same oppsett. Metoden viser at ein i praksis nyttar seg av element frå fleire tradisjonar og teoriar, for å få til eit betre resultat. Dette tilsvarar tankar frå planleggingsteorien der Hudson og Etzioni framhevar fordelane med å kombinere ulike teoriar og tradisjonar.

Eg meiner landskapsressursanalysemetoden har kvalitetar som bør vidareførast, også særleg tanken om at folk flest skal kunne medverke aktivt allereie i ein analyseprosess. Medverkinga som skjer her er uavhengig av krava i plan- og bygningslova sidan det er ein uformell prosess, men supplerar heilt klart folk flest sin moglegheit for å påverke eigen situasjon. Metoden bør få den merksemda han fortener etter at utviklarane har justert og tilpassa framgangsmåten på bakgrunn av empiri. Eg vil igjen framheve trongen for å definere kva slags funksjon medverkingsaktørane skal ha og graden av deltaking ein legg opp til. Metoden bør halde fram med identifiseringa av aktuelle medverkingsaktørar, men med eit sterkare fokus på å få eit godt og representativt utval. Ikkje minst er det naudsynt å vere klar over at medverkingsprosessar kan "blende" fagfolk frå å gjere eit fagleg forsvarleg arbeid. Metoden må difor bli nytta av fagfolk som både rår over rollene som ekspert og prosesskoordinator. Trass i trongen for å justere metoden, er eg viss på at landskapsressursanalysen er eit viktig og naudsynt bidrag til norsk landskapsplanlegging. Eg ser på metoden som særeigen på grunn måten den involverar folk gjennom stadkjensle arbeidet, i tråd med den europeiske landskapskonvensjonen sine siktemål og definisjon av landskap.

## REFERANSAR

- Aaraas, J., Gundersen, K. M., Sæverud, H. P. & Reinskås, B. J. (2009). *Landskapsressursanalyse av landskapet fra Dalen til Ulefoss: Telemarkskanalen, nedstøva nasjonalt klenodium eller framtidig regional ressurs?* Ås: UMB, Insitutt for Landskapsplanlegging,. 13 s. Upublisert manuskript.
- Adam, J. & Veggeland, N. (1998). *Teorier om samfunnsplanlegging*. 2 utg. Oslo: Universitetsforlaget. 261 s.
- Adam, J. & Adam, R. (2000). *Kommunikativ planlegging: Regional planlegging som reiskap for organisasjons- og samfunnsutvikling*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Adam, R. (2005). *Planlegging som handling*. Oslo: Universitetsforlaget 260 s.
- Arnesen, O. E. (2000). *Partners in conservation? Participation in natural resource management*. NIBR report 2000:2. Oslo: Norwegian Institute for Urban and Regional Research. 129 s.
- Arnstein, S. R. (1969). A Ladder of Citizen Participation. *JAIP*, 35 216-224.
- Aune, L., Foss, N. & Skåra, B. B. (2001). *Fellesskap for utvikling. PLA- medvirkning i praksis*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Bae, B. (2006). Perspektiver på barns medvirkning i barnehage. I: Kunnskapsdepartementet (red.) *Temahefte om barns medvirkning*, s. 80. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Banfield, E. C. (1959). Ends and Means in Planning. I: Faludi, A. (red.) b. 7 *A Reader in Planning Theory*, s. 139-150. Oxford: Pergamon Press.
- Berg, N. G. & Dale, B. (2004). Sted- begreper og teorier. I: Berg, N. G., Dale, B., Lysgård, H. K. & Löfgren, A. (red.) *Mennesker, steder og regionale endringer*, s. 39-60. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Bjørnstad, K. (2009). Prosjektnotat. Stadkjensleprosjektet - Ornes 2008/2009. Del av Fagrapport for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune. *Notat 01-2009*. Aurland: Aurland Naturverkstad AS. 8 s.
- Brockett, S. & Vide, E. d. (1991). *Deltakelse og Innflytelse- Om medvirkning i kommunal planlegging*". Oslo: Miljøverndepartementet.
- Brunetta, G. & Voghera, A. (2008). Evaluating Landscape for Shared Values: Tools, Principles, and Methods. *Landscape Research*, Vol.33: 71-87.
- Bruun, M. (1996). *Landskapsbildet i norsk naturforvaltning*. Ås: Institutt for landskapsplanlegging, Norges Landbrukshøgskole.
- Butters, C. (2002). Forord ved Norske Arkitekter for Bærekraftig Uvikling, NABU. I: Farner, A. (red.) *Verksted som verktøy i plan- og utviklingsprosesser. En veileder for prosessedere*, s. 3-5. Oslo: Kommuneforlaget.
- Clemetsen, M. & Krogh, E. (2005). *Naturvern til gagn for bygda*. Ås: Aftenposten. Tilgjengelig fra: <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/article1022670.ece> (lest 15.februar).
- Clemetsen, M. (2009a). *Landskapsanalyse Telemarkskanalen. Innledende øvelse til arbeidet i kommunene*. Regionalparksamling nr 1, 16.-17. juni 2009. Norsjø Hotell: Telemarks Fylkeskommune. Tilgjengelig fra: [http://www.telemark-fk.no/ITF-TFK/add/KnGWebsider.nsf/.XAppWPLookupNewsByUniversalID/DBD8C8F7625F61CBC12576010043F9C7/\\$FILE/Morten%20-%20C3%B8velse.pdf](http://www.telemark-fk.no/ITF-TFK/add/KnGWebsider.nsf/.XAppWPLookupNewsByUniversalID/DBD8C8F7625F61CBC12576010043F9C7/$FILE/Morten%20-%20C3%B8velse.pdf) (lest 10.april ).
- Clemetsen, M. (2009b). *Landskapsressursanalyser verktøy for integrert stedsutvikling og forvaltning*. Notat. Tilgjengelig fra: <http://www.ks.no/PageFiles/5853/analysetelemark.pdf> (lest 26.mars).
- Clemetsen, M. & Knagenhjelm, T. K. (2009). *Landskapsressursanalyse for Trillemarka-Rollagsfjell. Rapport 05-2010*. Aurland: Aurland Naturverkstad AS. 40 s.
- Clemetsen, M. & Knagenhjelm, T. K. (2010). *Landskapsressursanalyse – "Telemarkskanalen som regionalpark" (utkast). Rapport 01-2010*. Aurland: Aurland Naturverkstad. 100 s.
- Clemetsen, M. A., Grønningsæter, T. D., Sjong, M. L. D., Gaukstad, E. R. & Vindedal, K. R. (2010). *Landskapsanalyse. Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi. Versjon februar 2010*. Oslo: Aurland Naturverkstad AS, Direktoratet for

- Naturforvaltning og Riksantikvaren,. Tilgjengelig fra:  
